



Innkalling av Alver kommunestyre

Møtedato: 25.03.2021

Møtestad: Teams

Møtetid: 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 12:00 Generalforsamling Meland utbyggingselskap

Sakliste

Saknr	Tittel
024/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/21	Godkjenning av møteprotokoll
026/21	Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning
027/21	2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl.
028/21	Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006
029/21	Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004
030/21	Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal
031/21	Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
032/21	Ungdomsrådmidlane - Endring retningslinjer
033/21	Gjennomføring og finansiering av E39 Oval rundkjøring , kommunal del
034/21	Investeringsbudsjett 2020 – framdriftsjustering og rammejustering
035/21	Handtering av tilbakeføring frå KLP
036/21	Miljøløftet - prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og lokale belønningmidlar
037/21	Forskrift om slamtømming i Alver kommune
038/21	Kulturminner i Alversund - løe og lemstove
039/21	Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune
040/21	Høyring - Demografiutvalet. Det handler om Norge
041/21	Høyringsuttale regional plan for innovasjon og næringsutvikling
042/21	Medlemskap Klimapartner Vestland
043/21	Samarbeidsavtale Invest in Bergen og Etablerersenteret
044/21	DigiVestland – samarbeid om digitalisering i Vestland
045/21	Stillingsstopp

046/21	Stortings- og sametingsvalet 2021
047/21	Delegering av mynde i samband med stortings- og sametingsvalet 2021
048/21	Melding/orientering til kommunestyret 25.03.2021
049/21	Spørsmål/interpellasjon til kommunestyret 25.03.2021

18. mars 2021

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID>32T

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 18.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

24.02.2021 Protokoll - Alver kommunestyre - 18.02.2021

1517225



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 18.02.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 19:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hettlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Thea Risøy	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Thore Helland	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	UAVH	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem

Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP møtte delar av møtet	Jon Askeland
Henning Fyllingsnes	H	
Erlend Nævdal	UAVH	Svein Hagesæter
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	
Marie Morken	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogue Haugsdal-kommunalsjef, Line Merete Valle-eigedomssjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Melding/orientering frå kontrollutvalet
004/21	Årsmelding 2020 - Alver kontrollutval
005/21	4.gongs handsaming - Meland kyrkjegard, gbnr. 316/31 mfl. PlanID 125620180002
006/21	Reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse - Moldekleiv og Fossekrysset - 2 gangs handsaming
007/21	Midlar til dekking av kommunal del ved søknad om trafikksikringstilskot frå Vestland fylkeskommune
008/21	Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024
009/21	Framlegg til grunnavtale med Nordre Holsnøy Idrettslag, Leirdalen
010/21	Svar på krav om lovlegkontroll i kommunestyresak 145/20
011/21	Ny forskrift om tildeling av langtidsopphald
012/21	Retningslinjer for handsaming av Startlån
013/21	Søknad om godkjenning til å søkje startlånmidlar 2021 frå Husbanken
014/21	Tilleggsfinansiering prosjekt 34046 Holmeknappen – Tveit Vatn, 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit

- 015/21 Streaming av politiske møte - endring av reglement
- 016/21 Årsmelding - Rådet for menneske med nedsett funksjonsemne (RMNF) i Alver
- 017/21 Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2019-2020
- 018/21 Innbyggjarframlegg - Fortau frå Blåklokka barnehage til Tveit veikryss
- 019/21 Søknad om fritak frå politiske verv
- 020/21 Melding/orientering til kommunestyret 18.02.2021
- 021/21 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 18.02.2021
- 022/21 Søknad om permisjon frå politiske verv
- 023/21 Søknad om fritak frå verv som jordskifte meddommar

001/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 001/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

002/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 002/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

003/21: Melding/orientering frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Behandling:

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KO- 003/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

004/21: Årsmelding 2020 - Alver kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2020 frå Alver kontrollutval vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KO- 004/21 Vedtak:

Årsmelding 2020 frå Alver kontrollutval vert teke til orientering.

**005/21: 4.gongs handsaming - Meland kyrkjegard, gbnr. 316/31 mfl. PlanID 125620180002
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**Alternativ 1

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

Alternativ 2

«Alver kommunestyre godtek at følgjande endringar i planforslaget kan gjerast for at motsegnet frå Vestland fylkeskommune kan trekkast;

- Ny kommunal veg med begrensa bruk til Bjørnestad o_SV3 skal opparbeidast med grasarmering.
- O_SV1 skal framleis vera primær veg utanom dei dagar det vert halde tilstellingar i kyrkja. Gangareal o_SGG1 vert endra til arealformål for veg.
- Ny tilkomst for drift via kyrkjemuren i nordvest vert teke ut av planen. Dagens tilkomst for drift, via fylkesvegen i sørvest, kan nyttast ved at ein fjerner symbol for stenging av avkøyrsløse i plankartet. Dagens tilkomst kan ikkje utvidast eller endrast.
- Skilt som viser til alternativ veg o_SV3 skal oppførast i nord og sør for o_SV1. Skilta avdukast ved tilstellingar i kyrkja og dekkast til igjen etter endt arrangement.

Revidert planforslag for Meland kyrkjegard skal fremmast til Alver kommunestyre for endeleg vedtak av godkjent plan. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11 og 12-12»

Utval for areal, plan og miljø 20.01.2021:**Handsaming:****Fellesframlegg v/Ingrid Fjeldsbø-H:**

Utval for areal, plan og miljø tek saka til orientering og ber administrasjonen greie ut meir i alternativ 2. knytt til konsekvenser angående drift og økonomi, før saka kjem til kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 010/21 innstilling:

Utval for areal, plan og miljø tek saka til orientering og ber administrasjonen greie ut meir i alternativ 2. knytt til konsekvenser angående drift og økonomi, før saka kjem til kommunestyret.

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming:****Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:**

Alternativ 1:

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»
Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 005/21 Vedtak:

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

006/21: Reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse - Moldekleiv og Fossekrysset - 2 gangs handsaming

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, PlanID. 1256 2016 0012, som vist på plankart sist datert 20.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.01.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 03.02.2021:

Handsaming:

Orientering til saka ved Paul Skarsvåg-Rambøll og Vigdis Berge-Multiconsult Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 017/21 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, PlanID. 1256 2016 0012, som vist på plankart sist datert 20.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.01.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå APM vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Riise-MDG, M.Morken-SV og H.Weber-R)

KO- 006/21 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, PlanID. 1256 2016 0012, som vist på plankart sist datert 20.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.01.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

007/21: Midlar til dekking av kommunal del ved søknad om trafikksikringstilskot frå Vestland fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 008/21 innstilling:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg ved S.Toff-V:

Innstillinga frå formannskapet med følgjande endring:

Søknad om tiltak nr 3: Prosjektering senke kommunal veg mot kryss og utbetre Elsåskryssset mot FV Lurevegen, vert trekt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 007/21 Vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Søknad om tiltak nr 3: Prosjektering senke kommunal veg mot kryss og utbetre Elsåskryssset mot Fv. Lurevegen, vert trekt.

008/21: Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

Ungdomsråd 01.02.2021:

Handsaming:

Orientering i saka v/Sigrid Fivelstad

UR- 004/21 uttale:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Sigrid Fivelstad-konsulent Kultur

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 005/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 008/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

009/21: Framlegg til grunnavtale med Nordre Holsnøy Idrettslag, Leirdalen**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til grunnavtale for del av Leirdalen idrettsanlegg, gnr 343, bnr 132, mellom Alver kommune og Nordre Holsnøy Idrettslag vert godkjent slik den ligg føre.

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming:**

Anne Grete Eide-AP stilte spørsmål om habilitet, som styremedlem i Nordre Holsnøy Idrettslag. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil i denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 009/21 Vedtak:

Framlegg til grunnavtale for del av Leirdalen idrettsanlegg, gnr 343, bnr 132, mellom Alver kommune og Nordre Holsnøy Idrettslag vert godkjent slik den ligg føre.

010/21: Svar på krav om lovlegkontroll i kommunestyresak 145/20**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Betalingsordninga som gjaldt for elevar i tidlegare Åsheim skulekrins er avslutta.

Elevane byrjar frå hausten 2021 på Lindås barneskule som er deira nærskule i Alver kommune.

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming:****Tilleggsframlegg frå AP, KrF, H, R, V og Øvreås-FrP ved Ø.Oddekalv-AP:**

Kommunestyret viser til budsjettvedtak 172/20 og vil presisere at elevane som skal starte på 10. trinn hausten 2021 skal få fullføre opplæringa si på Kaland skule.

Uavhengig av formulering av vedtak og med bakgrunn i sakens realitetar kan ikkje kommunestyret sjå at vedtak om samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins, sak 145/20, med presisering av vedtaket i sak 010/21, inneheldt manglar som medfører at vedtaket er ulovleg. Krav om lovlegkontroll vert send til statsforvaltaren for handsaming.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 25 røyster mot 21 (M.Morken-SV, M.I.Wergeland-SP, Y.Walaker-UAV, S.Sekkingstad -SP, L. Hopland van der Kooij-SP, L. Johnsen-MDG, T. Sletten-Hansen-UAV, S. Knudsen-SP, S. Hopland-UAV, J. Hellestveit-SP, V. Villanger-SP, R. Bø-FrP, M. Klementsens-UAV, H. Dale-UAV, J. Askeland-SP, L. Bjørge-SP, E. Nævdal-UAV, H. Breivik-UAV, M. Færø-UAV, M. Riise-MDG, T. Helland-UAV)

Tilleggsframlegget vart vedteke med 27 røyster, mot 19 røyster (M.Morken-SV, M.I.Wergeland-SP, Y.Walaker-UAV, S.Sekkingstad -SP, L. Hopland van der Kooij-SP, L. Johnsen-MDG, T. Sletten-Hansen-UAV, S. Knudsen-SP, J. Hellestveit-SP, V. Villanger-SP, R. Bø-FrP, M. Klementsens-UAV, H. Dale-UAV, J. Askeland-SP, L. Bjørge-SP, E. Nævdal-UAV, H. Breivik-UAV, M. Færø-UAV, T. Helland-UAV)

KO- 010/21 Vedtak:

Betalingsordninga som gjaldt for elevar i tidlegare Åsheim skulekrins er avslutta.

Elevane byrjar frå hausten 2021 på Lindås barneskule som er deira nærskule i Alver kommune.

Kommunestyret viser til budsjettvedtak 172/20 og vil presisere at elevane som skal starte på 10. trinn hausten 2021 skal få fullføre opplæringa si på Kaland skule.

Uavhengig av formulering av vedtak og med bakgrunn i sakens realitetar kan ikkje

kommunestyret sjå at vedtak om samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins, sak 145/20, med presisering av vedtaket i sak 010/21, inneheldt manglar som medfører at vedtaket er ulovleg. Krav om lovlegkontroll vert send til statsforvaltaren for handsaming.

011/21: Ny forskrift om tildeling av langtidsopphald

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune med merknader vert vedteken.

Eldreråd 01.02.2021:

Handsaming:

Leiar for forvaltningskontoret, Kari Hesjedal, orienterte om ny forskrift og dei endringane som er gjort.

Eldrerådet gav følgjande samrøystes uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 003/21 uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.02.2021:

Handsaming:

Erling Jacobsen sette fram følgjande framlegg til vedtak:

RMNF meiner at det i spesielle tilfelle må opnast for at pasientar som ikkje kan få eit forsvarleg tilbod i Alver må kunna tildelast plass i ein annan kommune - òg dersom dette vert dyrare enn å gje vedkomande institusjonsplass i Alver. For å illustrera kva dette kan handla om, nemner vi eit døme der ein døv brukar fekk institusjonsplass, men verken kunne kommunisera med tilsette eller med andre som budde der. Vedkomande burde i staden ha fått plass på ein sjukeheim i Bergen, der teiknspråk er det vanlege samtalspråket.

Eit av punkta i § 10 lyder no slik: "Dersom kommunen ikkje kan tilby opphald i sjukeheim innanfor kommunen, så skal kommunen vurdere kjøp av plass i nærliggande kommunar." Vi bed om at dette punktet får eit tillegg, og får denne ordlyden: "Dersom kommunen ikkje kan tilby opphald i sjukeheim innanfor kommunen, så skal kommunen vurdere kjøp av plass i nærliggande kommunar. Dette gjeld både dersom det ikkje er ledige plassar i kommunen, og dersom brukaren ønskjer plass på institusjon som er spesielt tilpassa brukarar med andre behov enn dei som kommunen kan dekkja. Slik tildeling skal òg kunna gjerast dersom kostnaden vert høgare enn ein tilsvarande plass i Alver kommune."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 003/21 uttale:

RMNF meiner at det i spesielle tilfelle må opnast for at pasientar som ikkje kan få eit forsvarleg tilbod i Alver må kunna tildelast plass i ein annan kommune - òg dersom dette vert dyrare enn å gje vedkomande institusjonsplass i Alver. For å illustrera kva dette kan handla om, nemner vi eit døme der ein døv brukar fekk institusjonsplass, men verken kunne kommunisera med tilsette eller med andre som budde der. Vedkomande burde i staden ha fått plass på ein sjukeheim i Bergen, der teiknspråk er det vanlege samtalspråket.

Eit av punkta i § 10 lyder no slik: "Dersom kommunen ikkje kan tilby opphald i sjukeheim innanfor kommunen, så skal kommunen vurdere kjøp av plass i nærliggande kommunar." Vi bed om at dette punktet får eit tillegg, og får denne ordlyden: "Dersom kommunen ikkje kan tilby opphald i sjukeheim innanfor kommunen, så skal kommunen vurdere kjøp av plass i nærliggande kommunar. Dette gjeld både dersom det ikkje er ledige plassar i kommunen, og dersom brukaren ønskjer plass på institusjon som er spesielt tilpassa brukarar med andre behov enn dei som kommunen kan dekkja. Slik tildeling skal òg kunna gjerast dersom kostnaden vert høgare enn ein tilsvarande plass i Alver kommune."

Utval for helse og omsorg 02.02.2021:

Handsaming:

Leiar ved Forvaltningskontoret, Kari Hesjedal, orienterte om ny forskrift.

Else Marie Skartveit Dale (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg - under pkt 10 Val av sjukeheim:

Dersom personar med spesielle behov, f.eks døve eller blinde, har behov for langtidsopphald, og kommunen ikkje kan dekkja det spesielle behov desse personane har, kan desse personane, etter fagleg vurdering og personen sitt ynskje, få langtidsopphald i ein annan kommune som har tilbod som dekkjer desse behova. Personen sjølv skal ikkje belastast for ekstra kostnader dette medfører for kommunen.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes Else Marie Skartveit Dale sitt tilleggsframlegg

HO- 003/21 innstilling

Framlegg til ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune med merknader vert vedteken.

Tillegg under pkt 10 Val av sjukeheim:

Dersom personar med spesielle behov, f.eks døve eller blinde, har behov for langtidsopphald, og kommunen ikkje kan dekkja det spesielle behov desse personane har, kan desse personane, etter fagleg vurdering og personen sitt ynskje, få langtidsopphald i ein annan kommune som har tilbod som dekkjer desse behova. Personen sjølv skal ikkje belastast for ekstra kostnader dette medfører for kommunen.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Endring i innstillinga frå HO under § 10, Val av sjukeheim, frå SP, Ap, Krf,H ved E.M.Dale-KRF:

Dersom Alver kommune ikkje har spesialkompetanse i sine sjukeheimar for t.d. blinde og døve, så skal kommunen søkja langtidsplass i andre kommunar for personar med slike spesielle behov, dersom brukar ynskjer dette. Alver kommune dekkjer langtidsplassen.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KO- 011/21 Vedtak:

Framlegg til ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune med merknader vert vedteken med følgjande tillegg:

Dersom Alver kommune ikkje har spesialkompetanse i sine sjukeheimar for t.d. blinde og døve, så skal kommunen søkja langtidsplass i andre kommunar for personar med slike spesielle behov, dersom brukar ynskjer dette. Alver kommune dekkjer langtidsplassen.

012/21: Retningsliner for handsaming av Startlån

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek retningsliner for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå A.Byrknes-KRF:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 007/21 innstilling:

Kommunestyret vedtek retningsliner for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka med følgjande tillegg:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå AP ved S.Hauge-AP:

Som innstilling frå formannskapet, med endring i første kulepunkt med følgjetekst.

Endring:

Alver kommune prioritera barnefamiljar og personar som har delt omsorg og/eller samværsrett med barn.

Videre skal Husbanken sine retningsliner for utlån også nyttast som argument og grunnlag i vurdering av saker.

Framlegget fekk 8 røyster og fall (A.G. Eide-AP, S. Hauge-AP, T. Øvretveit-FrP, J.Borlaug -AP, N. Bognøy-AP, K. Floen-AP, T. Skurtveit-AP, Ø. Oddekalv-AP)

Framlegg frå H, SP og KRF ved T.Larsen-H:

Endring første punkt:

Alver kommune prioriterer barnefamiljar.

Personar i sårbare livssituasjonar vert også høgt prioritert, etter ei konkret og individuell vurdering.

Framlegget vart vedteke med 45 røyster, mot 1 (S.Hauge-AP)

Framlegg frå M.Klementsens-Uavh.:

Alver kommunestyre vedtar å følge Husbankens reglement når det gjeld Startlånmidler.

Framlegget fekk 12 røyster og fall (M.Klementsens-Uav., S.Hopland-Uav., E.Nævdal-Uav., H.Dale-Uav., T.Sletten-Hansen-Uav., H.Breivik-Uav., S.Toft-V, M.Færø-Uav., S.Knudsen-Uav., H.Fyllingsnes-Uav., T.Helland-Uav. og Y.Walaker-Uav.)

Innstillinga frå formannskapet med endring vart samrøystes vedteke

KO- 012/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek retningsliner for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka med følgjande tillegg:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Endring første punkt:

Alver kommune prioriterer barnefamiljar.

Personar i sårbare livssituasjonar vert også høgt prioritert, etter ei konkret og individuell vurdering.

**013/21: Søknad om godkjenning til å søkje startlånmidlar 2021 frå Husbanken
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2021 på prosjekt 40002 Startlån til videreutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 110 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 006/21 innstilling:

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2021 på prosjekt 40002 Startlån til videreutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 110 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 013/21 Vedtak:

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2021 på prosjekt 40002 Startlån til videreutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 110 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

014/21: Tilleggsfinansiering prosjekt 34046 Holmeknappen – Tveit Vatn, 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjør 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kn»

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming

Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved N.M.Aadland-H:

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvisebilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Investeringsane finansierast med låneopptak

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 009/21 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjør 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kn»

Investeringsane finansierast med låneopptak

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvisebilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO- 014/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjer 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kr»

Investeringane finansierast med låneopptak

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 10 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent prosjektet.

Kommunen sitt revisjonsselskap skal gjennom revisjonsmelding sjå til at prosjektrekneskapen gir eit rettvisebilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet skal med bakgrunn i dette gi uttale til kommunestyret i saka.

015/21: Streaming av politiske møte - endring av reglement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.
2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.
3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 010/21 innstilling:

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.

2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.

3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Saken utsettes for å bli behandlet når pris for leieforhold i Helsehuset er fastsatt.

Framlegget fekk 11 røyster og fall (H.Weber-R, M.Klementsens-Uav., H.Dale-Uav., H.Breivik-Uav. E.Nævdal-Uav.og T.Sletten-Hansen-Uav., L.Johnsen-MDG, Y.Walaker-Uav., S.Hopland-Uav., T.Helland-Uav. og M.Morken-SV)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 38 røyster mot 7 røyster (H.Weber-R, M.Klementsens-Uav., H.Dale-Uav., M.Færø-Uav., H.Breivik-Uav. E.Nævdal-Uav.og T.Sletten-Hansen-Uav.) M.Morken-SV var ikke tilstades under røystinga.

KO- 015/21 Vedtak:

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.

2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.

3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

016/21: Årsmelding - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Alver Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.02.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 005/21 uttale:

Ingen merknader.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes vedteke

KO- 016/21 Vedtak:

Årsmeldinga vert teke til orientering.

017/21: Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2019-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Eldrerådet 2019-2020 vert teken til orientering.

Eldreråd 01.02.2021:

Handsaming:

Eldrerådet gav følgjande samrøystes uttale:

Eldrerådet har ingen merknad til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 005/21 innstilling:

Eldrerådet har ingen merknad til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå eldrerådet vart samrøystes vedteke.

KO- 017/21 Vedtak:

Årsmeldinga for Eldrerådet 2019-2020 vert teken til orientering.

018/21: Innbyggjarframlegg - Fortau frå Blåklokka barnehage til Tveit veikryss

Innbyggjarframlegget vert lagt fram til drøfting:

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg frå KRF, AP, SP og H ved A.AA.Byrknes-KRF:

Alver kommunestyre takkar for innbyggjarframlegget av 8.12.2020. Då dette er ein fylkesveg, vil kommunestyret sende framlegget til Vestland fylkesting og be om at det vert funne ei «god nok» løysing på denne saka.

Framlegget vart vedteke med 27 røyster, mot 17 røyster (10 Uav., L.Hopland van der Kooij-SP, S.Knudsen-SP, 2 MDG, 1 V, 1 R og 1 SV)

Roy Bø-Frp var ikkje tilstade under røystinga.

Framlegg S.Toff-V:

1 Kommunestyret gjer vedtak om å dekke prosjekteringskostnader for å laga byggjeplanog kostnadsoverslag for etablering av fortau fra Blåklokka barnehage til Tveit veikryss

Kostnadene skal dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Det vert lagt opp til at prosjektet kan vera klart til å søka om trafikkisikringsmidlar i løpet av 2021.

Framlegget fekk 17 røyster og fall (10 Uav., L.Hopland van der Kooij-SP, M.I.Wergeland-SP, 2 MDG, 1 V, 1 R og 1 SV)

Roy Bø-Frp var ikkje tilstade under røystinga.

KO- 018/21 Vedtak:

Alver kommunestyre takkar for innbyggjarframlegget av 8.12.2020. Då dette er ein fylkesveg, vil kommunestyret sende framlegget til Vestland fylkesting og be om at det vert funne ei «god nok» løysing på denne saka.

019/21: Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Konrad Risne innvilges ikkje permisjon frå møter i råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

Valnemnda 18.02.2021:

Handsaming:

Følgjande innspel er kome frå SAFO Sørvest og NFU 16.02.2021:

Jan Arild Lindaas blir fast medlem av RMNF for resten av valgperioden. Konrad Risnes beholder plassen som varamedlem.

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Kommunestyret viser til valet av Konrad Risnes som fast medlem av RMNF i desember 2020.

Sidan § 7-10 i kommunelova ikkje vart følgd ved dette valet blir det gjennomført nyval.

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Framlegget frå Ø.Oddekalv vart samrøystes vedteke.

VALN- 003/21 innstilling

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

KO- 019/21 Vedtak:

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

020/21: Melding/orientering til kommunestyret 18.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 020/21 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

021/21: Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 18.02.2021

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Spørsmål frå Sølvi Knudsen-SP:

Fylkesvegen frå Myrvollane til Meland er eit mykje brukt vegstrekk. Vegen er uoversiktleg med få møteplassar.

Dette vegstrekket vil verta ein svært viktig og mykje brukt veg når vegprosjektet Fosse-Moldekleiv kjem i gong. Sjølv om dette er fylkesveg bør Alver kommune føla ansvar for at det vert minst moglege ulempe både for persontrafikk og varetransport i anleggstida.

I dag pågår det eit stort kommunalt anleggsarbeid nær denne vegen. Spørsmålet til kommunen er følgjande:

Har Alver kommune vurdert å samhandla med Vestland fylke om fleire møteplassar på dette omtalte vegstrekket dersom kommunen har steinmassar til overs i samband med vassprosjektet?

For oss som køyrer denne vegen er det trong for å betra tafikktryggleiken i Grågotna, og tenkjer at det kanskje går an «å slå to fluger i ein smekk»

Vonar på ei god samarbeidsløysing.

Svar frå ordførar:

Per i dag har me ikkje vore i konkret dialog om dette med fylkeskommunen. Arbeidet langs Håtuttvegen følgjer reguleringsplan for området. Prosjektet har pr i dag massar som skal brukast i samband med vidare arbeid mot Grasdal og strekninga Myrvollane - Moldekleiv. Når desse massane er handtert vil det ikkje vere noko masseoverskot i prosjektet. Det er pr i dag ikkje sett av eigne midlar hjå kommunen til å evt opparbeide fleire møteplassar på strekninga Myrvollane – Meland.

Kommunen stiller seg positive til å ha dialog med VLFK om møteplassar og evt opparbeiding av fleire slike. Dette vil måtte sjåast i samanheng med eigedomstilhøve, regulerte områder og sjølvstøtt trafiksikkerheit.

Spørsmål frå Sølvi Knudsen-SP:

For kort tid sidan vart ein kjent med at bygdefolk i Vestbygd i gamle Meland bad om at ein i samband med leggjing av vassleidning fram til krysset ved Tveit la til rette for gåande og syklende langs dette vegstrekket som er fylkesveg.

Slik eg har forstått det vert bygdefolket høyrte og det vert moglegheit for gåande og syklende å ta seg fram langs dette strekket.

Det er svært bra.

Det pågår av og til tilsvarande arbeid langs kommunale vegar. No er det eit stort vassprosjekt frå det kommunale pumpehuset på Hestdal og til krysset ved vegen som går til Meland.

På slike vegstrekk får ein aldri noko fortau eller liknande utan at det vert knytt til slike prosjekt.

Mine spørsmål er difor:

* Har det vore vurdert å leggja til rette enkle løysingar for gåande og syklende på dette vegstrekket eller delar av det?

* Kva rutinar er det i Alver kommune i forkant av slike prosjekt. Vert det vurdert kva ein kan få gjort av forbetringar for eit område/bygder når ein skal planleggja store eller mindre prosjekt?

* Vert det arbeidd tverrfagleg mellom vass- og vegansvarlege, kultur og landbruk og dei som er ansvarlege på trafikktryggleik?

Dersom ein har ein god tverrfagleg arbeidsmodell i Alver kommune kan då ein slik modell også vera ein arbeidsmetode i samhandling med fylket vedk. prosjekt langs fylkevegane?

Svar frå ordførar:

* Har det vore vurdert å leggja til rette enkle løysingar for gåande og syklende på dette vegstrekket eller delar av det?

I prosjektet slik det vert bygd no er det ikkje vurdert g/s-veg eller fortau som del av det kommunale prosjektet. Det kommunale prosjektet omhandlar vatn og avløp knytt til det nye vannbehandlingsanlegget. Langs med fylkesvegen er det ikkje regulert inn areal til fortau eller gang- og sykkelveg. For å etablere lovleg g/s-veg må regulering og avklaringar opp mot VLFK på plass.

* Kva rutinar er det i Alver kommune i forkant av slike prosjekt. Vert det vurdert kva ein kan få gjort av forbetringar for eit område/bygder når ein skal planleggja store eller mindre prosjekt? *Gjennom reglement for investeringsprosjekt vil ein sikre at behovsavrøyingar i forkant av ei løyving av midlar tek for seg alle sider knytt til ei utbygging. Det vert lagt opp til brukargrupper og referansegrupper internt i kommunen og også med relevante eksterne partar. Slik er meininga at ein skal kunne fange opp synergjar på ein betre måte. Metodikken er ny for Alver, slik at ein del av dei pågåande prosjekta vi har gåande no ikkje har vore planlagt på denne måten i alle tilfeller. Økonomien vil i mange tilfeller også avgrense handlingsrommet,*

men dette skal no synleggjerast betre gjennom tidlegfasen (konseptfasen) av eit prosjekt.

* Vert det arbeidd tverrfagleg mellom vass- og vegansvarlege, kultur og landbruk og dei som er ansvarlege på trafikktryggleik?

Det vert arbeid på tvers i forvaltninga og samfunnsutvikling. Det er etablert felles fora for å kunne diskutere saker på tvers. I prosjekta er nemnde grupper (sjå over) også sett saman av ulike fagområder for å gjere samhandlinga og behovsvurderinga betre og meir heilskapleg. Dersom ein har ein god tverrfagleg arbeidsmodell i Alver kommune kan då ein slik modell også vera ein arbeidsmetode i samhandling med fylket vedk. prosjekt langs fylkevegane? Ja, mogelegvis kan ei tverrfagleg prosjektgruppe/samhandlingsgruppe fungere godt også opp mot eksterne partar som VLFK

Spørsmål frå Liv Hopland van der Kooij-SP:

I møte 31.okt. 2019 gjorde Alver kommunestyre følgjande vedtak i sak 017/19 :

«Med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste (mållova) § 5 første ledd skal Alver kommune ha nynorsk som målvedtak.

Alver kommune skal ha nynorsk som administrasjonsspråk.

Rådmannen kjem tilbake med sak om kva det skal inneberø»

Alver Senterparti etterlyser oppfølging av dette vedtaket, som me meiner bør føra fram til ein Målbruksplan for Alver kommune.

Kan ordføraren tidfesta oppfølging av vedtaket frå 2019 ?

Svar frå ordførar: XX

Interpellasjon frå Leif Johnsen og Maya Riise-MDG:

Forureining frå næringsverksemd i Nordhordland har kome sterkt i fokus i det siste, også nasjonalt. Equinorlekkasjane på Mongstad synest mest alvorleg, med Miljødirektoratet sterkt involvert. Omfanget av miljø- og helseisiko er uvisst. Så kom avdekkinga av den enorme dekkdumpinga ved Hjelmås kai. Men forureining med påvist mest alvorleg naturødelegging, er forgiftinga, nær utryddinga, av den levedyktige raudlista elvemuslingstammen i Mjåtveitelva så seint som i 2012.

Særleg det siste døme viser trist og tydeleg korleis miljøverniltak i lovverket ikkje hindrar forureining, at krav i Plan og bygningsloven kjem til kort. Etter muslingmassakren kravde fylket at forureining til elva «ikkje skal skjø», stammen skal reetablerast. Trass dette har forureining frå næringstiltak skjedd fleire gonger, og dei siste åra har kommunen stoppa verksemd der, ofte etter varsling og bekymringsmelding frå Mjåtveitelvens foreining (frivillig org.) Meland brukte regelverk i Plan og bygningsloven for å hindre forureining. Likevel skjedde forureining på nytt og på nytt, sist i des. 2020, då stoppa av Alver kommune. Ulike utbyggjarar har brote krava, utan at det har fått andre konsekvensar for dei enn midlertidig stopp, til avbøtande tiltak – som var nedsette i oppstartsløyve og skulle vore på plass - blei iverksette. Forureining skjer, gong på gong, forureinar betalar ikkje, naturen betalar. Ulovleg verksemd får ingen konsekvensar. Plan og bygningsloven hindrar ikkje forureining.

Denne historia viser at noverande praktisering av Plan og bygningsloven ikkje forhindrar forureining, eller at næringsaktørar opptre ulovleg, av uvit og mot betre vitande, og slepp frå det. Eit anna krav som ikkje fungerer er kravet om vassprøvar, som er lagt til tiltakshavar, eit bukken og havresekken ansvar. Meland hadde ikkje økonomi og kapasitet til å tas prøvane, heller ikkje til nok kontroll, tilsyn eller vedlikehald av avbøtande tiltak.

Dette er dyrekjøpte lærdommar frå miljøkriminalitet i Meland. No seier leiaren i Miljøavdelinga i Alver i høve dekkskandalen at avdelinga har mange alvorlegare saker, for liten kapasitet og må prioritere. Miljøkriminalitet får skjø.

Kan Plan og bygningsloven gi rom for ein strengare praksis? Kan sanksjonar settast inn straks den ulovlege aktiviteten vert påvist? Kan ein krevje at næringstiltak ikkje blir starta opp FØR krava om tiltak mot forureining er iverksette og godkjente?

På Mongstad og Mjåtveit gjeld det store operatørar; Equinor, Vassbakk og Stol og Prosjektstyring vest A/S. Dei har sjølv sagt både nærings- og miljøansvar, og samfunnsansvar på vegne av region og nasjon som seriøse og lovlidige aktørar, som forventast å følgje

spelereglane og sette standard for mindre aktørar som t.d. på Hjelmås. Ikkje det motsette. Miljøkriminaliteten på Mongstad og i Mjåtveitelva er internasjonalt kjente og kan svekke regionen sitt omdømme, og sjansane for å trekkje til seg framtidige grønne verksemder og arbeidsplassar.

Spørsmål til ordføraren:

1. Korleis vil ordføraren sikre at krav om tiltak mot forureining vert etterlevde av næringslivet? Kan kommunen t.d. innføre ei strengare praktisering av miljøkrav i Plan og bygningsloven?
2. Ser ordføraren trong for styrkje Avdeling for miljø og tilsyn og sette den betre i stand til hindre og avdekke forureining?

Svar frå ordførar:

Først litt om ansvar, oppgåver og mynde:

Forureiningslova inneheld ei tydeleg og generell plikt for den enkelte om å unngå forureining: ingen kan ha noko, gjere noko eller sette i verk noko som kan medføre fare for forureining – med mindre det er gitt løyve til det. Vidare er det den ansvarlege for forureininga som skal sørge for beredskap og iverksette tiltak dersom forureining likevel skjer.

Lov, forskrifter og rundskriv seier noko om kven som er forureiningsmynde og kan føre tilsyn:

- Miljødirektoratet
- Statsforvaltaren
- Kommunane

Miljødirektoratet og Statsforvaltaren har hovudtyngden av oppgåvene som forureiningsmynde, i lag med enkelte andre etatar som til dømes Kystverket.

Kommunane har mynde til å godkjenne utslepp frå mindre avløpsanlegg, fastsette forskrifter og gebyr for kommunal renovasjon, og pålegge den ansvarlege å rydde opp i forsøpling og avfall - eller å betale for å rydde opp. Den forvaltningsmessige delen med pålegg osv må følgje bestemte prosedyrar når det gjeld varsling, pålegg og klagerettar mm.

Kommunane har også ansvar for beredskap og utrykking i ein akutfase, i vårt tilfelle for ein stor grad ivaretatt av Nordhordland Brann og redning, og gjennom regionalt samarbeid i Interkommunalt utval for akutt forurensing (IUA).

Til spørsmål 1:

Statsforvaltaren fører tilsyn.

Kommunestyret sitt viktigaste verktøy er reglane i plan- og bygningslova knytt til utarbeiding av kommuneplanen, områdeplanar og detaljreguleringsplanar. Konsekvensutgreingar kan t.d. avdekke om det er grunn for å iverksette tiltak, innføre rekkefølgekrav, gje nærare reglar om kva type verksemder som passar i ulike område – eller fastsette andre rammer for utbygging. Det kan t.d. handle om kvar ein må vere ekstra varsomme, som aktivitet i nærleiken av drikkevasskjelder eller vassdrag. Enkeltvedtak etter plan- og bygningslova skal i prinsippet sikre at omsyna blir ivaretatt, men enkeltvedtaka kan ikkje sette strengare vilkår enn det som går fram av krava som er gitt i planane.

Til spørsmål 2:

Ved kommunesamanslåinga vart avdelinga Miljø og tilsyn oppretta, som eit nytt grep. Dette mellom anna for betre å kunne ivareta kommunen sine plikter etter forureiningslova med forskrift. Altså behandle utslepp frå mindre avløpsanlegg, medrekna tilsyn av slike utslepp, og gje pålegg om å rydde opp i forsøpling og avfall.

Arbeidet med plansaker og enkeltsaker etter plan- og bygningslova foregår ved andre avdelingar. I planprosessar og enkeltsaksbehandlinga ligg det største politiske handlingsrommet på dette området, knytt til å forbygge og hindre forureining.

Spørsmål frå Sveinung Toff-V:

I lokalavisene, seinast i Strilen den 12 februar les me om kor farleg det er når bilar sklir på isen og hamnar rett ut i fylkesveg 57 i det farlege Lauvåskrysset.

Den bratte vegen ned bakken gjer det til tider umogeleg å stoppa når det er kome snø og is i vegbana. Etter mi vurdering er dette eit livsfarleg kryss, som det hastar å få gjort nokre strakstiltak med snarast.

Spørsmålet er om Alver kommune har sett på saka, eller om kommunen har tenkt å ta initiativ for å få på plass strakstiltak no i vinter?

Svar frå ordførar:

I Lauvåskrysset møtes fylkesveg 57 Mongstadvegen og fylkesveg 5496 Risasjøvegen. Fylkesvegane er administrert, forvalta og drifta av Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen. Ordføraren kjenner ikkje detaljane omkring korleis oppgåvene og ansvaret er sortert regionalt, men Statens vegvesen har i hovudsak driftansvaret. Dette gjeld både for vinterdrift og sommardrift, og eventuelle forbedringstiltak som grøfting, grusing, tetting av hol. Meldingar om manglande eller ufullstendig oppfølging av brøyting og strøing går direkte til statens vegvesen frå brukarane / trafikkantane. Statens vegvesen har eige apparat som følgjer opp drifta og kontrollerer at standarden er i tråd med det vedtatte nivået.

Alver kommune har drifts- og vedlikehaldsansvaret for dei kommunale vegane, og har eit tilsvarande meldingssystem for dei kommunale vegane dersom innbyggjarane har noko dei ønskjer å melde frå om, enten det gjeld hol i vegen eller problem med snø og is.

Kommunen kan iverksette tiltak på eigne veger innafor tildelt budsjetttramme, men kommunen har ingen mynde til å iverksette tiltak på fylkeskommunale veger. Vestland fylkeskommune har totalansvaret for alle fylkeskommunane i heile fylket, og vurderer årlege tiltak på vegnettet i dei prosessane som gjeld for budsjettprosessane der.

022/21: Søknad om permisjon frå politiske verv**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Svein Hagesæter innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.2021.

Det veljas ikkje settemedlem

Valnemnda 18.02.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 004/21 Vedtak:

Svein Hagesæter innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.2021.

Det veljas ikkje settemedlem

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming**

Innstillinga frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Svein Hagesæter innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.2021.

Det veljas ikkje settemedlem

Innstillinga frå valnemnda vart samrøyste vedteke.

KO- 022/21 Vedtak:

Svein Hagesæter innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.2021.

Det veljas ikkje settemedlem

023/21: Søknad om fritak frå verv som jordskifteddommar**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rune Seim innvilges fritak frå vervet som jordskifteddommar i Nord- og Midthordland jordskifterett

Valnemnda 18.02.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 005/21 innstilling:

Rune Seim innvilges fritak frå vervet som jordskifteddommar i Nord- og Midthordland jordskifterett

Alver kommunestyre 18.02.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Rune Seim innvilges fritak frå vervet som jordskifteddommar i Nord- og Midthordland jordskifterett.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

KO- 023/21 Vedtak:

Rune Seim innvilges fritak frå vervet som jordskifteddommar i Nord- og Midthordland jordskifterett

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
026/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002.

Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020.

Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:

Handsaming:

Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svara på spørsmål.

Framlegg frå Malin Andvik-Krf:

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1 6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 033/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002.

Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020. Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12

Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1.6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut.

Føresegn blir omformulert i samsvar med det.

Politisk handsaming

- Saka har i fyrste høyringsperioden vore til orientering og for uttale i:
 1. Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Saka godkjennast for høyring og offentleg ettersyn og innstilling til kommunestyret:
 1. Plan- og miljøutvalet
- Saka skal avgjerast og vedtak om godkjenning i:
 1. Kommunestyret

Planprosess

Arbeidet med denne planendringa har gått over litt tid og mellom to planutval. Det har og vore to høyringar og

dels omfattande dialog både internt og eksternt. Arbeidet med plan og den pågåande gjennomføringa syner at det er mange interessentar, meiningar, tema og moglege løysingar.

Det ligg mykje bra i gjeldande plandokument og dialogen om utviklinga av Knarvik er spanande. Alle desse gode intensjonane, mogleheitene og potensiala klarar me ikkje å leggje til rette for eller løyse med eit plangrep. Samstundes syner det at transformasjon og store endringar av ein tettstad er utfordrande.

Bakgrunn

Områdeplan for Knarvik sentrum blei vedtatt i Lindås kommune i juni 2015. I tillegg blei det vedtatt ein gjennomføringsstrategi som konkretiserte kommunen si rolle i utviklinga av region- og kommunesenter.

Hovudmålet med områdeplanen er å utvikle Knarvik til ein attraktiv og grøn småby med bymessige strukturar og kvalitetar. Knarvik skal utviklast slik at dei gåande har ei klar prioritering og det skal bli tilrettelagt for handel, service, effektive parkeringsløysingar og gode byrom for aktivitet og sosialt samvære. Områdeplanen har eit langsiktig perspektiv og skal vere ein transformasjonsplan som skal bidra til å endre eller omforma den tettstaden vi kjenner i dag til eit meir attraktivt og tilgjengeleg region- og kommunesenter.

I tida etter godkjenning av planen i 2015 har kommunen jobba aktivt med å leggje til rette for utvikling av Knarvik. I gjennomføringsstrategien var det særleg lagt vekt på at kommunen må sikre seg kompetanse og ressursar på utbyggingsavtalar, dette er eit viktig verktøy for å avklare ansvar og roller i realisering av utbyggingsprosjekt. I tillegg har kommunen gjennomført planlegging og prosjektering av viktig infrastruktur som legg grunnlaget for byutviklinga. I løpet av 2020 er bygging av helsehus og sentral infrastruktur i full gang.

Det å transformere ein tettstad og byggje ein by er utfordrande. For å realisere aktuelle prosjekt i Knarvik må utbyggjarar ha ein utbyggingsavtale med kommunen, og dette blir avklart gjennom forhandlingar. Kommunen har vore i forhandlingar med fleire aktørar dei siste åra, og det er kome fram fleire utfordringar knytt til planen og som gjer det vanskeleg å realisere prosjekt i planen.

Ein sentral utfordring er oppbygging og struktur på rekkjefølgjekrava i områdeplanen. Dei er bygd opp på ein slik måte at det kan gje store variasjonar på det økonomiske bidraget frå dei ulike områda i planen. I tillegg er strukturen på rekkjefølgjekrava slik at det er vanskeleg å realisere felles infrastruktur der det er behov.

Rekkjefølgjekrava blir opplevd som komplisert og forhandlingar har tatt mykje ressursar og tid, både for kommune og for utbyggjarar. For å sikre ei betre gjennomføring av planen og ei meir lik fordeling av økonomisk bidrag, er det behov for å gjere endringar i føresegnene – og særleg knytt til måten rekkjefølgjekrav er bygd opp på.

Utsnitt frå Kvalitetsprogrammet – Helsehus og oval rundkøyring



Saksopplysningar:

Administrasjonen fekk som utgangspunkt eit arbeidsoppdrag frå planutvalet i Lindås kommune som rådmannen vil skildre slik:

- Det er eit politisk ønskje om at det vert gjort endringar i områdeplanen som skal ha som mål å forenkle forhandlingane om utbyggingsavtale og gjennomføring av rekkjefølgjekrava
- Vidare er det eit behov for å gjera endringar i føresegnene i områdeplanen. Dette gjeld mellom anna retting av feil, forenkle oppsettet i dokumentet, tydeleggjering av kva tiltak som er omfatta av rekkjefølgjekrav og ikkje mm
- Plan- og miljøutvalet ber administrasjonen om å legge fram ei sak der det vert gjort greie for kjende

utfordringar i planen når det gjeld rekkefølgekrev og endringar i føresegnene. Dersom det er andre forhold som er nødvendig for å få gjennomført planen, så må administrasjonen legge fram desse til vurdering

- Endringar av forhold som til dømes arealføremål, høgder på bygningar og utnyttingsgrad for dei ulike byggeområda er forhold som i utgangspunktet ikkje skal vera tema ved ei planendring

Oppstart av planarbeid om endring av Områdeplan Knarvik vart lagt fram for planutvalet i Lindås sak 016/19 den 13.2.2019. Saka skildra tre hovudval:

- Det fyrste var om arbeidet kunne gjerast som ei mindre endring eller om omfanget var av ein slik art at endringa måtte reknast som vesentleg. Konklusjonen vart vesentleg og det vidare arbeidet gjerast etter dei vanlege prosessreglane i plan- og bygningslova
- Det andre var at ein i denne omgang berre skulle endre føresegna og ikkje opne opp for endringar i plankartet
- Det tredje var val av modell for korleis krava om rekkjefølgje skulle endrast. Ønsket var krav om rekkjefølgje som gjer gjennomføringa av områdeplanen enklare, som bidreg til å forenkle og forkorte forhandlingane om utbyggingsavtalar og som gjev mindre skilnad i anleggsbidraget (m2/BRA-sum) mellom dei ulike utbyggjarane og som aukar kommunens gjennomføringskraft

Med denne bakgrunnen vart plankartet retta opp i høve til nokre konkrete feil medan føresegna vart vesentleg omarbeida. Framlegg til endra plan vart lagt fram for utval for areal-, plan- og miljø i møte den 10.6.2020, sak 097/20. Utvalet vedtok at framlegget skulle leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn. Framlegget til endra plan har i seg mange detaljar, men rådmannen vil særleg vise til to tilhøve.

1. Det eine er endring i status på plandokumenta. Tidlegare var det ei blanding der det låg element av juridisk binding i fleire av plandokumenta. Ved endring no vil plandokumenta vere delt i 3 grupper. Områdeplan for Knarvik omfattar følgjande dokument som utfyller kvarandre:

- a. Juridisk bindande

1. Plankart
2. Føresegner

- b. Gjev ramme for innhald, kvalitet og utforming

3. Planomtale
4. Illustrasjonsplan
5. Kvalitetsprogram
6. Grøne punkt
7. Grøn overflatefaktor

- c. Tydeleggjer detaljert formgjeving og innhald i offentlege gater og byrom

8. Gatebruk- og lysplan
9. Offentlege gater og uterom (Skisseprosjekt)

- Juridisk bindande

1. Plankart
2. Føresegner

- Gjev ramme for innhald, kvalitet og utforming

1. Planomtale
2. Illustrasjonsplan
3. Kvalitetsprogram
4. Grøne punkt
5. Grøn overflatefaktor

- Tydeleggjer detaljert formgjeving og innhald i offentlege gater og byrom

1. Gatebruk- og lysplan
2. Offentlege gater og uterom (Skisseprosjekt)

- Det har vidare vore ein del av oppdraget frå planutvalet at endringane skulle bidra til å lette gjennomføringa av planen. Rådmannen vil gjere synleg nokre hovudpunkt som kan bidra i denne

samanheng:

- d. Tydeleg kva som er juridisk bindande (pkt. 1.3)
 - e. I større grad leggje vekt på eit tiltak sitt bidrag til gjennomføring av plan i si heilskap i vurderinga av plan eller dispensasjon i eit delområde (pkt. 1.6.2)
 - f. Utomhusplan vert viktigare verktøy som syner tiltak og korleis kvalitetskrav er teken i vare (pkt. 1.9.6)
 - g. Målsetjinga med omforminga av krava om rekkjefølgje (kap. 2) er at dei lettare skal kunne tilpassast dei einskilde prosjekta/delområde
 - h. Omfang av tiltak på inntil 30.000m² er endra frå rammeløyve til bruksløyve/ferdigattest (pkt. 2.4.1)
 - i. Opning for meir noko tilpassing når det gjeld plassering av bygg (pkt. 3.1.3)
 - j. Opning for at overflateparkering kan vere mellombels løysing som ein del av gjennomføringa av planen i sin heilskap (pkt. 3.1.9)
- a. Tydeleg kva som er juridisk bindande (pkt. 1.3)
 - b. I større grad leggje vekt på eit tiltak sitt bidrag til gjennomføring av plan i si heilskap i vurderinga av plan eller dispensasjon i eit delområde (pkt. 1.6.2)
 - c. Utomhusplan vert viktigare verktøy som syner tiltak og korleis kvalitetskrav er teken i vare (pkt. 1.9.6)
 - d. Målsetjinga med omforminga av krava om rekkjefølgje (kap. 2) er at dei lettare skal kunne tilpassast dei einskilde prosjekta/delområde
 - e. Omfang av tiltak på inntil 30.000m² er endra frå rammeløyve til bruksløyve/ferdigattest (pkt. 2.4.1)
 - f. Opning for meir noko tilpassing når det gjeld plassering av bygg (pkt. 3.1.3)
 - g. Opning for at overflateparkering kan vere mellombels løysing som ein del av gjennomføringa av planen i sin heilskap (pkt. 3.1.9)

Framdrift - Høyring, offentleg ettersyn og justering av plan

Planutvalet i Alver gjorde den 10.6.2020, sak 097/20 vedtak om at framlegg til endring av Områdeplan Knarvik vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Perioden for dette var frå 19.6.2020 til 11.9.2020

I perioden kom det inn 9 uttaler, 3 frå offentlege mynde, 2 frå firma og 4 frå innbyggjarar. Uttalene gir nyttig innspel til det vidare arbeidet med områdeplanen, men fører ikkje med seg større endringar plankart eller føresegn. Arbeid med sak for godkjenning av planendring og vedtak i planutval og kommunestyret vart klaggjort til utvalets møte den 11.11.2020.

Samstundes som arbeid med planendringa går føre seg er fleire utbyggingsprosjekt i Knarvik i prosess. For at offentleg og teknisk infrastruktur skal halde tritt med eller vere litt i forkant av desse prosjekta må det gjerast nokre grep. For denne saka gjaldt det val om utforming av og byggjehøgde på Kvassnesvegen og særleg krysset mellom Kvassnesvegen og Bruvegen.

Rådmannen heldt difor orientering til planutvalet den 11.11.2020 om vegutforming og verknadane av denne. Rådmannen anmoda om at framlegget til plan vart returnert til administrasjonen for at naudsynt justering knytt til byggjehøgde kunne innarbeidast i føresegna og gjennomføre høyring.

Etter justeringa av føresegna er det gjennomført begrensa høyring i perioden 8.1. – xx.yy.2021 for direkte berørte partar. Vi har motteke 6 uttaler, 3 frå offentleg mynde og tre frå involverte partar i planområdet.

Plansaka vart ikkje realitetshandsama av planutvalet i novembermøte og i det vidare følgjer ein samla gjennomgang av innspel frå dei to høyringsperiodane. Dei ulike innspela er kommentert av rådmannen fortløpande. Det er i tillegg gjort ei nærare vurdering av nokre hovudpunkt til sist.

Høyring og offentleg ettersyn – Perioden 19.6 – 11.9. 2020 - Inkomne innspel

Arbeidsoppdraget gjeve av planutvalet har vore konkret og tydeleg. Mellom anna gjeld dette at *“endringar av forhold som til dømes arealføremål, høgder på bygningar og utnyttingsgrad for dei ulike byggeområda er forhold som i utgangspunktet ikkje skal vera tema ved ei planendring.”*

Nokre av innspela og dialog kring endringa er særleg retta mot alle dei tre nemnde tilhøva ovanfor. Samstundes er det delområde og prosjekt som er i prosess no. Endring av premiss og vilkår vil kunne påverkast gjennom handsaminga av denne saka. Alver kommune har i perioden ikkje fått gjort ei samla vurdering av konsekvensane knytt til desse ulike og viktige tilhøva i heilskap. Med den bakgrunn velger rådmannen å halde

seg til bestillinga frå planutvalet og ikkje gå inn i dei tre nemnde forholda arealføremål, høgde og utnyttingsgrad

Leif Sleire

Hosøy skriv at han opplever det som vanskeleg å få med seg endringane i plandokumenta og at det som er foreslått kunne komen tydelegare fram. Vidare at:

- Områdeplanen er viktig for utviklinga av Knarvik og det er viktig at både innbyggjarar, næringsdrivande og grunneigarar forstår innhaldet
- Grunna Covid-19 er det enda viktigare enn tidlegare at kommunen strekk seg langt for å nå ut til berørte parter og involverte
- Ser at det vert opna for overflateparkering, men vil peike på at det er viktigare at det vert tilrettelagt for kollektivtransport, sykkel og gange
- Overflateparkering må ikkje kome på bekostning av gode kvalitetar, grøntstruktur og møteplassar
- Overflateparkering er i utgangspunktet i strid med planen og bør berre godkjennast gjennom politisk handsaming

Rådmannen

Det å innføre moglegheit for overflateparkering må sjåast på som eit ledd i gjennomføring av plan og ikkje ei varig løysing. Skal ikkje gå på bekostning av kvalitet og utforming som skildra.

Spørsmålet om overflateparkering ligg inne i framlegg til endring av føresegna. Eit tillegg i vurderinga om tillating er at overflateparkering bidreg til gjennomføring av funksjonar og intensjon i planen.

Sæbjørg Hageberg Kjeka

Kjeka skriv at ho synes det er vanskeleg å få med seg alle endringane i plandokumenta og at det som er foreslått endra kunne vore markaert tydelegare. Vidare skriv Kjeka at:

- Ønskjer minst mogleg av parkeringa kjem som overflateparkering
- Synes det er positivt at meir av sykkelparkeringa skal kome under tak
- At område o_BIN5 burde setjast av til omsorgsbustadar eller barnehage
- At nye skysstasjonen ikkje er nemnd i føresegna eller vist i plankart. Plassering og utforming av nye skysstasjon oppleves som positiv

Rådmannen

Innspelela knytt til endra arealføremål vert ikkje tatt stilling til no.

Steiner Ekkeren

Ekkeren skriv at planen må ta høgde for at folketalet aukar og at der er tilstrekkeleg med sentrumsareal for å møte denne auken. Vidare at:

- Løysingar for parkering må leggjast til rette meir fleksibelt. Utelukkande parkering under bakken er på noverande tidspunkt eit hinder for utvikling. Til dømes kan eit parkeringshus i fleire etasjar som fellesprosjekt vere med å løyse ut andre investeringar
- Få klarlagt vegsystem, bussterminal og pendlerparkering samt framtidig E39 og FV57
- I naudsynt grad forenkle føresegn og gjer den meir funksjonell
- I høve til krav om rekkjefølgje må det vere tydeleg kva krav som gjeld for kvart byggeområde, at naudsynt infrastruktur er inkludert og når ulike tiltak skal vere gjennomført
- Kvalitetsprogram, offentlege byrom, grønt overflatefaktor og grøne punkt vedlegg til planen som er positivt og gir ramme for utforming, kvalitet og innhald

Rådmannen

Endringa av føresegna skal vere eit bidrag til forenkling og lettare gjennomføring. Planlegging og utbygginga av infrastruktur er viktig og mellom anna krav om rekkjefølgje bidreg til naudsynt framdrift. Ei mellombels løysing for parkering er utfordrande og innspel knytt til dette tas med i vidare arbeid.

Håkon Vatnøy

Vatnøy skriv at tilhøvet til gjesteparkering i høve til bebuarar ikkje er løyst i plan. Krav om garasjeanlegg må ha i seg krav om etablering av gjesteparkering slik at ikkje parkering knytt til nabobustad eller langs kommunal vert nytta til dette. Vidare at anlegg for gjesteparkering må vere tilgjengeleg og ha nok takhøgde til å ta i mot bilar høgare enn vanlig personbil.

Rådmannen

I utgangspunktet skal dei einskilde utbyggingsprosjekta ta i vare både bebuar og gjesteparkering.

Arc Arkitekter

Arc Arkitekter er engasjert av Alverporten AS for å utvikle eigedomane innan for delområde BS7 og BS8 i områdeplanen

Arc Arkitekter skriv at sjølv om dei ser at arbeidsoppdraget og denne endringa ikkje tar opp plankartet ønskjer dei likevel å problematisere konsekvensar for bruk og utnytting av område BS7 og BS8 i høve til gjeldande plankart. Dette er utreda i tidlegare dispensasjonssøknad i sak 20/8216.

Arc Arkitekter tek vidare opp at:

- Klargjering av skilje mellom dei ulike plandokumenta synast greitt, men at ein i framlegget i pkt. 1.9.6 om illustrasjonsplan og kvalitetsprogram nyttar ordlyden «oppfylt» som indikerer krav i staden for til dømes «gjere greie for» eller liknande
- Det er stilt plankrav til fleire av delområda enn tidlegare, meiner at det framleis må vere opning for å gjennomføre tiltak som er i tråd plan
- Savnar ein tydelegare definisjon av metode for kva som reknast som fasadelengde
- Kotehøgde i Kvassnesvegen kan påverke forminga av prosjekta i delområde BS7 og BS8. Ein har forventning om at ved ei eventuell heving av Kvassnesvegen vert det gjeve rom for tilsvarande heving i byggeområda
- Byggjehøgde for delområde BS7 ønskes auka med 2m
- Byggjehøgde for delområde BS8 vert sett til K + 42 mot o_SF5 (Vest)

Rådmannen

Med utgangspunkt i bestillinga frå planutvalet vil ikkje dette arbeidet ta inn konkrete framlegg til endring i arealføremål, høgde og utnyttingsgrad.

Orion prosjekt

Orion prosjekt driv arbeidet med Kvassnesvegen 33 AS som er dagens Nordhordland Transportkontor. Over tid har det vore arbeida med forming av eit bustadprosjekt innan for rammene av områdeplan Knarvik.

I høve til parkeringsløyising har prosjektet tidlegare fått godkjent dispensasjon for delområdet der utnyttingsgraden er auka frå 200% til 280%. Løyve til dispensasjon har no gått ut. Hovudgrunn for dette er at parkeringskjellar har vore rekna som ein del av bruksarealet (BRA) og utgjer ein for stor del av den tillate bruksarealet til at prosjektet kan gjennomførast.

Tiltakshavar ser at endra føresegn dels løyser problemstillinga, men ikkje fullt ut og har difor framlegg om justering av føresegna på ein av to måtar for å unngå dispensasjonshandsaming:

- a. %-BRA for BKB2 vert auka frå 200% til 280%
- b. Endra ordlyden i føresegna pkt. 3.1.1 til:

«Garasjeanlegg heilt – eller delvis under terreng skal ikkje inkluderast i arealrekneskapet for tomteutnyttinga. (Med garasjeanlegg meines her parkeringsplassar inkl. naudsynt manøvreringsareal)

Rådmannen

Med utgangspunkt i bestillinga frå planutvalet vil ikkje dette areidet ta inn konkrete framlegg til endring i arealføremål, høgde og utnyttingsgrad.

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen skriv at han ikkje har vesentlege merknadar til saka slik den ligg føre.

Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen skriv at eit tydeleg, overordna og samanhengande nettverk for alle trafikkgrupper er viktig. Gatebruks- og lysplanen for Knarvik er difor viktig å ha i botn å følge opp. Viktig med krav til ferdselsårer og at heilskapleg infrastruktur vert sikra og gjennomført slik vist i føresegna pkt. 2.2.1. Fylkeskommunen legg til grunn at etablering av felles infrastruktur, møteplasser, blå-grøne strukturer og urbane kvaliteter vert sikra.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at i høve til denne planen er deira interesser fyrst og fremst er knytt til E39 og prosjektet ny oval rundkøyning som ligg inne i planområdet. Anbud for dette prosjektet er ute i marknaden, men etter plan ventar ein oppstart seint 2020 og om lag 2 års byggjetid.

Statens vegvesen er positiv til arbeid med gjere krava om rekkjefølgje meir tydeleg slik at planen vert eit betre styringsredskap. Alver kommune må ha kunnskap og oversikt om korleis føresegna best kan endrast. Kommunen må likevel ha med seg kva konsekvensar endringane kan ha for omsynet til trafikktryggleik slik at løysingane for mjuke trafikantar vert bedra.

Begrensa høyring – Perioden 8.1. – 29.1.2021 - Innkomne innspel

se arkitektur

se arkitekter er engasjert av COOP for å utvikle eigedom innan for delområde BS13 i områdeplanen. Dette er i dag den vestre delen av Geco- bygninga som ligg langs med Kvassnesvegen.

se arkitektur skriv at dei meiner det er positivt at krav om rekkjefølgje vert meir oversiktleg og ser i møte ei meir rettferdig fordeling innan planområde. Vidare er det positivt at det vert gjort meir tydeleg kva som er juridisk bindane i plandokumenta.

Det ligg i krava om rekkjefølgje at oval rundkøyning må ferdigstillast før ein kan tillate meir enn 30.000m² bruksareal. Tidspunktet for ferdigstilling er foreslått flytta frå rammesøknad til brukstillatelse. Konsulenten peiker på at det er mogleg at bygg kan vere ferdig før rundkøyninga og at det er ein risiko. Vidare at sjølv om illustrasjonsplanen no vert gjort til retningsgivande står det framleis "retningsgivande" høgder i dokumentet.

se arkitektur anmoder om følgjande punkt vert endra i framlegget til føresegn:

- Krav om detaljplan for delområde BS13-14 vert tatt ut (pkt. 1.6) fordi:
 1. Ser ikkje kva juridiske tilhøve som ikkje vert teken i vare utan plankrav
 2. Plankravet gjeld BS13 og BS14, eine aktøren er Coop og den andre er Alver kommune som i dag ikkje har plan for utvikling av BS14 som gjer felles detaljplan vanskeleg å utforme
 3. Gjeldane plandokument og detaljerte krav om utomhusplan gjer tilstrekkeleg forutsigbarhet
 4. Plankravet førar med seg ekstra prosess, auka kostnader og forsinka framdrift
 5. Ikkje i tråd med overordna målsetjinga om rask og enkel realisering
- Krav om permeabelt dekke mellom BS13-14 vert tatt ut (pkt. 3.2.6 f) fordi:
 1. I føresegna er det krav om felles uterom mellom BS13 og BS14
 2. Sonen krysser over siktlinjen (#15) og kan bare etableres på bakkenivå
 3. Det er søkt dispensasjon frå dette i pågåande byggesak
- Krav knyttet til dokumentasjon i høve til lys- og gatebruksplan vert flytta frå rammesøknad til søknad om igangsetting (pkt. 1.9.6)
 4. Meiner dette er tilhøve som avklarast i detaljprosjekteringen

Rådmannen

Når det gjeld kravet om detaljplan for delområde vises det til eiga punkt nedanfor da det gjeld fleire delområde.

Rådmannen oppfattar plandokumenta slik at det felles uterommet mellom BS13 og BS14 over siktaksen (#15) skal etablerast på gatenivå og at dette er ein funksjon i mellom delområda. Sjølv om det er søkt om dispensasjon finn ein ikkje grunn til å ta kravet ut av føresegna. Kva type uterom dette området vil utvikle seg til å verte kan ta ulike vegar og halde på moglegheita for ein samanheng til delområde BS14 synes naturleg.

Når det gjeld kravet til dokumentasjon i høve til lys- og gatebruksplan ligg dette i pkt. 1.9.6 som gjeld utomhusplan. Denne skal etter framlegg til føresegnvere ein del av rammesøknaden. Detaljgraden er kanskje omfattande, men kravet er forma slik fordi me ønskjer at tiltakshavar tidleg i sitt arbeid tar inn over seg både dei juridiske rammene og forventningane til utforming og kvalitet. Vi meiner det er viktig at pågåande tiltak og prosjekt tidleg gjer synleg korleis ein vil skape gode byrom og nærmiljø.

Arc Arkitekter

Arc Arkitekter er engasjert av Alverporten AS for å utvikle eigdomane innan for delområde BS7 og BS8 i områdeplanen (Haugland).

arc Arkitekter skriv at dei er positive til at byggehøgda vert justert opp med +1m for delområda BS7 og BS8. Dei skriv vidare at hevinga har ein verknad for prosjektet sitt tilhøve til Lyngvegen som ein har fått dispensasjon for å oppretthalde som tilkomstveg. Ber om at det i endringsframlegget vert sikra mogleghet for at Lyngvegen kan hevast.

Rådmannen

Rådmannen ser i utgangspunktet ikkje ein tydeleg samanheng eller verknad mellom fastsetting av høgde og heving av krysset Bruvegen/Kvassnesvegen til at einaste moglege løysing for prosjektet Alverporten er heving av Lyngvegen.

Det er framleis slik at sjølv om det er innvilga dispensasjon fell ikkje vurderinga vekk om at det å la Lyngvegen vere open fagleg sett er uheldig i høve til trafikktryggleiken. Verknaden av å halde Lyngvegen open er så langt ikkje vurdert i plansamanheng.

I høve til høgder er det ikkje i plankartet fastsatt høgder på veganlegga, men det er krav om utarbeiding av teknisk plan for endra og nye veganlegg, jfr pkt. 1.9.2 i framlegg til endra føresegn der mellom anna høgde må gjerast greie for.

Langenes Eiendom AS

Langenes Eiendom AS skriv at løysinga som vist i notat utarbeida av Norconsult vil ha store verknadar for eigedomen og drifta av byggvarebutikken til Langenes Bygg.

Langenes etterspør kvifor ein ønskjer å heve Kvassnesvegen i slikt omfang som notat syner og skriv vidare at det er underleg om vegen skal tilpassast nye bygg i staden for andre vegen.

Langenes ønskjer ikkje at trapp opp til parkeringsdekke aust på eigedomen skal rivast dels for å etablere innkøyring på denne sida. Løysinga er ikkje ønska og vil føre med seg vanskar for ulemper for den daglege driften. Langenes Eiendom ber om at hevinga av vegen gjørast så lav som mogleg slik at rampe (tilkomst) foran Langens Bygg ikkje vert for bratt.

Rådmannen

Etter at Alver kommune mottok innspel frå Langenes Eiendom AS vart det gjennomført synfaring på eigedomen mellom Langenes Eiendom, konsulent og Alver kommune.

Etter synfaringa har konsulent bearbeida framlegg til gjennomføring der innspela til Langenes Eiendom AS er tatt omsyn til. Denne bearbeidinga har ikkje innverknad på framlegget til plan slik at rammen for mogleg gjennomføring av Kvassnesvegen slik opphøveleg notat syner framleis er til stades.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at deiral ansvar knytt til planarbeidet fyrst og fremst gjeld arealbruken langs riksvegen. Denne uttalen gjeld rolla forvaltar av riksveg og fagstyresmakt innanfor vegtransport.

Vegvesenet skriv vidare at:

- Samd I at krysset Bruvegen/Kvassnesvegen vert heva slik at stigning/fall I Bruvegen vert redusert
- Dispensasjon frå plan om stenging av Lyngvegen der vegvesenet uttalte seg negativt er uheldig ut frå omsynet til trafikktryggleik
- Saknar kart og tydeleggjering av sykkeltilbodet I området, mellom anna er det tilsynelatande berre særskilt framkomelegheit for sykkel I Kvassnesvegen

Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune

Verken Statsforvaltaren eller fylkeskommunen har vesentleg merknad til justeringa av plan.

Krav om detaljplan og tilhøvet til gjennomføring

Kravet om detaljplan er det fleire som har teke opp både gjennom innspel og merknadar I dei to høyringsperiodane og I det førebuande arbeidet med å endre føresegna.

I utgangspunktet ser rådmannen på gjennomføring av områdeplanen for Knarvik som ein balansegang på fleire plan. Det gjeld å ha rimeleg kontroll over rammer knytt til ulike prosjekt, sikre juridisk grunnlag og forutsigbarheit både for kommunen og tiltakshavarar, tilpasse utbygging av ny og naudsynt infrastruktur, sikre økonomisk grunnlag og sist syte for at verksemdene I Knarvik kan halde opent og at funksjonane I tettstaden fungerer. Med eit slikt bilete er det viktig at områdeplanen fungerer som styringsverktøy for å forme framtidens Knarvik.

Rådmannen vil peike på gjeldande føresegn (pkt. 2.1.1) og kravet til detaljplan her som seier:

“For tiltak som nemnd i pbl § 20-1 og som ikkje er omfatta av eller i samsvar med illustrasjonsplan og kvalitetsprogram, jf. § 2.2 og §2.3 skal det utarbeidast detaljreguleringsplan. Detaljreguleringsplanen skal omfatta feltet som tiltaket ligg i, og tilstøytande areal som kommunen finn naudsynt for å ivareta ei heilskapleg utvikling».

Erfaringa med gjennomføringa av områdeplanen for Knarvik syner så langt at det har vore naudsynt med fleire dispensasjonar og at kommunen fortløpande har vurdert kravet om detaljplan. Ttil no har ein konkludert med at ein ikkje vil stå på kravet. Samstundes som den planlagte transformasjonen av Knarvik har byrja har vurderingar og analyser vist at det er fleire tilhøve I planen som er svært utfordrande å gjennomføre og dei kviler I utgangspunktet på tanken om felleksløyvingar.

I forarbeidet til endringa av føresegna er det særleg tilhøva knytt til parkering, handtering av buss, tilkomst og varelevering som svært tydeleg er utfordrande. Rådmannen ser at det kan vere teneleg og justere plankartet og om Alver kommune vil leggje dette inn I framlegg til revidert planstrategi som I det næraste skal vurderast.

Her kan døme vere interne bindingar i planområdet, mogleg tilpassing til byvekstarbeid og endring knytt til fastsetting av trase for framtidens E39. Innhaldet og rammene I områdeplanen vert nok truleg utfordra vidare, men difor kan ikkje kommunen på generelt grunnlag risikere å “byggje byen” på ei vedvarande rekkje av dispensasjonar.

For og å vere konkret i høve til delområde BS13 meiner rådmannen at kommunen må og skal vurdere heilskapen i gjeldande plansituasjon i høve til dei utfordringane som mellom anna er nemnd i denne saka. Tilhøvet til einskilde grunneigarar, tiltakshavar og pågåande prosjekt ser me ikkje bort frå, men må leggje rammer som sikrar heilskapen best mogleg over tid innanfor planområdet. På generelt grunnlag ser kommunen frå andre stader at sjølv om tillatelse vert gjevne er det ikkje garanti for at prosjekt vert gjennomført. Det er difor naturleg for kommunen som planmynde at kravet til detaljplan vert ståande.

Når det vidare gjeld omfanget av en detaljplan for delområdet er det for det fyrste ikkje slik at slik detaljplan må omfatte begge delområda og for det andre sjølv om kommunen ikkje uttalt har konkrete utviklingsplanar for næraste delområde (BS14) er ikkje det til hinder for at ein tiltakshavar kan starte oppstart av planarbeid ut frå eiga interesse for begge områda.

Oppsummering

Områdeplanen for Knarvik er eit viktig styringsverktøy for Alver kommune knytt til utviklinga av kommune- og regionsenteret Knarvik. Arbeidet med endring av planen har belyst fleire tilhøve som må arbeidast vidare med og som ikke vert løyst med det utgangspunktet som vart gjeve for denne saka. Rådmannen meiner likevel at dette arbeidet er eit steg i riktig retning og eit bidrag til ei enklare gjennomføring

Vedlegg i saken:

25.02.2021	OP Knarvik Føresegn 080121	1517990
25.02.2021	OP Knarvik Plankart Vertikalnivå 2 021120	1518000
25.02.2021	OP Knarvik Kvalitetsprogram 040315	1517998
25.02.2021	OP Knarvik Grøn Overflatefaktor 030614	1517995
25.02.2021	OP Knarvik Grøne punkt 030614	1517996
25.02.2021	OP Knarvik Illustrasjonsplan 240215	1517997
25.02.2021	OP Knarvik Gatebruks- og lysplan 011216	1517994
25.02.2021	OP Knarvik Offentlege Byrom Skisseprosjekt 050520	1517999
25.02.2021	OP Knarvik SAK 16-19 Oppstart 130219	1517980
25.02.2021	OP Knarvik - Endring - 1GH SAK 097-20 100620	1517979
25.02.2021	OP Knarvik Notat Veghøgde og bygg 111120	1517977
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Arc Arkitekter	1514120
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Fylkesmannen	1514121
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Håkon Vatnøy	1514122
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Leif Sleire	1514123
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Orion	1514124
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Steiner Ekkeren	1514125
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel SVV	1514126
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Sæbjørg Kjeka	1514127
18.02.2021	OP Knarvik 110920 Innspel Vestland Fylke	1514128
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel arc arkitekter I	1514134
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel arc arkitekter II	1514135
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel Langenes	1514136
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel se arkitekter	1514137
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel Statsforvalteren	1514138
18.02.2021	OP Knarvik 050221 Innspel SVV	1514139

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
027/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.


APM- 031/21 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På oppdrag frå Risøy hyttevev legg Holon Bergen AS fram forslag til reguleringsplan for Risøy del av gnr. 81 bnr. 1 mfl. Planområdet er på om lag 57,5 daa og omfattar området nordaust på Risøy, som vist på kartutsnittet under. Området består i dag av fritidsbustadar, naust, småbåtanlegg, felles parkeringsplassar og trafikkareal. Med unntak av 5 fritidsbustadar, er heile planområde allereie bygd ut. På grunn av endring i tomtestruktur, nyare reguleringspraksis og oppdaterte føringar i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden kring bruk og utnytting av fritidseigedomar, ynskjer Risøy hyttevev på vegna av grunneigarane ei reguleringsendring av eksisterande vedteken plan frå perioden 2007- 2011.



Figur 1 (t. v.): Flyfoto som syner overordna lokalisering. Figur 2 (t.h.): Planområde.

Kort om planforslaget

Planforslaget går ut på å endre gjeldande detaljreguleringsplan for gnr. 81 bnr. 1 m.fl. Risøy. PlanID 1263-200808. Endringane er i hovudsak følgjande:

- Oppdatert plankart og føresegn i tråd med eksisterande situasjon.
- Opna for køyreåtkomst og parkering på fritidsbustadtomtane i tråd med eksisterande situasjon.
- Auke utnyttingsgrad for fritidsbustad i tråd med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.
- Justering av plassering av småbåthamn og ei mindre utviding av arealformål for å omfatte naudsynt areal for manøvrering og forankring på havbotn.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen (vedlegg 3) og saksframstilling til 1. gongs handsaming i APM, som ligg vedlagt saka (nr. 10).

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for areal, plan og miljø (APM) 2.9.2020, som sak 120/20. APM vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova §12-11.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 12.9.2020 – 24.10.2020. Det kom 0 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 7 uttalar frå offentlege høyringsinstansar.

Revidert planforslag vart sendt på begrensa høyring til Statsforvaltaren i Vestland 8.12.2020. Uttaler og forslagsstillar sine kommentarar ligg vedlagt saka.

Vurdering

Administrasjonen viser i hovudsak til sine vurderingar av saka som kjem fram i saksframlegget til 1. gongs handsaming. Rådmannen sluttar seg til forslagsstillar sine kommentarar som kjem fram av vedlagt merknadsskjema (nr. 8), og vurderer at dei endringar som er gjort etter offentleg ettersyn og høyring og begrensa høyring tar hand om krava frå Statsforvaltaren i Vestland.

Naturmangfald

Planområdet grensar til vedteken marin verneplan for Lurefjorden og Lindåsosane. I planomtalen kap 8.1.4 er det vurdert at tiltak i plan ikkje er i strid med verneforskrifta. Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 opp mot tiltak i plan, kjem fram av planomtalen kap 8.4. Det er vurdert at planen ikkje bryt miljøprinsippa som kjem fram av lova.

Landskap/Terrengingrep/Tilkomstveggar & parkering

Planområdet er i hovudsak allereie ferdig utbygd og det vert vurdert at gjenverande tiltak planen opnar for, vil medføra minimalt med terrengingrep. I utgangspunktet rår administrasjonen til at ein i område for oppføring av fritidsbustader, legg opp til felles parkeringsanlegg i staden for køyretilkomst til kvar einskild tomt med egne parkeringsplassar slik opprinneleg plan legg føringar for. Bruk av fellesløysingar er eit planfagleg grep som reduserer terrengingrep i landskapet og bidrar ofte til å redusera skjemmande fjernverknad. Utifrå ortofoto kan ein sjå at det innanfor planområde er opparbeidd grusveggar og parkeringsområder ved dei fleste av hyttane. I denne planen vurderer rådmannen at det å opne opp for tilkomst og parkering ved kvar hytte vil medføre minimalt med terrengingrep.

Økonomi

Detaljreguleringsplanen vill ikkje medføra behov for utbetring av kommunaltekniske anlegg.

Konklusjon

Me slutter oss til hovudformålet i planendringa med å oppdatera plangrunnlaget etter gjeldande situasjon. Forslagets planfaglege grep vurderas å vera av tilfredsstillande kvalitet og detaljreguleringsplanen anbefalas vedtatt.

Vedlegg i saken:

02.02.2021	1.Plankart_A2_1.2.2021	1506910
02.02.2021	2.Føresegner_1.2.2021	1506911
02.02.2021	3.Planskildring med ROS_1.2.2021	1506912
02.02.2021	4.Illustrasjonsplan_A3_1.2.2021	1506913
02.02.2021	5.Illustrasjon veier_A3_1.2.2021	1506914
02.02.2021	6.3D-illustrasjoner	1506915
02.02.2021	7.Tekniske teikningar for stigning og kurvatur_3.12.2020	1506916
02.02.2021	8.Merknadsskjema_offentleg ettersyn & høyring & begrensa høyring	1506917
02.02.2021	9.Uttaler_offentleg ettersyn & høyring & begrensa høyring	1506918
02.02.2021	10.Saksframlegg 1.ghs.	1506919

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
	Alver kommunestyre	

Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 7.12.2020 med siste revisjonsdato 19.2.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl. PlanID 46312020006. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredninger § 16.».

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Christian Frønsdal-Multiconsult

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 030/21 innstilling:

"Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 7.12.2020 med siste revisjonsdato 19.2.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 1 27/91 mfl. PlanID 4631 2020006. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredninger § 1 6.».

Bakgrunn for planarbeidet

På vegne av Asset Buyout Partners og Mongstad Eiendomsselskap AS har Multiconsult AS utarbeida framlagt planprogram som gir føringar og rammer for det vidare reguleringsarbeidet. Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad er eit viktig ledd av initiativ «Greenspot Mongstad» som skal transformera heile Mongstad til ein allsidig grøn industripark, som legg til rette for framtidretta næringsverksemdar som vil satse på berekraftig teknologiutvikling.

Planprosess

I samband med varsel om oppstart vart forslag til planprogram sendt på høyring med utvida uttale- og merknadsfrist sett til 19.2.2021. Det kom inn 14 uttaler frå offentlege mynde og 2 merknadar frå private partar/lag/organisasjonar. Merknadsskjema med samanfatta uttaler/merknader og forslagsstillar si kommentar ligg vedlagt saka. Fullstendig versjon av innkomne uttaler/merknader ligg og vedlagt saka.

Vurdering

Rådmannen støttar seg til forslagsstillar sine kommentarar ved innkomne uttaler og merknader, og vurderer at revidert planprogram tar hand om dei krav og innspel som vart

sendt inn i samband med høyringa.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlagt planprogram vert fastset.

Vedlegg i saken:

23.02.2021	1.Planprogram_rev-02_19.2.2021	1516546
23.02.2021	2.Merknadsskjema_oppstart_23.2.2021	1516547
23.02.2021	3.Samlefil_uttaler_19.2.2021	1516548

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
029/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 032/21 innstilling:

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

Bakgrunn for planarbeidet

På vegne av Egil Magnar Eidsnes har ABO Plan & Arkitektur utarbeida det framlagte planprogrammet. Planprogrammet gjev føringar og rammer for det vidare reguleringsplanarbeidet. Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. legg opp til 5 bueiningar. Planinitiativet har vore oppe til Alver kommunestyre den 17.09.2020, der Alver kommunestyre godkjente oppstart av planarbeidet.

Planprosess

I samband med varsel om oppstart vart forslag til planprogram sendt på høyring med uttale- og merknadsfrist sett til 23.01.2021. Det kom inn 6 uttaler frå offentlege mynde og 0 merknadar frå private partar/lag/organisasjonar. Merknadsskjema med samanfatta uttaler/merknadar og forslagsstillar si kommentar ligg vedlagt saka. Fullstendig versjon av innkomne uttaler/merknadar ligg òg vedlagt saka.

Rådmannen si vurdering

Det har kome innspel om å inkludere tema naturmangfald, kulturlandskap og bustad-, areal og transport som KU-tema, saman med born og unge sine interesser. Alle desse utanom born og unge sine interesser er i det reviderte planprogrammet tatt med som KU-tema. Konsulent har ikkje gjort nokon registreringar som tilseier at born og unge sine interesser burde vere eit eige utgreiingstema. Planforslaget si betyding for born og unge vil i

denne reguleringsplanen vere eit viktig gjennomgåande tema i planskildringa.

Rådmannen støttar seg til forslagsstillar sine kommentarar til innkomne uttaler og merknadar, og vurderer at revidert planprogram som no ligg føre, tar hand om dei krav og innspel som vart sendt inn i samband med høyringa.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlagt planprogram vert fastsett.

Vedlegg i saken:

22.02.2021	Planprogram 19.02.2021	1515420
22.02.2021	Merknadsskjema planoppstart	1515419
22.02.2021	Uttalar til planoppstart og planprogram Ytre Eidsnes samanstillt	1515421

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/21	Alver formannskap	11.03.2021
030/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 85 400 000 kr eks mva.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 29 967 353 kr eks mva

Avlaup: 2 640 000 kr eks mva.»

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster, mot 3 (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

FO- 019/21 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 85 400 000 kr eks mva.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 29 967 353 kr eks mva

Avlaup: 2 640 000 kr eks mva.»


Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Nytt hovudvassverk på Hestdal i tidlegare Meland kommune skal erstatte eksisterande vassverk som ikkje produserar nok vatn eller oppfyllar alle krav til reinsing i drikkevassforskrifta. Bygging av det nye vassverket er no heilt i slutfasen og vil vere klart for prøvedrift våren 2021.



Raud ring viser lokalisering av nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal

Prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg har eit totalt prosjektbudsjett på 76 mill kr eks mva. Prosjektet starta opp i tidlegare Meland kommune og ca. 20 mill kr av projektkostnaden påløp før overgangen til Alver kommune.

Saksopplysninger:

«Bygging av det nye vassbehandlingsanlegget er eit komplisert prosjekt som omfattar mange aktørar, entrepriser og grensesnitt. Det har vist seg at budsjettet i utgangspunktet ikkje tok tilstrekkeleg høgde for kompleksiteten og usikkerheita i prosjektet, og at kombinasjonen av dette saman med nokre uforutsette hendingar har ført til at prosjektbudsjettet ikkje held.

Avlauspumpestasjon

Kalkyla for vassbehandlingsanlegget tok ikkje høgde for behovet for ein ny avlauspumpestasjon. Årsaka til dette var at avlaupsløysinga på kalkyletidspunktet ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Etterkvart som avlaupsløysinga vart bestemt og prosjektert, vart ikkje projektkalkyla oppdatert. Budsjettet har da ikkje tatt høgde for denne kostnaden som er kalkulert til ca 2,4 mill kr eks mva.

Fare for utrasing av Håtuftvegen

I samband med anleggsarbeider oppsto det setningar på Håtuftvegen, og vegen var i ferd med å rase ut. For å unngå ei utrasing måtte kommunen gjere ein omfattande masseutskifting for å sikre stabile massar i område. Vegen måtte også reasfalterast. Den samla ekstrakostnaden vart på ca. 1,6 mill kr eks mva.

Prosjektering og administrative kostnader

Budsjettposten som vart satt av til prosjektering, byggeleing og administrasjon var for låg. Prosjektet har krevd mykje ekstern bistand for å kunne planleggjast, prosjekterast og følgjast opp. I tillegg har anbudsprosessene vore krevjande. I utgangspunktet vart det satt av ca 12 % av entreprisekostnaden til prosjektering, byggeleing og administrasjon. Dette kan vere tilstrekkeleg for enkle prosjekt, men for meir kompliserte prosjekt er dette lågt. Det er ikkje uvanleg å sette av mellom 20 % og 30 % til denne type kostnader. Det ser no ut til at kostnader til prosjektering, byggeleing og administrasjon vil ende på rundt 20 % av entreprisekostnad. Dersom kommunen sjølv hadde hatt meir kapasitet til å administrere prosjektet kunne ein spart noko, spesielt kostnader til byggeleing. Men denne type prosjekt er heilt avhengig av bruk av mykje ekstern

spesialkompetanse for å kunne gjennomførast, og her er det nok først fremst kalkyla som har vore for låg.

Andre kostnader

Elles følgjer det ein del kostnadsauke grunna mindre endringer som har vore nødvendig for anlegget. Mellom anna ekstra fjellsikring, sikkerhetstiltak som nødllys, ny trafostasjon, sikring av anlegget med porter mm.

Økonomi

Tabell 1: Prosjektkostnad. Alle tal eks mva

	Vedtatt totalbudsjett	Rekneskap 2017-2020	Framlegg budsjett 2021	Nytt framlegg totalbudsjett	Diff vedtatt budsjett og framlegg nytt totalbudsjett
Meland 2017-2019	19 885 000	19 885 000		19 885 000	-
Alver 2020	30 200 000	32 907 648		32 907 648	- 2 707 648
Alver 2021	25 915 000	2 624 981	32 607 353	32 607 353	- 6 692 353
Sum	76 000 000	55 417 629	32 607 353	85 400 000	- 9 400 000

Tabell 2: Fordeling av nytt framlegg til budsjett 2021. Alle tal eks mva

Fordeling 2021	
Vatn	29 967 353
Avlaup	2 640 000

Prosjektet er utelukkande finansiert av lånemidlar over VA-budsjettet.

Vedteke budsjett tek utgangspunkt i ei kalkyle frå 2017. Prosjektet var då på forprosjektstadiet. Det vart ikkje gjort ei ny kalkyle i samband med detaljprosjekteringa. I framlegget til dei nye Retningslinene for investeringsprosjekt skal det utarbeidast ei kalkyle i kvar fase av prosjektet slik at ein fangar opp endringar i prosjektet, som f.eks ein ny avlauspumpestasjon. Usikkerheita i kalkyla på forprosjektstadiet var også satt til berre 10 %. Dette er lågt, og Retningslinene for gjennomføring av investeringsbudsjett legg no opp til at risikoavsetning bør vere minimum 20 % i denne fasen av denne typen prosjekt. Usikkerheita skal vurderast for det enkelte prosjekt basert på eigen risiko og sårbarheitsanalyse, og kan etter vurdering settast høgare når risiko vert vurdert som høgare enn normalt.

Som det går fram av saksutgreiinga over er kostnadsauka ein kombinasjon av uforutsette hendingar og endringar som ikkje har vore tatt høgde for. I tillegg har budsjettet til prosjektering, byggeleiiing og administrasjon vore for lågt, samanlikna med kompleksiteten i prosjektet. Det vil i framtida vere viktige å gjere ein konkret vurdering av det enkelte prosjekt når ein set opp kostnadskalkyla for å sikre realisme i tala.

Tilleggsfinansiering til prosjektet inneberer ei kostnadsauke på ca 12 %. Dersom den opphavelige kalkyla hadde hatt ein usikkerheit på 20 % ville behovet for tilleggsfinansiering vore ca 1,5 mill kr eks. Legg ein til at den opphavelige kalkyla også hadde tatt høgde for auka kostnader til prosjektering, byggeleiiing og administrasjon, og auka denne andelen til 20 %, ville prosjektet gått ca. 3,5 mill kr under budsjett. »

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/21	Eldreråd	08.03.2021
012/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2021
011/21	Ungdomsråd	08.03.2021
009/21	Utval for helse og omsorg	09.03.2021
031/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.

Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne 2021-2022.

Eldreråd 08.03.2021:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;

Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.

Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 009/21 uttale:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;

Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.

Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Reidar Knutsen-SAFO:

Ved etablering av ferieretningslinjer bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 012/21 Vedtak:

Ved etablering av ferieretningslinjer bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Handsaming:

Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 011/21 uttale:

Tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Utval for helse og omsorg 09.03.2021:

Handsaming:

På vegne av AP, SP og KRF sette utvalsleiar Ståle Hauge-AP fram følgjande framlegg:

Som rådmannen med følgjande endringar:

Nytt Punkt 7.1.

Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgn tillegg og diett)

Nytt Punkt.7.2.

Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

Utvalet vedtok samrøystes fellesframlegg frå AP, SP og KRF.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med endringsframlegget sett fram i møtet.

HO- 009/21 innstilling:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.

Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne 2021-2022.

Nytt Punkt 7.1.

Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgn tillegg og diett)

Nytt Punkt.7.2.

Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Ein viser til kommunestyre 26.11.20 sak 142/20: Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne.

Vidare viser ein til kommunestyre 17.12.20 sak 172/20: Økonomiplan 2021-2024 med verbalpunkt «Overføring til fond for ferie- og fritidsreiser for menneske med nedsett funksjonsevne. Det må i samband med etablering av fond lagast vedtekter som sikrar ein god og rettferdig fordeling til søkarar. Det vert lagt inn kr 200 000 for 2021. Vidare finansiering av fondet blir å komma tilbake til i budsjettarbeidet i 2021».

Framlegg til fondsvedtekter har vore drøfta med referansegruppe den 15.02.20. Referansegruppe har same medlemmar som til sak 142/20. Det har pt ikkje kome skriftlege endringsforslag til framlegg frå referansegruppe.

Saksopplysninger:

Rådmann legg fram fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne jamfør vedlegg. Ein har kort kommentert dei ulike vedtektpunkt under.

Vedtekt punkt 1 – 4 er knytta til vedtatt retningslinje for prøveordninga i perioden 2021-2022. Retningslinja har fått justert inn tekst direkte knytta til framlegg fondsvedtekter (vedlegg).

Vedtekt punkt 5 legg til rette for at kommunestyret tek avgjerd om årleg sum fondsmidlar og eventuelle endringar knytta til ordninga. For 2021 er ramme fond satt til kr. 200.000,-

Vedtekt punkt 6 er knytta til vedtatt retningslinje. Det er ikkje søknadsfrist for ordninga i prøveperioden 2021-2022. Dette gjev ønska fleksibilitet for aktuelle søkjarar og handlingsrom for planlegging av tur. Imidlertid kan dette utfordre praktisering av tildeling. Det er ikkje kjent kva tal søkjarar som vil nytte ordninga, og heller ikkje kva tal kommunalt tilsette som er naudsynt å ha med som følgje. Det vil difor vere naudsynt å få erfaringsgrunnlag i prøveperioden med omsyn til eventuelle korrigeringar.

Vedtekt punkt 7 er knytta til vilkår tildeling av fondsmidlar. Retningslinje for den kommunale ordninga er ny i Alver kommune. Det er ikkje avsett ressursar til administrering av ordninga. Ressursar til administrering skal dekkast innan budsjettamme og noverande kapasitet sakshandsaming. Dette gjev at ein i prøveperioden legg til grunn vilkår som krev låg tidsbruk på individuelle økonomiske vurderingar. Ein har og henta inn erfaringar frå Bergen kommune som har praktisert liknande ordning i fleire år.

I prøveperioden legg ein til grunn eit fast kronebeløp som tilskot uavhengig individuell økonomisk situasjon hjå søkjar. Fastsett kronebeløp er og uavhengig reisemål.

Tilskot er gradert med omsyn til tal reisedøgn kombinert med tal kommunalt tilsette som er naudsynt per tur. Søkjar kan med dette får tildelt tilskot per kommunalt tilsett per tur med kr. 2500,-. Med grunnlag i samla fond 2021 med kr. 200.000,- har ein då midlar til at 80 kommunalt tilsette totalt kan bistå som følgje ved ferie- og fritidsreiser. Om tilskotssum er rett dimensjonert er vanskeleg å forutsjå, og her må ein hente erfaringsgrunnlag i prøveperioden.

Vedtekt punkt 8 omhandler kontroll av tildelte fondsmidlar.

Vedtekt punkt 9 omhandler klagerett. Tilbod om ferie- og fritidsreise vert ikkje heimla i helse- og omsorgstenestelova, og statsforvaltaren er difor ikkje klageinstans. Tilbodet er ei kommunal ordning, og kunne difor vore vurdert med kommunalt klageorgan som klageinstans. Imidlertid har ein vurdert at retningslinja legg føringar som inneber at ei eventuell klageordning er lite tenleg i prøveperioden. Det er m.a. frivillig for dei kommunalt tilsette å ta del på tur. Vidare vil ein i samråd med søkjar freiste å finne alternative reisetider om det vert vanskar med gjennomføring av primærønskje.

Rådmann legg til grunn at vedtatt heimel frå kommunestyret gjev at ordninga vert informert ut til målgruppe og iverksatt snarast. Vidare rår ein til at vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga 2021-2022.

Vedlegg i saken:

24.02.2021	Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser	1517010
24.02.2021	Alver kommune - Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise	1517011
24.02.2021	Alver kommune - Søknad om kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne	1517012
08.03.2021	Innspel til fondsvedtekter_NFU_Alver og Masfjorden lokallag	1524212

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Ungdomsråd	08.03.2021
012/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.03.2021
032/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Ungdomsrådmidlane - Endring retningslinjer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver ungdomsråd kjem i møte fram til eit nytt framlegg, som tilpassar seg vedtaket frå OKK 02..02.21. Alver ungdomsråd nyttar eventuelt òg moglegheiten til å sjå kva andre endringar ein ynskjer, for å sikra god handsaming i framtida.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert L Hansen.

Utvalsleiar for Oppvekst, kunnskap og kultur deltok under opstart av saka.

UR drøfta vedtaket frå OKK 02.02.2021 saman med utvalsleiar for OKK.

Etter drøfting kom UR fram til følgjande fellesframlegg:

-UR legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.

UR vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meiner at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:

Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "Lønn/honorar":

- klassetur

- Endre punkt 2 i retningslinene frå:

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkarane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkarane vere i målgruppa 13-19 år.

- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

- Leggje til nytt punkt, 9:

9. Unytta midlar

Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål, så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

UR- 010/21 uttale:

-UR legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.

UR vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meiner at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:

Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "Lønn/honorar":

- klassetur

- Endre punkt 2 i retningslinene frå:

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkerane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

- Leggje til nytt punkt, 9:

9. Unytta midlar

Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål, så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

Samrøystes vedteke.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:

Handsaming:

Leiar i ungdomsrådet-Edas Kondrotas og ungdomskoordinator-Robert Lorang Hansen orienterte og svarte på spørsmål.

Fellesframlegg:

Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningsliner for Ungdomsrådmidlane i samsvar med uttale frå Ungdomsrådet 08.03.2021.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 012/21 innstilling:

Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningsliner for Ungdomsrådmidlane i samsvar med uttale frå Ungdomsrådet 08.03.2021:

Ungdomsrådet (UR) legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.

Ungdomsrådet vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meiner at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta

delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:

Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "lønn/honorar":

- klassetur

- Endre punkt 2 i retningslinene frå:

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkerane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

- Leggje til nytt punkt, 9:

9. Unytta midlar

Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål, så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Under Alver ungdomsråd evalueringa si av "Ungdomsrådmidlane 2020" kom det fram nokre forslag til endringar i retningslinjene for ordninga.

Forslag om endringar vart sende til politisk behandling i OKK 02.02.2021.

OKK sende saka i retur, der dei spesielt bad om betre utgreiing om punkt 9, "Unytta midlar".

Saka kjem derfor opp igjen til behandling i Alver ungdomsråd

Saksopplysninger:

Om ordninga:

Frå politisk reglement for ungdomsrådet heiter det:

Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

§ 2 i forskrift om medvirkningsordningar gjer rom for at ungdomsrådet sjølv kan fordele midlane.

Ut frå ordlyden i "politisk reglement for Alver kommune", står ungdomsrådet relativt fritt til å disponere dei midlane dei har på kommunebudsjettet, så lenge dei nyttast til å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

Våren 2020 utarbeida Alver ungdomsråd retningsliner for å klargjera formålet med midlane, samt opne for at Alver ungdomsråd kan fordela tilskott etter søknad og syta for god handsaming.

Retningslinene vart godkjende av Alver kommunestyret 14.05.2020 (noverandre retningsliner ligg vedlagt saka).

Om framlegg til endringar:

I desember 2020 evaluerte Alver ungdomsråd korleis ordninga hadde fungert.

Basert på dei erfaringane dei hadde med handsaming av søknadar I 2020, kom ungdomsrådet med følgjande

framlegg til endringar i retningslinene:

Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:

Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

- Endre punkt 2 i retningslinene frå:

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkerane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

- Leggje til nytt punkt, 9:

9. Unytta midlar

Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

Kommentar om endringane:

Ungdomsrådet opplevde at fleire søknadar var utforma av ein vaksen, utan at ein kunne sjå korleis ungdommen hadde vore med i prosessen.

Ungdomsrådet ynskjer at ein tydeleg skal sjå at ungdom er involvert.

I frå tidligare Lindås kommune, har det vore praksis at ungdomsrådet etter eige skjønn har delt ut unytta midlar til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

I politisk reglement heiter det: - *Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*

Alver ungdomsråd tolkar formuleringa slik at dei kan dele ut unytta midlar til aktuelle aktørar utan søknad, men ynskjer at denne moglegheiten er presisert i retningslinene.

Etter handsaming av søknadar i 2020 stod det att kr 22500,-, som ungdomsrådet gav til Ungdomskontakten Salto (16500 kr) og opning av dagsturhytter (6000 kr). Dette er ein moglegheit ungdomsrådet opplev som ekstra meningsfylt, då dei aktivt kan påverka aktørar i oppvekstmiljøet.

Behandling i utval for Oppvekst, kunnskap og kultur (OKK) 02.02.21:

Ungdomsrådet sitt framlegg om endringar vart behandla av OKK 02.02.21, der dei fatta følgjande vedtak: *Saka vert utsett. Ber administrasjonen arbeida grundigare med punkt 9. unytta midlar, mtp at dette var hovudårsaka til revideringa av retningslinjene.*

Ny behandling i Alver ungdomsråd 08.03.21:

Sidan framlegget om endringar er eit initiativ frå Alver ungdomsråd, blir saka sendt til ny behandling i Alver ungdomsråd. Utvalsleiar for OKK vert invitert til møte for å drøfte saka saman med ungdomsrådet.

I ny behandling av saka, vil administrasjonen oppfordra ungdomsrådet til å formulera eit nytt framlegg om endringar, som tilpassar seg vedtaket frå OKK.

I tillegg til dei punkt Alver ungdomsråd allereie har lagt fram, vil ein frå administrasjonen oppfordre til å sjå på følgjande punkt:

- Støtte til skuleklassar (ref. tildelingar 2020).
- Tal søknadar per søker (kor mange søknadar kan ein aktør sende per år)

Vedlegg i saken:

22.02.2021

Retningslinjer Ungdomsrådmidlane - vedtatt 14.05.2020

1515531

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/21	Alver formannskap	11.03.2021
033/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Gjennomføring og finansiering av E39 Oval rundkjøring , kommunal del

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 018/21 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

Politisk handsaming

Saka skal til innstillingi formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Statens vegvesen skal bygge ny oval rundkjøring på E39 gjennom Knarvik senter. Prosjektet har ei total kostnadsramme på om lag 90 millionar. Det er Statens vegvesen som er byggherre for prosjektet som inkluderer ny oval rundkjøring på E39

ny gang- og sykkelvei med veilys langs E39 gjennom Knarvik sentrum, ny kulvert for gang- og sykkelvei, tilpasningar til eksisterande sideveggar og 450 meter med ny europaveg.

Dei delane av prosjektet som gjeld kommunale anlegg, skal finansierast av Alver kommune.

Saksopplysninger:

For å realisere prosjektet vil ein komme i berøring med kommunale vegar og kommunal infrastruktur; vatn, overvatn og avløp. Dette gjeld i hovudsak nytt VA-anlegg i anleggsområdet for oval rundkjøring, bekkeinntak i Lonselva og system for handtering av flomvatn frå Lonselva under E39 og ned mot Kvassnesstemma.

I samband med at Statens vegvesen skal bygge oval rundkjøring vil det vere gunstig for kommunen å gjere naudsynte tiltak på sine anlegg samstundes. Slik vert rigg- og driftskostnadene delt mellom kommunen og Statens vegvesen. Handteringa av flaumvatn frå Lonselva er eit viktig tiltak som er del av realiseringa av Knarvikplanen.

Kostnadene fordeler seg på følgjande måte:

- Utskifting av vatn og avløps-anlegg i prosjektområdet
- Rigg- og driftskostnader
- Bekkeinntak Lonselva

Kostnader fordelast med 40% på Vatn og 60% på avløp (spillvatn og overvatn).

I kostnadsoverslaget er det lagt inn 20 % usikkerheit.

Tidlegare Lindås kommune har vore deltakande i prosjektering og planlegging av prosjektets kommunale delar. Det har også vore avsett midlar til prosjektet i tidlegare økonomiplanar.

I gjeldande økonomiplan ligg det ikkje inne spesifiserte midlar til gjennomføringa av den kommunale delen av prosjektet.

Vurdering:

Prosjektet som vert styrt av Statens Vegvesen går i gang no. Det vil difor vere avgjerande for Alver kommune å løyse sin del av arbeidet samstundes. Alle arbeide er skildra og tatt inn i kontraktsarbeidet til Statens vegvesen. Ein føresetnad for å få gjennomført arbeida som del av entreprisen er at Alver kommune har avsett økonomiske mildar og ressursar til oppfølging av den kommunale delen av prosjektet. For å løyse ut midlar innanfor den økonomiske ramma i økonomiplanperioden er det sett på framdriftsjustering knytt til enkelte planlagte prosjekt. Dette gjeld prosjekta:

- 34009 Kløve -Eknes Vassleidning til 14 millionar
- 35050 Ikenberget pumpestasjon Avløp 7 millionar
- 35051 Ikenberget - Klubbstøa Pumpeledning Avløp 7 millionar

Desse prosjekta er planlagt mot slutten av økonomiplanperioden (2024) og treng truleg ytterlegare utgreiing før realisering.

Det er i tillegg sendt inn søknad til Miljøløftet om støtte til ombygging og oppgraderinga av flaumhandteringssystemet i prosjektet. I søknaden ber Alver kommune om 10 millionar kr. Dette vert ein viktig føresetnad for etablering av overflater med allmenningar, vegar, G/S vegar og turvegar og slik også grunnleggande infrastruktur for etableringa av den nye Knarvikbyen. Tiltaket har også eit viktig miljøperspektiv for betring av utskifting av vatn i Kvassnesstemma. Dersom søknaden vert innvilga går dette til fråtrekk på

avlaupsdelen av prosjektkostnaden.

Rådmannen legg fram følgende forslag til finansiering:

Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/21	Alver formannskap	11.03.2021
034/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Investeringsbudsjett 2020 – framdriftsjustering og rammejustering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Unyttta investeringsmidlar i 2020 vert flytta til 2021 i samsvar med tabell 1 i saksutgreiinga. Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med 85,93 mill. kr knytt til dette. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar og momsrefusjon som skissert i saksutgreiinga.
2. Alversund skule har hatt høgare økonomisk framdrift i 2020 enn budsjettet og budsjetttramma for 2021 for prosjekt 22001 Alversund skule vert redusert med 9,1 mill. kr jfr. tabell 2 i saksutgreiinga.
3. Det vert lagt inn 560 000 kr på nytt prosjekt 30003 til kjøp av feiarbil i investeringsbudsjettet for 2021. Prosjektet vert finansiert med bruk av unyttta lånemidlar og momsrefusjon.
4. Investeringsramma til kjøp av tre nye brannbilar (prosjekt 33002) vert auka frå 13,9 mill. kr til kr 18,5 mill. kr. Auken vert finansiert med bruk av unyttta lånemidlar og momsrefusjon.
5. Det vert lagt inn 2 210 000 kr til nytt investeringsprosjekt 13007 til kjøp av utstyr knytt til NHLV, legetenesta og fysioterapitenesta i samband med innflytting i Helsehuset. Prosjektet vert finansiert med bruk av unyttta lånemidlar og momsrefusjon.
6. Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse) vert auka med 6 350 000. Auken vert finansiert med 4 020 000 kr i anleggsbidrag, 1 060 000 kr i bruk av unyttta lånemidlar og med 1 270 000 kr i momsrefusjon.
7. 1 500 000 kr vert flytta frå prosjekt 34053 Nystøltunet Fyllingsnes vatn til prosjekt 35016 Nystøltunet Fyllingsnes avlaup.
8. Som følgje av vedtaks punkt 1 – 7 aukar investeringsbudsjettet i 2021 med 90,55 mill. kr. Dette vert finansiert i samsvar med vedlegg 1, med 74,89 mill. kr i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år, 11,39 mill. kr i momsrefusjon, 0,25 mill. kr i bruk av ubundne fond og 4,02 mill. kr i bruk av bundne fond.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 020/21 innstilling:

1. Unyttta investeringsmidlar i 2020 vert flytta til 2021 i samsvar med tabell 1 i saksutgreiinga. Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med 85,93 mill. kr knytt til dette. Auken vert finansiert av

unyttå lånemidlar og momsrefusjon som skissert i saksutgreiinga.

2. Alversund skule har hatt høgare økonomisk framdrift i 2020 enn budsjettert og budsjetttramma for 2021 for prosjekt 22001 Alversund skule vert redusert med 9,1 mill. kr jfr. tabell 2 i saksutgreiinga.
3. Det vert lagt inn 560 000 kr på nytt prosjekt 30003 til kjøp av feiarbil i investeringsbudsjettet for 2021. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.
4. Investeringsramma til kjøp av tre nye brannbilar (prosjekt 33002) vert auka frå 13,9 mill. kr til kr 18,5 mill. kr. Auken vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.
5. Det vert lagt inn 2 210 000 kr til nytt investeringsprosjekt 13007 til kjøp av utstyr knytt til NHLV, legetenesta og fysioterapitenesta i samband med innflytting i Helsehuset. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.
6. Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse) vert auka med 6 350 000. Auken vert finansiert med 4 020 000 kr i anleggsbidrag, 1 060 000 kr i bruk av unytta lånemidlar og med 1 270 000 kr i momsrefusjon.
7. 1 500 000 kr vert flytta frå prosjekt 34053 Nystøltunet Fyllingsnes vatn til prosjekt 35016 Nystøltunet Fyllingsnes avlaup.
8. Som følgje av vedtakspunkt 1 – 7 aukar investeringsbudsjettet i 2021 med 90,55 mill. kr. Dette vert finansiert i samsvar med vedlegg 1, med 74,89 mill. kr i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år, 11,39 mill. kr i momsrefusjon, 0,25 mill. kr i bruk av ubundne fond og 4,02 mill. kr i bruk av bundne fond.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar:

På fleire investeringsprosjekta har det i 2020 vore lågare framdrift enn budsjettert.

Totalt viser investeringsrekneskapen (pt. ikkje revidert av revisor) for 2020 (sjå vedlegg 2) at det er påløpt 428,7 mill. kr i ordinære investeringar (ekskl. startlån og andre kapitalutgifter) mot budsjettert kr 546,3 mill. Totalt er mindreforbruket på kr 117,6 mill i 2020.

For at dei aktuelle prosjekta skal verte gjennomført i samsvar med vedtak, gjer rådmannen framlegg om å flytte ein del av dei unytta midlane frå 2020 til budsjett 2021. Dette kjem i tillegg til reduksjonen av budsjettet gjort i tertialrapporten for 2. tertial 2020, der investeringsbudsjettet vart redusert med 178,6 mill. kr for overføring til 2021. Denne reduksjonen er imidlertid inkludert i rådmannen sitt opprinnelege budsjettframlegget for 2021, slik at det ikkje er trong for å justere for dette no.

I tillegg til flytting/justering av budsjett mellom 2020 og 2021 er det i tabell 3 nedanfor spesifisert endringar i spesifikke prosjekt ihht. budsjettframlegget punkt 3 til 7.

Investeringsprosjekta som vert foreslått flytta til 2021 er følgjande (tabell 1):

Budsjett Investeringar 2021 - overføring av ubrukte midlar frå 2020

Pr-nr	Prosjekt	Budsj 2021 inkl. mva	Endring- framlegg	Revid. budsj. 2021 inkl mva
12004	NETTBRETT SKULEELEVAR	2 380	560	2 940
12005	DATAUTSTYR SKULANE	-	560	560
13006	INVENTAR HELSEHUSET	3 825	1 020	4 845
21001	LINDÅS BARNEHAGE	17 000	11 080	28 080
21003	VEG/ INFRASTRUKTUR NY BARNEHAGE LINDÅS		2 500	2 500
21005	INVESTERING BARNEHAGEBYGG		1 000	1 000
21008	SOLHALL OPPGRADERING	200	1 785	1 985
22008	LEIKEPLASSUTSTYR	250	250	500
22018	UTSTYR OG MØBLER TIL MUSK		300	300
22019	UTEAREAL SAGSTAD SKULE		60	60
23005	TURSTIAR/LYSSETTE TURLØYPAR	5 300	43	5 343
23008	DAGSTURHYTTAR	2 750	656	3 406
23009	MEIERIET FREKHAUG	1 000	250	1 250
23016	PARKERING/RASTEPLASSAR - Meland	300	268	568
23018	TURSTI SOLENDFJELLET		150	150
23019	PRESTEGARDEN/HAGEN/TINGSTOVA		350	350
23020	AREAL IDRETTSANLEGG LEIRDALEN		1 000	1 000
25002	INVESTERING BUSTADER		6 650	6 650
25003	UTLEIGEBUSTADER PRESTMARKV. MÅNGER - 5 STK		280	280
26001	INVESTERING INSTITUSJON OG OMSORGSBUSTADER	1 000	680	1 680
26006	OMSORGSBUSTADER MED HEILDØGNS TILSYN - Meland		3 870	3 870
29002	GRAVPLASS LINDÅS	10 000	4 570	14 570
29005	UTVIDING AV KYRKJEGARD - Meland		1 000	1 000
30001	BILAR OG MASKINER		340	340
30002	UTSTYR OMSORGSTEKNOLOGI / KVARASREHABILITERING		2 050	2 050
33004	BRANNSTASJONEN PÅ MÅNGER		830	830
34003	VA-ANLEGG MYRVOLLANE - MOLDEKLEIV7	7 500	1 940	9 440
34032	ISDAL-HERLANDSTØ-FLATØY		350	350
34036	LINDÅS GRAVPLASS- LINDÅS BARNEHAGE VANNLEDNING		3 480	3 480
34038	LITTLEBERGEN-FLATØY VANNLEIDNING		83	83
34040	HÅØYA KOMM.BOLIG - TILSKOT VASSLEIDNING		250	250
34045	STALLANE - HELSEHUSET VATN		3 780	3 780
35001	VA-ANLEGG MELAND VASSVERK - MYRVOLLANE	4 800	2 000	6 800
35005	AVLØPSPROSJEKT IHT. PLAN		9 215	9 215
35010	RESIPIENTUNDERSØKELSER	1 000	135	1 135
35019	KVASSNESET HOVEDRENSEANLEGG		1 430	1 430
35034	SJURSET LITLÅS OVERFØRINGSLEIDNING		920	920
35045	STALLANE - HELSEHUSET AVLAUP		340	340
36002	TRAFIKKSIKRING	1 150	3 500	4 650
37001	UNIVERSELL UTFORMING/ SÆRLIG TILRETTELEGGING	1 500	290	1 790
37003	UTBYGGING KNARVIK		11 265	11 265
37005	MINDRE TOMTEKJØP/ GRENSEJUSTERINGAR	2 000	1 800	3 800
37013	BREIBAND - ALVER 2022		2 300	2 300
37014	OVERBYGG SCENE/AMFI FREKHAUG TORG		750	750
SUM		61 955	85 930	147 885

Eitt prosjekt har høgare økonomisk framdrift enn budsjettet i 2020, og for dette prosjektet gjer rådmannen framlegg om å redusere budsjettet for 2021 slik (tabell 2):

Budsjett Investeringar 2021 - reduksjon av budsjett 2021 som følge av høgare framdrift i 2020 enn budsjettet.

Pr-nr	Prosjekt	Budsj 2021 inkl. mva	Endring- framlegg	Revid. budsj. 2021 inkl mva
22001	NY ALVERSUND BARNESKULE INKL HALL OG INFRAS	168 813	- 9 100	159 713
SUM		168 813	- 9 100	159 713

Ny feiarbil (prosjekt 30003)

I samband med budsjettarbeidet 2021 var det planlagt kjøp av ny bil til feiaravdelinga. Renter og avdrag på

kjøpet av ny bil er budsjettert på sjølvkostområdet feiing i 2021, men ved ein inkurie vart ikkje denne investeringa teke med i rådmannen sitt budsjettframlegg og dermed ikkje i kommunestyret sitt vedtak. Rådmannen gjer difor no framlegg om å auke investeringsbudsjettet med kr 560.000 til kjøp av ny feiarbil. Dette vil ikkje påverke rekneskapsresultatet for 2021, i og med at renter og avdrag er budsjettert.

Auka ramme til nye brannbilar (prosjekt 33002):

Nordhordland brann og redning (NHBR) blei etablert 01.01.2019 og består av fire tidlegare brannvesen. Alver kommune blei vertskommune frå 2020. Bilparken i NHBR er tilpassa den gamle organisasjonsstrukturen med fire fullverdige brannvesen. For å sikre ei meir kostnadseffektiv drift og ein optimal bruk av brannbilar i ny organisasjon, er det behov for å investere i tre nye brannbilar. Samtidig blir det selt unna fem bilar. Investeringa på tre nye bilar vil gje ei innsparing på driftskostnadar på kr 1,25 mill. kr i økonomiplanperioden. I 2020 blei det gjennomført ein anbudsprosess for innkjøp av nye brannbilar, og det viste seg at pris per bil låg betydeleg høgare enn det som marknaden tidlegare hadde vist. Vedtatt investeringsramme på kr 13,9 mill. kr vil såleis ikkje dekke ei investering på tre slike bilar.

Rådmannen har gjort ein ny vurdering rundt denne saka. Det er viktig å gjennomføre ei investering som sikrar god beredskap og som gir betydeleg lågare driftskostnadar. Det er vurdert innkjøp av både to og tre bilar, men det er investering av tre bilar som gir best resultat for driftskostnad og beredskap. Tre nye bilar bidrar også til at NHBR kan selje unna fem andre bilar, og dette vil også gje ein betydeleg effekt på diverse drifts- og reparasjonskostnadar. Rådmannen rår til at det blir investert i tre nye brannbilar med ei investeringsramme på kr 18,5 mill. kr. Denne ramma byggjer på dei prisane som kom inn i anbudsprosessen, i tillegg er det lagt inn 5% usikkerheit.

Sal av dei gamle bilane er ikkje del av finansieringa i dette prosjektet. Eventuelle salsinntekter av eksisterande bilar vert å føre på eige prosjekt og salsinntekt tilført ubunde kapitalfond.

Prosjekt 13007 - Kjøp av utstyr knytt til NHLV(Nordhordland legevakt), legetenesta og fysioterapitenesta:

I samband med budsjettarbeidet vart det spilt inn trong for investeringsmidlar knytt til utstyr helsehus. Utstyret det er trong for er personheisar, undersøkingsbenkar og anna utstyr både til Norhordland legevakt, fysioterapitenesta og legekontor. Det er budsjettert med avdrag for investeringsbehovet under NHLV, men investeringa er ved ein feil ikkje ført opp i investeringsoversynet. I tillegg til det behovet som vart spilt inn i samband med budsjettarbeidet, har det kome fram auka trong for utstyr i 2021 for fysioterapitenesta og legekontor. Dette skuldast at noko av utstyret vi per i dag har på dei ulike lokasjonane er utdatert og ikkje funksjonelt i nytt helsehus.

Behova er som følgjer:

Område	Beløp (inkl mva)	Kommentar - beskrive kva type utstyr det er behov for)
NHLV	kr 1 500 000	Medisinsk utstyr til legvakt / ØHD, se eget vedlegg
Fysioterapitenesta	kr 405 000	2 takheisar, 4 terapimaster, 3 behandlingsbenkar, treningsapparat og treningsutstyr, inventar lager, stoler (utanom felles innkjøp).
Legekontor	kr 300 000	Dekontaminator, benker og diverse utstyr til lab og legekontor
Sum trong for auka ramme	kr 2 205 000	

Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse)

Kommunen mottok i 2020 kr 5,29 mill. i bidrag gjennom utbyggingsavtale med Egil Danielsen Stiftelse til prosjektet. Prosjektet vart ikkje ferdig i 2020, og må difor skyvast til 2021.

Prosjekt 36017 - Mjåtveitvegen heng saman med prosjekt 34039 - Mjåtveitvegen ny hovudvassleidning vatn (budsjettert med 531.000 kr i 2021) og prosjekt 35039 - Mjåtveitvegen avløp (budsjettert med 885.000 kr i 2021). Totalt er det rekna med utgifter på kr 6.500.000,- (ekskl. mva) til desse 3 prosjekta i 2021. Av dette er 5 080 000 kr (6.350.000 kr inkl. mva) kalkulert på prosjekt 36017 (vegdelen av prosjektet).

Finansieringa av vegdelen av prosjektet (36017) er anleggsbidrag 4.020.000 kr, momsrefusjon på 1.270.000 kr og 1.060.000 kr i bruk av lånemidlar. Den reelle kostnadsauken som kommunen sjølv må finansiere i 2021 som følgje av meirkostnadar i prosjektet er 1.060.000 kr.

Sum av endringar i punkt 3-7 i vedtaket kommentert i utgreiinga over (tabell 3):

Pr-nr	Prosjekt	Budsj 2021 inkl. mva	Endring- framlegg	Revid. budsj. 2021 inkl mva
13007	UTSTYR HELSEHUS NHLV, FYSIO OG LEGETENESTE		2 210	2 210
33003	NY FEIARBIL		560	560
33002	NYE BRANNBILAR	13 900	4 600	18 500
34053	Nystøltunet, Fyllingsnes vatn	2 500	- 1 500	1 000
35016	NYSTØLTUNET , FYLLINGSNES AVLAUP	1 000	1 500	2 500
36017	MJÅTVEITV. - BIDRAG VEG DANIELSEN		6 350	6 350
36017	MJÅTVEITV. - BIDRAG VEG DANIELSEN		- 4 020	- 4 020
SUM		17 400	13 720	31 120

Tidligere vedtatt sak i 2021 - KS 013/21 Startlån til vidareutlån og KS 014/21 – tillegg Holme – Tveit

I sak 13/21 i kommunestyret vart budsjettet på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån auka med kr 30 mill. frå kr 80 mill. til kr 110 mill. I tillegg kjem budsjetterte avdrag med kr 19,6 mill (uforandra), slik at brutto budsjett prosjekt 40002 er kr 129,6 mill. Auken er inkl. i tala for budsjett 2021 før endring i totaloversikten under.

I sak 14/21 vart investeringsbudsjettet for 2021 auka med følgjande prosjektnr. knytt til Holme-Tveit:

Pr-nr	Prosjekt	Budsj 2021 inkl. mva	Endring- framlegg	Revid. budsj. 2021 inkl mva
34046	HOLMEKNAPPEN TVEIT VATN	1 500		1 500
35024	HOLMEKNAPPEN TVEIT AVLAUP	1 554		1 554
36006	VEG HOLME - TVEIT	691		691
SUM		3 745	-	3 745

Summen på kr 3,7 mill er inkl. i tala for budsjett 2021 før endring i totaloversikten under.

Totaloversikt investeringsbudsjett 2020:

Framlegget inneber at investeringsbudsjettet totalt for 2021 vert auka frå 602,6 mill. kr til 693,2 mill. Tabell 4 under viser at netto auke av budsjettet for 2021 vert kr 90,55 mill.

Budsjett Investeringar 2021 - totaloversikt

Pr-nr	Prosjekt	Budsj 2021 inkl. mva	Endring- framlegg	Revid. budsj. 2021 inkl mva
	IKT OG ADMINISTRASJON	10 455	1 120	11 575
	ADMINISTRASJONSBYGG	3 825	3 230	7 055
	BARNEHAGEBYGG	19 200	16 365	35 565
	SKULEBYGG	183 610	- 8 490	175 120
	KULTUR OG IDRETT	19 339	2 717	22 056
	BUSTADER	2 606	6 930	9 536
	INSTITUSJON OG OMSORGSBUSTADER	20 710	4 550	25 260
	KYRKJELEG FELLESRÅD	14 295	5 570	19 865
	TRANSPORTMIDALR OG TEKNISK UTSTYR	-	2 950	2 950
	BRANN	29 400	5 430	34 830
	VATN	97 918	8 383	106 301
	AVLØP	51 439	15 540	66 979
	VEG	8 341	9 850	18 191
	AREAL OG ANNA UTBYGGING	5 500	16 405	21 905
	ANDRE KAPITALUTGIFTER INKL. STARTLÅN	136 000	-	136 000
	SUM FINANSIERINGSBEHOV	602 638	90 550	693 188
	FINANSIERING KOMMUNALE INVESTERINGAR	- 323 681	- 66 627	- 390 308
	FINANSIERING VA-INVESTERINGAR	- 149 357	- 23 923	- 173 280
	FINANSIERING FORMIDLINGSLÅN	- 129 600	-	- 129 600
	SUM FINANSIERING ALLE PROSJEKT	- 602 638	- 90 550	- 693 188

Finansiering av budsjettendringane:

Det er ubrukte lånemidlar på 286 mill. kr til kommunale investeringar og VA-investeringar avsett i balansen (førebels rekneskap per 31.12.2020). Det er såleis ikkje trong for nye låneopptak for å finansiere framlegget til endring i investeringsbudsjett, då endringane vert finansiert med bruk av lånemidlar frå tidlegare år.

I tillegg til ubrukte lånemidlar og momsrefusjon er 250.000 kr planlagt bruk av disposisjonsfond til finansiering av prosjekt 34040 Håøy Komm.bolig Tilskot Vassleidning, jfr. vedtak i tidligare Meland kommune.

Investeringane skal også finansierast med 4.020.000 kr av bunde fond i samband med prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen.

Elles er kommunale investeringar i tabellane i saka inkludert mva, og momskompensasjon knytt til desse prosjekta vil dermed inngå som del av finansieringa.

Fullstendig investeringsoversyn for 2021 med finansiering er lagt ved saka (vedlegg 1).

Eventuell effekt på rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet for 2021 som følgje av endra låneopptak i 2021 vert kommentert og vurdert i samband med 1. tertialrapport saman med eventuell budsjettjustering som følgje av dette.

Vedlegg i saken:

04.03.2021	Vedlegg 1 Investeringsbudsjett 2021 inkl. overf. frå 2020	1520054
04.03.2021	Vedlegg 2 Investeringsrekneskap 2020 med framlegg til overføring til 2021 (002)	1520055

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/21	Alver formannskap	11.03.2021
035/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Handtering av tilbakeføring frå KLP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar alternativ 1. Tilbakeføringa frå KLP vert i sin heilskap nytta til å betale pensjonspremie i 2021. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta i 2021 på 18,3 mill. kr vert innarbeidd i 1. tertialrapport. Dei økonomiske konsekvensane for 2022 – 2028 vert innarbeidd i økonomiplan 2022 – 2025.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Beskrevet Basisalternativ blir nytta i saken

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 021/21 innstilling:

Kommunestyret vedtar alternativ 1. Tilbakeføringa frå KLP vert i sin heilskap nytta til å betale pensjonspremie i 2021. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta i 2021 på 18,3 mill. kr vert innarbeidd i 1. tertialrapport. Dei økonomiske konsekvensane for 2022 – 2028 vert innarbeidd i økonomiplan 2022 – 2025.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Dei nye reglane om offentleg tenestepensjon gjer at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar vert redusert. Hausten 2020 orienterte KLP om at kommunane skal få tilbakeført til premiefond den økonomiske effekten av endringa i avsetningskravet. For Alver kommune er det estimert til om lag 135 mill. kr. I mai 2021 vil KLP gå ut med endelege tal for tilbakeføring til kommunane. Tilbakeføringa vert gjort ved overføring av midlar frå kommunen sine pensjonsmidlar i pensjonsordninga i KLP til premiefond, som kan disponerast fritt av kommunen til betaling til betaling av pensjonspremien.

Kommunen bør innan 18. juni 2021 gje tilbakemelding til KLP om korleis dei vil innrette tilbakeføringa til premiefondet.

Uavhengig av om tilbakeføringa vert 130 mill. kr eller 150 mill. kr, må kommunestyret vedta korleis tilbakeføringa skal handterast. Det er fleire ulike måtar å handtere tilbakeføringa på, og dei ulike alternativa vil også gi ulik positiv økonomisk effekt dei kommande åra. Dei ulike alternativa med økonomisk konsekvens vert i det følgjande presentert. Basert på innspel frå KLP har vi berekna følgjande utviking i pensjonskostnaden (kun KLP) i perioden 2021-2028 dersom vi lar midlane stå på premiefond (svarer til situasjonen før overføringa ved

at KLP forvalta midlane som del av kommunen sine pensjonsmidlar):

KLP pensjon 2021-2028 basialternativ - la tilbakebetalte midlar stå på premiefond

mill kr	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbetaling	139,9	182,1	187,8	202,5	207,6	212,4	216,4	220,4	224,4
Netto pensjonskostn. inkl. omkostn.	118,3	118,3	122,0	126,1	130,2	134,4	138,4	142,4	146,4
Amortisert premieavvik	14,4	17,8	24,2	31,9	41,1	51,2	60,3	65,9	73,9
Sum pensjonskostnad per år	132,7	136,1	146,2	158,0	171,3	185,6	198,7	208,3	220,3
Premieavvik	21,6	63,8	65,8	76,4	77,4	78,0	78,0	78,0	78,0

Vi ser at kommunen dei neste åra kan forvente auka pensjonskostnader, særleg knytt til auke i det amortiserte premieavviket. Det amortiserte premieavviket er lågt for Alver kommune i dag fordi Lindås kommune til og med 2019 hadde 1 års amortisering, og drar med seg eit lågt premieavvik inn i Alver kommune. Vi får kostnadsauke fram til denne effekten er utjamna etter 7 år.

Budsjettet er basert på dagens pensjonsreglar og mange forhold framover kan påverke utviklinga i pensjonskostnaden.

Alternativ 1 – Nytte tilbakeføringa i sin heilskap til å betale pensjonspremien for 2021

Dette alternativet inneber at Alver nyttar alle dei tilbakeførte midlane på 130 mill. kr til å betale pensjonspremien i 2021.

Økonomisk konsekvens:

1. Den årlege pensjonskostnaden aukar noko som følge av at kommunen har kr 130 mill. kr mindre i midlar på fond dei neste åra. Dette er ein renteeffekt, og er berekna til 2,3 mill. kr i 2021 og om lag 5 mill. kr per år deretter.
2. Premieavviket vert påverka dei neste 7 åra med 1/7 av det tilbakeførte beløpet på 130 mill. kr. I tillegg vert premieavviket påverka av auke i pensjonskostnaden i punkt 1 over.
3. Vi sparar arbeidsgjevaravgift av det vi bruker av tilført premiefond til betaling av premie, dvs. 14,1% av 130 mill. kr, som er 18,3 mill. kr i 2021.

KLP pensjon 2021-2028 alt 1 - bruke kr 130 mill til premiebetaling i 2021

mill kr	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbetaling	139,9	52,1	187,8	202,5	207,6	212,4	216,4	220,4	224,4
Bruk av premiefond til premie		- 130,0							
Netto pensjonskostn. inkl. omkostn.	118,3	118,3	122,0	126,1	130,2	134,4	138,4	142,4	146,4
Rente-effekt red. premiefond		2,3	4,6	4,8	5,0	5,2	5,4	5,6	5,8
Amortisert premieavvik	14,4	17,8	24,2	31,9	41,1	51,2	60,3	65,9	73,9
Endring amortisert premieavvik			- 18,9	- 19,6	- 20,2	- 21,0	- 21,7	- 22,5	- 23,3
Reduksjon arb.giv.avg. pensjon		- 18,3							
Sum pensjonskostnad per år	132,7	120,1	131,9	143,2	156,1	169,8	182,4	191,4	200,0
Premieavvik	21,6	- 68,5	61,2	71,6	72,4	72,8	72,6	72,4	72,0
Netto endring kostn. alt 1:	-	- 16,0	- 14,3	- 14,8	- 15,2	- 15,8	- 16,3	- 16,9	- 17,4
Sum endring (innsparing) 2022-2028:	-	- 126,8							

I sum vert det ei innsparing i perioden 2021-2028 på om lag kr 127 mill. kr., og årleg på mellom 14,3 mill. kr. og 17,5 mill. kr. Effekten i 2021 er i hovudsak som følge av redusert arbeidsgjevaravgift, og effekten deretter som følge av redusert premieavvik og noko auke i pensjonskostnad.

Fordel/ ulempe: Ulempa ved dette alternativet er at den positive effekten ikkje vert fordelt på meir enn 7 år. Dersom den positive effekten vert nytta til å reduserte tidlegare planlagde innsparingar, eller vert nytta til auka drift på andre områder, vil utfordringane i år 2029 auke med om lag 18 mill. kr samanlikna med år 2028.

Fordelen ved dette alternativet er at kommunestyret får lengre tid til å planlegge naudsynte endringar i drifta enn det dagens økonomiplan legg opp til. Innsparingane som er lagt inn, spesielt på pleie og omsorg er svært krevjande å gjennomføre på kort sikt.

Alternativ 2 – Nytte halve tilbakeføringa til å betale pensjonspremien for 2021 og halve til å betale pensjonspremien i 2028

Dette alternativet inneber at Alver nytter halvparten av dei tilbakeførte midlane på 130 mill. kr til å delbetale pensjonspremien i 2021, sparer resten (65 mill. kr), og brukar dette til å delbetale premie i 2028.

Økonomisk konsekvens:

1. Den årlege pensjonskostnaden aukar noko som følge av at kommunen har kr 65 mill. kr mindre i midlar på fond dei neste åra. Dette er ein renteeffekt, og er berekna til 1,1 mill. kr i 2021 og aukane til om lag 3 mill. kr per år deretter.
2. Premieavviket vert påverka dei neste 7 åra med 1/7 av det tilbakeførte beløpet på 65 mill. kr i 2021. Deretter i ytterlegare 7 år med 1/7 av det tilbakeførte beløpet på 65 mill. kr i 2028. I tillegg vert premieavviket påverka av auke i pensjonskostnaden i punkt 1 over.
3. Vi sparar arbeidsgjevaravgift av det vi brukar av tilført premiefond til betaling av premie, dvs. 14,1% av 65 mill. kr, som er 9,2 mill. kr i 2021 og 9,2 mill. kr i 2028.

KLP pensjon 2021-2028 alt 2 - bruke kr 65 mill i 2021 og kr 65 mill i 2028 til premiebetaling

mill kr	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbetaling	139,9	53,3	187,8	202,5	207,6	212,4	216,4	220,4	224,4
Bruk av premiefond til premie		- 65,0							- 65,0
Netto pensjonskostn. inkl. omkostn.	118,3	118,3	122,0	126,1	130,2	134,4	138,4	142,4	146,4
Rente-effekt red. premiefond		1,1	2,3	2,5	2,5	2,6	2,7	2,8	2,9
Amortisert premieavvik	14,4	17,8	24,2	31,9	41,1	51,2	60,3	65,9	73,9
Endring amortisert premieavvik			- 9,4	- 9,8	- 10,1	- 10,5	- 10,8	- 11,2	- 11,6
Reduksjon arb.giv.avg. pensjon		- 9,2							- 9,2
Sum pensjonskostnad per år	132,7	128,0	139,1	150,7	163,7	177,7	190,6	199,9	202,4
Premieavvik	21,6	- 66,1	63,5	73,9	74,9	75,4	75,3	75,2	75,1
Netto endring kostn. alt 2:	-	- 8,1	- 7,1	- 7,3	- 7,6	- 7,9	- 8,1	- 8,4	- 17,9
Sum endring (innsparing) 2022-2028:	- 72,3						- 60,0		

I sum vert det ei innsparing i perioden 2021-2028 på om lag 72 mill. kr, og årleg på mellom 7,1 og 8,4 mill. kr. Effekten i 2029-35 er ikkje rekna i detalj, men utgjør minimum kr 60 mill. Effekten i 2021 og 2028 er i hovudsak som følgje av redusert arbeidsgjevaravgift, og effekten elles som følgje av redusert premieavvik og noko auke i pensjonskostnad.

Forskjellen mellom alternativ 1 og 2 er i hovudsak at vi får ein resultat effekt fordelt over dei neste 14 åra i staden for over 7 år.

Sjølv om kommunestyret vedtar dette alternativet, kan den siste halvdel av tilbakeføringa nyttast som delbetaling tidlegare enn 2028 om kommunestyret seinare ynskjer det. Den positive økonomiske effekten kan altså fordelast på færre år enn 14, ved at kommunestyret vedtar å nytte siste halvdel av tilbakeføringa som delbetaling av pensjonspremien tidlegare enn i 2028.

Alternativ 3 – Nytte deler av tilbakeføringa som årleg delbetaling. Kommunestyret angir kor mange år som skal leggast til grunn.

I motsetnad til alternativ 1, der den positive økonomiske effekten vil gjelde i dei kommande 7 åra, kan vi under dette alternativet sette kor mange år vi ynskjer å fordel den positive effekten på. Dersom kommunestyret vedtar at tilbakeføringa skal nyttast som delbetaling i dei neste 5 åra, vil den positive økonomiske effekten fordelast over 11 år, og ved delbetaling i 10 år vil effekten fordelast over 16 år.

I tillegg til den direkte effekten på det årlege premieavviket vil det for kvart år det blir brukt av premiefond komme en innsparing i arbeidsgjevaravgift, og det vil komme effekt av auke i pensjonspremie.

Alternativa 1 til 3 over inneber at vi går vidare med tidlegare vedtak om at kommunen skal amortisere premieavviket over 7 år. Det siste alternativet som er vurdert i saka er konsekvens ved overgang til 1 års amortisering.

Alternativ 4 – Endre frå 7 til 1 års amortisering

Den økonomiske effekten av dette alternativet kan summerast opp slik:

KLP pensjon 2021-2028 alt 4 - bruke kr 130 mill til premiebetaling i 2021 og overgang til ett års amortisering

mill kr	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbetaling	139,9	52,1	187,8	202,5	207,6	212,4	216,4	220,4	224,4
Bruk av premiefond til premie		- 130,0							
Netto pensjonskostn. inkl. omkostn.	118,3	118,3	122,0	126,1	130,2	134,4	138,4	142,4	146,4
Rente-effekt red. premiefond		2,3	4,6	4,8	5,0	5,2	5,4	5,6	5,8
Amortisert premieavvik	14,4	17,8	24,2	31,9	41,1	51,2	60,3	65,9	73,9
Endring amortisert premieavvik			- 77,6	42,7	42,2	31,9	21,2	9,8	- 1,5
Reduksjon arb.giv.avg. pensjon		- 18,3							
Sum pensjonskostnad per år	132,7	120,1	73,2	205,5	218,5	222,7	225,3	223,7	224,6
Premieavvik	21,6	- 68,5	61,2	71,6	72,4	72,8	72,6	72,4	72,2
Netto endring kostn. alt 4:	-	- 16,0	- 73,0	47,5	47,2	37,1	26,6	15,4	4,3
Sum endring (meirkostnad) 2022-2028:	89,1								
Sum diff alt 1 -alt 4 - 2022-2028:	- 215,9								

Eit års amortisering, slik Lindås kommune hadde før kommunesamanslåinga, inneber at vi kostnadsfører i år 2 (eller inntektsfører ved positivt premieavvik) det premieavviket som oppstår i år 1.

Med dette alternativet vil vi få ein innsparing i 2021 på 16 mill. kr grunna arbeidsgjevaravgift, ein stor positiv resultat effekt i forhold til gjeldande budsjett i 2022 på 73 mill. kr, men betydeleg auka kostnader i åra etter 2022. I sum for perioden 2022-2028 er kostnaden rekna å vere 216 mill. høgare enn i alternativ 1., og 89 mill. kr høgare enn å la midlane stå på premiefondet i perioden (basisalternativet).

Andre forhold knytt til forventa utvikling av Alver kommune sin pensjonskostnad gjer at overgang til 1 års amortisering ikkje vil vere lønnsamt. Frå 2029 vert truleg det mindre avvik mellom alternativ 1 og 4. Men alternativ 4 har i sum for perioden 2022-2028 ein meirkostnad på nær kr 200 mill.

Rådmannen vil ikkje tilrå alternativ 4 også av desse årsakene:

1. I utakt med resten av kommunenorge.
 Dei aller fleste norske kommunar har 7 års amortisering av premieavviket. Dersom Alver kommune skulle gå over til 1 års amortisering ville vi komme i «utakt» med kommunenorge. Om vi framover får eit år med uvanleg stor pensjonseffekt (som kan skje ved nye regelendringar), vil kommunar med 1 års amortisering få ein økonomisk effekt første året, som dei fleste andre vil kunne fordele dette over 7 år.

 Vi kan dermed ikkje rekne med å få kompensert for ein slik mogeleg kostnadsauke. Normalt kan vi berre rekne med kompensasjon for uventa endringar når endringane «går ut over» alle kommunane i Norge
2. Dette alternativet gir meir uforutsigbar økonomistyring. Dette fordi vi da ikkje kan fordele svingingar i premieavviket over fleire år, og må handtere dette frå eit år til det neste. Kan føre til trong for uønska innsparingstiltak på kort sikt, eller at det vert trong for å nytta disposisjonsfondet for å handtere større endringar i premieavviket/pensjonskostnaden frå år til år.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/21	Alver formannskap	11.03.2021
036/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Miljøløftet - prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og lokale belønningsmidlar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sluttar seg til dei tilrådingane som er lagt fram i saka.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå SP, AP, KRF og H ved N.M.Aadland-H:

Alver kommune ber om at snøggbåtsambandet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik (Nordhordlandsruta) blir lagt inn i takstzone A. I tillegg må rutefrekvensen på dette sambandet aukast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 024/21 innstilling:

Alver kommune sluttar seg til dei tilrådingane som er lagt fram i saka.

Alver kommune ber om at snøggbåtsambandet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik (Nordhordlandsruta) blir lagt inn i takstzone A. I tillegg må rutefrekvensen på dette sambandet aukast.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing

Saka gjeld:

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune vil legge inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, no for perioden 2022 –2025, og til dei tilhøyrande belønningsmidlane for 2019, 2020 og 2021.

Organisering, prinsipp og prosess for innspel av prosjekt til Miljøløftet vart gjennomgått som bakgrunn i sak KO-066/20, som også omhandla handlingsprogrammet for 2021-2024.

Frå administrasjonen vart Formannskapet i styringsgruppemøte orientert den 4. februar 2021 om administrasjonen sitt framlegg til innspel i høve den årlege rulleringa av handlingsprogrammet, no for perioden 2022 – 2025.

Denne saka gjeld den politiske handsaminga av dette framlegget.

Bakgrunn:

I 2020 spelte Alver kommune inn desse anleggsprosjekta i handlingsprogrammet, som så vart handsama i Samferdselsdepartementet:

- Kvamsbrekko, kr 12,8 mill i 2021

- Knarvik, – g/s veg i sentrum, kr 10,3 mill i 2021
- Knarvik, - gangveg Helsehuset til Såtabu, kr 4,1 mill i 2021
- Sagstadvegen, kr 30,7 mill i 2022
- Flatøy, - g/s veg, kr 61,5 mill i 2021 - 2023
- Ingen av Alver sine prosjekt vart prioritert i statsbudsjettet for 2021, som også er grunnlaget for den årlege overføringa til Miljøløftet.

I styringsgruppemøte i Miljøløftet den 15. januar i år vart imidlertid tilgjengelege midlar på post 66 i Miljøløftet omdisponert for å sikre framdrift. Følgjande prosjekt blei prioritert og finansiert der:

- Kvamsbrekko, kr 12,8 mill
- Knarvik, - gangveg Helsehuset til Såtabu, kr 4,1 mill.

I tillegg er Mjåtveitvegen finansiert med belønningmidlar frå 2019-kvoten til Alver kommune.

Knarvik, g/s veg i sentrum, på 10,3 millionar (- gjeld kommunal infrastrukturtiltak i entreprise for oval rundkøyring), Sagstadvegen med 30,7 mill og g/s veg Flatøy er ikkje er finansiert. Det har i ettertid vorte klårt at Flatøyprosjektet ikkje kan startast opp som forutsett grunna påverknad frå planprosessen med kommunedelplan for ny E39.

Kriteria for utløyning av dei statlege midlane til finansiering av fylkeskommunale og kommunale prosjekt gjennom Miljøløftet er strenge og omfattande, ref. blant annet følgjande utdrag av ny informasjon frå Staten:

- *Det forutsettes at bruken avgrenses til investeringer i tiltak for kollektivtransport, sykling og gange langs fylkeskommunal og/eller kommunal vei, og at en slik prioritering vurderes som mer kostnadseffektiv/samfunnsøkonomisk lønnsom eller øker måloppnåelsen i bymiljø-/ byvekstavtalene sammenlignet med riksveitiltak.*
- *For fylkeskommunale/kommunale prosjekter som finansieres med statlige midler til programområdetiltak, dekker de statlige midlene utelukkende kostnader som påløper etter anleggsstart. Alle andre kostnader knyttet til prosjektet, som planleggings- og prosjekteringskostnader, dekkes av lokale myndigheter. Det kan skje gjennom bruk av belønningmidler tildelt over kap. 1330, post 66, bompenger der det er aktuelt eller lokale midler. For de fleste prosjekter/tiltak vil prosjekteringskostnader utgjøre en relativt liten prosentvis andel av prosjektets samlede kostnader.*

For å kome gjennom prosessen med handlingsprogram og statleg finansiering må altså kommunane ha sørga for at det einiskilde anleggsprosjekt er i reell byggefase same året som det vert lagt inn finansiering til anleggutføringa i handlingsprogrammet. Det betyr at reguleringsplan må vere gjeldande og «fersk», grunnverv må vere klart og avslutta, -inkludert eventuelle ekspropriasjonar og klagefristar, og alle prosessane som tilhøyrer prosjekteringsfasen må vere ferdigstilte og byggherretilhøva må vere avklart og godkjent, inkludert avtalar/garantiar vedr eventuelle økonomiske overskridingar.

Alver kommune har ei lang rekke prosjekt som kan egne seg for finansiering gjennom Miljøløftet, men ved gjennomgang av desse er det klårt at dei er langt frå klare for anleggstart etter Staten sine krav her. Prosessen fram dit, særleg frå reguleringsnivå og til anleggstart er ofte uoversiktleg, komplisert, tidkrevjande og kan vere kostbar. Slike prosessar tar normalt fleire år etter at reguleringsplan er ferdig godkjent.

I samband med Miljøløftet kan dette medføre at prosjekt vert lagt inn urealistisk tidleg til anleggutføring, nok som fører til opphoping av prosjekt som i realiteten ikkje er klare for anleggsoppstart og som difor blokkerer for finansiering av prosjekt som er klare. Dette gjeld både for samla prosjektportefølje og for den enkelte part/kommune sin portefølje.

I tillegg til dei reine anleggsmidlane på i snitt 29,5 millionar årleg, har også Alver kommune ein årleg sum på 2,46 millionar i belønningmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema, mellom anna:

- Planarbeid og prosjektering
- Utgreiingar
- Kampanjar

- Ruteproduksjon kollektiv
- Fysisk utbygging
- Utstyr
- Tilskotsordningar

Vurdering.

Miljøløftet (Byvekstavtalen) har strenge krav for statleg finansiering, særleg på effektutslaget innan programområda (kollektiv, sykling/gange). Vidare er det berre anleggsgutgiftene, altså utgifter etter at anleggsarbeidet er starta opp, som vert dekkja.

Samstundes ligg det ein omfattande lokalpolitisk prosess til grunn for Miljøløftet/Byvekstavtalen, med ulike politiske forventningar om å få utført ulike anlegg rundt omkring i kommunen.

Rådmannen ser her eit behov for generelle retningslinjer på korleis administrasjonen skal prioritere sitt arbeid med moglege prosjekter i kommunen. Dette arbeidet bør også ha koordinering med kommuneplan, og medføre ein enklare prosess med finansiering gjennom budsjett i både kommunen og Miljøløftet.

Kommunen har som nemnt tilgjengeleg 2,46 millionar årleg i belønningssmidlar frå og med 2019. Midlar herfrå kan brukast til få klargjort prosjekt til anleggsmiddelprosjekta, men også til ei lang rekke andre tiltak. Til dømes kan dette vere tiltak innan sykling og innan trafikksikring. Forutsetninga er at kommunen gjennom Miljøløftet dokumenterer at også alle tiltak her tilfredsstillar intensjonane i Byvekstavtalen.

Konklusjon og tilråding

1.

Strategidokument.

Arbeidsfeltet miljøløftet (byvekstavtalen) er krevjande og omfattande. Rådmannen meiner at her trengs politiske vedtekte retningslinjer på kva og korleis administrasjonen skal prioritere, ut frå dei aktuelle tema, geografiske fordelingar og konkrete anlegg og prosjekt som administrasjonen skal arbeide fram til anleggsgjennomføring. Eit slikt strategidokument som omtalar status, mål og strategiar og prinsipp for å nå måla bør utarbeidast i 2021. Strategidokumentet bør henge saman med kommuneplan og andre relevante planar og strategiar, og dermed vere eit grunnleggjande verktøy for å prioritere prosjekta dei komande åra. Rådmannen rår til at det blir sett av kr 300.000 av lokale belønningssmidlar for å finansiere arbeidet med sjølve strategidokumentet.

2.

Handlingsprogram 2022-2025

Det store G/S-prosjektet på Flatøy vert påverka av KDP E39 når det gjeld framdrift, og prosjektet er dessutan ein del av eit stort statleg og fylkeskommunalt hovudprosjekt. Rådmannen ønsker å trekke den kommunale finansieringa ut av dette prosjektet og evt. kome tilbake til saka seinare.

Når det gjeld Sagstadvegen ønsker rådmannen å ta denne med vidare i handlingsprogrammet for 2022-2025 med finansiering i 2022 og i utgangspunktet med 30,7 millionar. Det kan her vere aktuelt å gå i dialog med vegeigar Vestland Fylkeskommune for delfinansiering med andre midlar som ordinære fylkeskommunale midlar eller fylkeskommunen sine midlar innan Miljøløftet.

Knarvik sentrum, med 10,3 millionar ønsker rådmannen å vidareføre inn i handlingsprogrammet for 2022-2025.

3.

Lokale belønningssmidlar.

Alver kommune har tilgjengeleg belønningssmidlar for 2019, 2020 og 2021 på tilsaman nær 7,38 millionar som kan nyttast til ei rekke tiltak, forutsett at tiltaka etter spesifikke søknader tilfredsstillar kriteria i Miljøløftet. Prosjekta må støtte måla og satsingsområda i Byvekstavtalen og må forankrast gjennom prosjektark i Miljøløftet.

Her er allereie vedteke sett av 965.000 til g/s-veg Mjåtveitvegen. Vidare foreslår rådmannen å bruke inntil 300.000 av belønningssmidlane til ekstern kompetanse ved utarbeiding av strategidokument for utveljing av prosjekt og prosessar i avtaleperioden for Byvekstavtalen.

For å kome i mål med konkret prosjekter for neste års rullering av handlingsprogrammet ønsker rådmannen også å starte opp eit prosjektavklaringsprosess der ein har ein førebels gjennomgang av ei rekke aktuelle prosjekt for å få vurdert kor moden dei er for anleggsutføring. Når strategiplanen er klar, vil ein då ha ei god oversikt over kva ein i det vidare skal ferdigstille og kor tid (årstal) prosjekta kan realistisk leggest inn i dei komande handlingsprogram med fysisk anleggsutføring.

Dette arbeide krev innleigd kompetanse frå fleire fagfelt og rådmannen ser for seg ein samla kostnad på 1-2 millionar, dekkja av belønningssmidlar frå åra 2019 – 2021.

Eksempel på slike prosjektavklarings kan vere

- Alverstraumen/snuplass buss Hilland
- Ostereidet g/s-veg
- Knarvik sentrum g/s-veg
- Austmarka øvre
- Vikebø/Rylandhøgda
- Innfartsparkering
- System ringbuss/matebuss
- Venterom snøggå
- Sykkelparkering ulike stader i kommunen

4.

Sykkelpakke

Rådmannen tilrår også bruke ein del av belønningssmidlane til ei nærare definert «sykkelpakke».

Eksempel på innhald kan vere

- Sykle til jobben, -kampanje
- Innkjøp sykkel BUA
- Tilskot til sykkelkjøp for innbyggjarar
- Sykkelservice i nærsentra
- Bygging sykkelparkering
- Kampanjar for å auke sykkelbruk

Samla kostnad er her vurdert til 0,6 mill

5.

Fysiske tiltak/trafikksikring

Rådmannen ønskjer å nytte inntil 2 mill av belønningssmidlane til fysiske tiltak innan trafikksikring med fokusområde på særleg farleg skuleveg, omtala i temaplanen for trafikksikring.

Oppsummering framlegg belønningssmidlar:

Strategiplan	0,3 mill
Prosjektutgreiing	1 - 2 mill
Sykkelpakke	0,6 mill
Fysiske tiltak.	1-2 mill

I Alver er Formannskapet styringsgruppe for Miljøloftet og meir konkretisering og budsjetteringsnivå er forutsett utarbeidd i tett dialog mellom administrasjon og styringsgruppa.

Rådmannen rår til at Alver kommune sluttar seg til dei prioriteringane som er lista opp her.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/21	Alver formannskap	11.03.2021
037/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Forskrift om slamtømming i Alver kommune

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 26, jf. § 30 vert det vedteke lokal forskrift om slamtømming i Alver kommune.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 028/21 innstilling:

Med heimel i forureiningslova § 26, jf. § 30 vert det vedteke lokal forskrift om slamtømming i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Alver kommune har etter lov om forureining og avfall (forureiningslova) § 26 ansvar for å sørge for tømming av mindre reinseanlegg. Kommunen kan ha lokal forskrift som er naudsynt for gjennomføring av slamtømminga, jf. forureiningslova §§ 26 og 30.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) har fått overført mynde med fakturering, sakshandsaming og administrering av slamtømmeordninga for Alver kommune av Alver kommunestyre 28.11.2019.

Forskrifta som er lagt fram er utarbeida som ei forskrift som skal gjelde felles for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Solund, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Forskrifta må vedtakast i kvar kommune.

Med heimel i Forureiningslova § 30, vedtok deltakarkommunar i NGIR ei felles lokal forskrift for slamtømming i 2004.

Gjeldande forskrift har ikkje vore endra sidan 2004, og det er behov for ei oppdatert forskrift. For Alver kommune var forskrifta frå 2004 gjeldande til 31.12.2020, og det må vedtakast ny forskrift for slamtømming.

Alver formannskap gjorde vedtak den 03.09.2020 om å legge forskrift om slamtømming ut på høyring, med

høyringsfrist på 4 veker. Forskrifta er sendt på intern høyring til andre avdelingar i kommunen, og er kunngjort på heimesida og i lokalavisa. Det er ikkje motteke merknadar til forskrifta etter høyringa.

Vurdering

Forskrift om slamtømming er ei lokal forskrift om tømming, transport og handsaming av slam og sanitært avløpsvatn frå private og kommunale avløpsanlegg i kommunen.

Føremålet med forskrifta er å sikra forsvarleg miljøkvalitet ved eit avløpsanlegg, slik at forureining ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og sjølvfornyng.

Forskrifta gjeld for heile kommunen og omfattar avløpsanlegg med ein kapasitet på inntil 50 personekvivalentar (pe), og omfattar avløpsanlegg som kan tømmast etter krava i § 8 i forskrifta.

Innhaldet i den nye forskrifta er i hovudsak den same som tidlegare, men kommunen og abonnenten sine pliktar er tydeleggjort. Det gjeld mellom anna krav ved ekstratømming, som er tømming av tank ut over det tømmeintervallet som kommunen har satt. Det er lagt inn tydeleg krav til køyrbar veg, som skal sikre god vegstandard der tømmebilen skal fram og som i større grad sikrar betre trafikktryggleik ved tømming.

Rådmannen rår til at det vert vedteke ny lokal forskrift for slamtømming i Alver kommune.

Vedlegg i saken:

10.09.2020	Forskrift om slamtømming i Alver kommune på høyring	1443434
04.03.2021	Forskrift om slamtømming	1521643

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
010/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.03.2021
025/21	Alver formannskap	11.03.2021
038/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Kulturminner i Alversund - l e og lemstove

R dmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber r dmannen gjere f lgande endringar i oppf lginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.

- 1) S ke dispensasjon fr  kravet om   gjenreise lemstova
- 2) Selje/gje vekk lemstova
- 3) Jobbe vidare med moglege l ysingar for   bevare og nytte l a

Kommunestyret vedtek   flytte 4,3 millionar kroner, opph veleg avsett til   oppfylle rekkef lgjekrava innan kulturminnevern i omr deplan for Alversund, til prosjekt for l a p  Nedre Alver. Dette f reset at det er gitt dispensasjon fr  kravet om   gjenreise lemstova.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjekleiar
R dmannen sitt framlegg vart samr ystes vedteke.

OKK- 010/21 uttale:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og milj  10.03.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg v/Malin Andvik-Krf:

Endringsframlegg:

Endring av punkt 3. Areal plan og milj  ber om at det kommer opp en egen sak p  moglege l ysningar for   bevare og nytte l a med n dvendige kostnadoverslag.

Framlegget vart samr ystes vedteke.

R dmannen sitt framlegg med endringsframlegg vart samr ystes vedteke.

APM- 043/21 uttale:

Endring av punkt 3. Areal plan og milj  ber om at det kommer opp en egen sak p  moglege l ysningar for   bevare og nytte l a med n dvendige kostnadoverslag.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP:

Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget frå rådmann og kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdere vidt i mulige måtar å nytta og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdere mulighet for eksterne finansiering.

-Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdere dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskule, kunsthøgskule, og relevante vernemynder, her under også nasjonale mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

-Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. Orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutvalg, formannskap og Alver kulturråd.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 025/21 innstilling:

Kommunestyret ber rådmannen gjere følgjande endringar i oppfølginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.

- 1) Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
- 2) Selje/gje vekk lemstova
- 3) Jobbe vidare med moglege løysingar for å bevare og nytte løa

Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millionar kroner, opphavelag avsett til å oppfylle rekkefølgjekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget frå rådmann og kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdere vidt i mulige måtar å nytta og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdere mulighet for eksterne finansiering.

-Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdere dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskule, kunsthøgskule, og relevante vernemynder, her under også nasjonale mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

-Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. Orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutvalg, formannskap og Alver kulturråd.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for areal, plan og miljø og formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

I forbindelse med ny Alversund skule kjøpte Lindås kommune i 2018 eit areal for å realisere ny tilkomstveg til skulen. Dette arealet omfatta og to bygningar; ei lemstove, ei løe og i tillegg ein potetkjellar. Der lemstova sto, var det regulert nytt vegkryss i områdeplanen. Bygninga måtte difor plukkast ned. I reguleringsplanen ligg det eit rekkefølgjekrav om at bygninga skal gjenreisast i same område. Konstruksjonen ligg no lagra i påvente av vidare framdrift, og det påløper jamlege leigekostnader for lagring. Løa har ikkje vore aktuell å flytte, og arealet ligg urørt i områdeplanen.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for rekkefølgjekravet om gjenreising kjem frå fylkeskommunen. Det har vore eit ønskje om å bevare kulturmiljøet som omfattar både lemstova, løa og marka rundt. For å realisere ny skule vart det gitt løyve til å plukke ned lemstova, men det ligg eit krav om å sikre gjenreising av bygningen i same kulturmiljø.

Etter at områdeplanen vart vedtatt, har lemstova blitt datert til 1856-1857. Dateringa viste at bygget var yngre

enn venta. Bygninga er i relativt dårleg stand. Den består mellom anna av to laftekasser, og ca. 70 % av materialen i den eldste laftekassen må skiftast ut. Dersom bygninga skal setjast opp igjen kulturhistorisk korrekt, vert kostnaden svært høg. Kostnader er grovt estimert til over 10 millionar kroner inkludert grunnarbeid.

Lemstova kan gjenreisast billigare, med nyare materialar og etter dagens bygningsmetoder, men det vil likevel medføre ein del kostnader. Ein kan stille spørsmål ved kva kulturminneverdi ein då sit igjen med.

Dersom lemstova skal gjenreisast, er det viktig at bygningen har ein definert bruk. Pr. i dag er det ikkje registrert noko engasjement kring ei gjenreising i opprinneleg miljø, verken kommunalt eller privat. Planløyisinga, med to laftekasser, vil gje eit avgrensa handlingsrom med tanke på ny bruk – eksempelvis vil romma bli små med tanke på samlingslokale.

Løa på Nedre Alver består av ei unik, nærast komplett grindverkskonstruksjon datert til 1651. I eit regionalt perspektiv, og mogleg nasjonalt, har løa stor kulturminneverdi. Viser til orientering i formannskapet 04.02.21 v/Arild Sætre frå Museumssenteret i Hordaland. Vedlagt ligg eit oppsummeringsnotat frå Museumssenteret.

Kultureininga og sektor for prosjekt i Alver kommune har stilt spørsmål om det er riktig å bruke midlar på å gjenreise lemstova. Det er avgrensa med midlar til kulturformål i kommunen. Alle lemstover har ein verdi, men dette eksemplaret er ikkje det mest verdifulle i Alver kommune. Lemstova ligg demontert. Løa derimot, har høg kulturminneverdi. Den er kommunalt eigd og må vedlikehaldas. Dersom ein må prioritere mellom desse bygningane, er kultureininga i kommunen, samt fagkyndige i fylkeskommunen og Museumssenteret i Hordaland samd i at løa bør prioriterast framfor lemstova.

I kommunestyret 01.11.18 i Lindås kommune, vart det avsett 7,1 millionar kroner til å handtere kulturminne i prosjektet ny Alversund skule. Etter arkeologiske utgravingar i området, demontering og lagring av lemstova, er det ca. 4,3 millionar kroner igjen for å oppfylle rekkefølgekrava om gjenreising. Dersom søknad om dispensasjon frå gjenreising av lemstova vert gitt, kan desse midlane overførast til eit prosjekt for løa. Det er pr. i dag ingen øyremerka midlar til løa.

Grindkonstruksjonen i løa får mykje vekt frå taket, noko som vil forringe konstruksjonen. Vi må undersøke korleis vi kan avlaste grindkonstruksjonen for å verne den best mogleg. Vi må og sjå på kva delar av løa vi ønskjer å ta vare på – berre grindkonstruksjonen eller også floren og dei andre tilbygga? Floren er i dårleg stand. Ein mogleg løysing kan vere å rive bygga rundt, bevare grindkonstruksjonen og byggje eit tett bygg (med innsyn) rundt denne. Då kunne bygget til dømes vore nytta til samlingslokale, galleri mm. Kva for løysing ein bør gå for må utgreiast nærare, og ulike alternativ må kostnadsestimert. Pr. no har ikkje rådmann mandat til vidare utgreiingar her.

Ein dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova har vore diskutert med seksjon for kulturarv i Vestland Fylkeskommune. Dei meiner det er synd dersom kommunen ikkje ønskjer å gjenreise lemstova i den konteksten den sto oppført i. Samtidig har dei forståelse for den økonomiske situasjonen kommunen er i, og ønskjer eit godt samarbeid med kommunen vidare. Dei vil ikkje gå i mot eit eventuelt ønske frå kommunen om å søke dispensasjon frå kravet. Fylkeskommunen er vidare opptatt av bruksverdi. Lemstova er plukka ned og mitbehandla, og det ligg til rette for ei gjenreising. Dersom kommunen ikkje ønskjer å gjenreise bygget sjølv, er det ønske om at lemstova vert gjenreist i privat regi. Bygget kan seljast/gjevast bort. Det er fleire interessentar som har meldt seg.

Sidan store delar av materialet må skiftast ut, er det ikkje kostnadsfritt å gjenreise bygninga. Dersom kommunen ønskjer å sikre seg ei gjenreising, må det ligge nokre kriterier for å overta/kjøpe konstruksjonen. I så tilfelle bør ikkje pris vere einaste kriteriet; gjennomføringsevne og ein heilskapleg plan for gjenreising bør mellom anna vektleggast.

Grunna dei jamlege leigekostnadene for å ha lemstova liggande på lager, er det ønske om å søke dispensasjon og vidare gjennomføre sal/tildeling så snart som råd. Rådmann ønsker mandat til å gjennomføre dette arbeidet.

Tilråding:

Etter ei tverrfagleg vurdering ønskjer rådmann følgjande mandat:

1. Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
2. Selje/gje vekk lemstova – utan at pris vert einaste kriteriet
3. Jobbe vidare med moglege løysingar for å bevare og nytte løa

Rådmannen tilrår å øymerke 4,3 millionar kroner, opprinneleg avsett til å oppfylle rekkefølgekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til løa på Nedre Alver.

Vedlegg i saken:

23.02.2021 Alverløa - Notat 19.01.21 frå Kulturverntenesta i Nordhordland 1516127

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2021
030/21	Alver formannskap	11.03.2021
045/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
010/21	Utval for helse og omsorg	09.03.2021
011/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.03.2021
039/21	Alver kommunestyre	25.03.2021
012/21	Eldreråd	08.03.2021
030/21	Utval for næringutvikling og drift	10.03.2021
013/21	Ungdomsråd	08.03.2021

Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 010/21 uttale:

Ingen merknader.

Eldreråd 08.03.2021:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget sett fram i møtet.

ER- 012/21 uttale:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Handsaming:

Orietering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 013/21 uttale:

Tatt til orientering

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**Handsaming:**

Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 011/21 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 09.03.2021:**Handsaming:**

Utvalseiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg til uttale frå HO i sak om Planstrategi i Alver kommune:

Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare.

Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal vera eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.

Framlegget frå utvalseiaren vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Utvalseiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.

HO- 010/21 uttale:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i sak om Planstrategi i Alver kommune:

Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare.

Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal ver eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.

Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse

Framlegg frå Leif Taule-Sp:

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

1. Ny områdeplan Lindås
2. Sambandet vest taes inn
3. Ruspolitisk plan taes inn
4. Landbruksplan taes inn
5. Digitaliseringsplan taes inn
6. Områdeplan Bøvågen

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

1. Ny områdeplan Lindås

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2. Sambandet vest taes inn

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-AP, Kenneth Murberg-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Malin Andvik-Krf)

3. Ruspolitisk plan taes inn

Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

4. Landbruksplan taes inn

Framlegget vart samrøystes vedteke.

5. Digitaliseringsplan taes inn

Framlegget vart samrøystes vedteke.

6. Områdeplan Bøvågen

Framlegget vart tatt vekk.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Sveinung Toft-V trekte seinare punkt A. i framlegget sitt.

A. Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving:

1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslåtte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som plankapasiteten heller bør prioriterast til.
2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.
3. Logisk og effektiv planrekkefølge. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen. Ny kommuneplan sin arealdel for Alver er ikkje på plass før hausten 2023.
4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.
5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.
6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned.

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngjeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnyttan vil vera svært låg.

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.

Grunngjeving,

det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.

D. Kommunedelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.

E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.

Grunngjeving:

Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnyttan vil vera svært låg.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Jon Vidar Sakseide-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Sveinung Toft-V)

C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.

Grunngjeving, det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V)

D. Kommunedelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V, Leif Taule-Sp)

E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale

vegar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 045/21 uttale:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med slik endring:

- 1.Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.
- 2.Ny områdeplan Lindås
- 3.Sambandet vest taes inn
- 4.Ruspolitisk plan taes inn
- 5.Landbruksplan taes inn
- 6.Digitaliseringsplan taes inn
- 7.Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.

Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021:

Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggsframlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:

Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Utvalsleiaren sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 030/21 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 - 2023 for Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:

Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

- Ein kommunedelplan for klima- og miljø må startast opp i 2022.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

- Det blir starta opp arbeid med ein kommunedelplan om biologisk mangfald og nykartlegging av verdifulle natur- og viltområder.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen

Ny områdeplan Lindås vert lagt inn

Ruspolitisk plan tas inn

Landbruksplan tas inn

Digitaliseringsplan tas inn

Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik tas inn, oppstart i 2022

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sambandet Vest tas inn
Framlegget vart vedteke med 9 røyster, mot 4 (M.Klementsens-uavh., L.Johnsen-MDG, T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

FO- 030/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med følgjande endringar:

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen
Ny områdeplan Lindås vert lagt inn
Ruspolitisk plan tas inn
Landbruksplan tas inn
Digitaliseringsplan tas inn
Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik tas inn, oppstart i 2022
Sambandet Vest tas inn

Politisk handsaming

Saka skal til uttale, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for areal, plan og miljø, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen. Drøftinga er grunnlag for å ta stilling til planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar. Den tek ikkje stilling til innhaldet i planane.

Saksopplysningar:

Alver kommunestyre vedtok planstrategi for Alver i sak 28/20.

Ein ny kommune har behov for planer som gode styringsverktøy for å bidra til berekraftig samfunnsutvikling, strategisk, politisk styring og medverknad.

Framlegget til planstrategi for Alver kommune og vurdering av planbehovet er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Fokus på plan oppgåver som er vesentlege å ha på plass i ein tidleg fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelegheit og utfordringsdokumentet.

Det lagt vekt på følgjande områder for prioritering av planar:

1. Kommuneplan for Alver kommune.

2. Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
3. Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
4. Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidsretta tenester.

Rådmann si vurdering:

Den vedtekne planstrategien er omfattande. Det er naturleg det er mange planer og strategiar som må på plass i ein ny kommune, slik at vi har gode styringsverktøy.

Det er behov for ein gjennomgang av planstrategien etter eit år som Alver kommune. Pandemien gjorde at nokre planer er blitt forsinka i prosessen. Til dømes er kommunedelplan for helse og omsorg(KDP) og oppvekst er planprosessar som har teke lenge tid. Desse store tenestoområda var særleg råka av ekstra arbeid knytt til Korona-situasjonen.

Vi har hatt ein grundig felles medverknadsprosess knytt til samfunnsdel, kommunedelplan for helse og omsorg, strategi for sykkel og Nær og lokalsenter studie. Medverknadsarbeidet har vore annleis og krevjande med omsyn til Korona pandemien. Den har og kravd ekstra ressursar. Rådmann erfarer at vi på tross av det har fått til gode medverknadsprosesser som og skal nyttast i anna samfunnsplanlegging.

I planstrategien er det framlegg om mange temaplanar og strategiar. I rulleringa av planstrategi tilrår rådmann at fleire av temaplanane ikkje vert vist i planstrategien som eigne temaplaner eller strategiar.

I prosessen med samfunnsdelen og kommunedelplanane ser vi at fleire av desse tema bør integrerast i desse planane. Nokre av tema vil også vere kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel. Vi ønsker å jobbe etter den raude tråden i planlegginga. Samfunnsdelen og kommunedelplanen tar opp i seg sektorovergripande problemstillingar knytt til klima, beredskap, samfunnsikkerhet og tema som å ta hele kommunen i bruk. I denne modellen vil samfunnsdelen vise kva tema vi må ha fokus på for å oppnå måla. Dette skal igjen inn som ein del av handlings og økonomiplanen.

Den raude tråden i planlegging illustrert under.



Alver vil bruke det digitale verktøyet Framsikt i planlegging. Dette vil gjere oss til å lettare sjå samanheng frå overordna planlegging til tiltak i økonomiplan.

Planoppgåver i planstrategien

1)Kommuneplan for Alver

Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad.

Arbeidet med samfunnsdelen er i gang. Planen skal vedtakast hausten 2021.

Arealdelen (KPA)

Gjeldande arealdelar vil i realiteten bli kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde for det same arealet som før. Den vil være rettsleg bindande og styrearealdisponeringa på same måte som før samanslåinga. Men planane vil ikkje vere samordna.

Det er eit mål i planstrategien at ny arealdel vert prioritert.

Kommuneplanen sin arealdel for Alver blir eit omfattande arbeid. Rådmann vurderer det slik at det er behov for ein brei gjennomgang på kva kunnskapsgrunnlag vi har behov for i arealplanprosessen. Vi har starta arbeidet med å få oversikt på kva tema og ressursbruk som må på plass for ein god kommuneplanprosess.

Kunnskapsgrunnlag (lista er ikkje uttømmende)

- Oversikt over arealresevere i gjeldande planer
- Kjerneområde landbruk
- Naturmangfald
- Kulturmiljø og kulturminne
- Kartlegging av friluftslivsområder
- Strandsone
- LNF- spreidd næring og busetnad
- Behov for offentlig areal
- Samfunnsikkerhet og beredskap
- Strategiar og mulighetstudier
- Kunnskapsgrunnlag knytt til interkommunal plan for sjøareal

Dette er eit omfattande arbeid som krev tverrfagleg ressursar. Når eit solid kunnskapsgrunnlag er på plass tidleg i prosessen, vil det kunne gje eit meir presist og konkret planprogram, og ein meir effektiv planprosess til vedtak av KPA.

Rådmann tilrår med bakgrunn i dette at planprogram og formelt varsel om planoppstart vert lagt fram til politisk behandling for høyring og ettersyn i januar 2022.

Det er ein lang prosess å arbeide med ein ny KPA, framdrift er og styrt også av høyringar og merknader frå lokal medverknad og statleg og regionalt nivå. Målet er å få vedteke ein ny arealdel for Alver i perioden i tråd med planstrategien.

2) Tydeleggjing av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune

I Intensjonsavtalen for Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen.

Administrasjonen er i slutfasen av arbeidet med mulighetstudie for lokal og nærsenter. Denne er klar vår 2021.

Den vil vere eit kunnskapsgrunnlag for samfunn og arealdelen og ved vurdering av behov for reguleringsplanar. Tema er ei overordna analyse på lokal sentra i Alver. Dette kunnskapsgrunnlaget vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheit og utfordringar i sentra , for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarane og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver.

3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – aksa Frekhaug – Knarvik – Alversund.

Det skal våren 2021 starta opp ei mogleghetsstudie for aksa Frekhaug- Knarvik- Alversund.

4) Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som skal seie noko om korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon.

I intensjonsavtalen er det lagt særleg vekt på at Alver skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Den nye kommunen skal møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet, og tenestetilbodet skal vere der brukarane bur.

I planstrategien er det difor prioritert å gjennomføre planar som skal sikre at kommunen jobbar heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, i tillegg til planar som definerer ambisjonane på dei store tenestekområda innan helse, sosial og omsorg og oppvekst.

Arbeidet med kommunedelplanane for helse og omsorg og oppvekst er i gang. Planprogram for begge planane er vedteke. Målet er at planane skal vedtakast februar 2022.

Det er utarbeida ein felles medverknadstrategi for samfunnsdelen og kommunedelplanane

Planstrategi status og rådmann sitt framlegg til endringar er omtala i tabell under

1. Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel					
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Samfunnsdelen med overordna arealstrategi	I prosess	V-2020	H-2021	I tråd med vedteke planstrategi	
Arealplan (KPA)	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planlegging av prosess er starta	V-2022	H-2023	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Rådmann tilrår å bruke tid på kunnskapsgrunnlag i 2021, for å få eit tydleg planprogram ved varsel om oppstart
2. Kommunedelplan (KDP)					
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Kommunedelplan for oppvekst	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategier vil bli ein del av samfunnsplan.

Kommunedelplan for helse og omsorg	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategiar vil bli ein del av samfunnsplan.
Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv	Ikkje starta	V-2021	H-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Rådmann tilrår å utarbeide ein felles KDP for kultur, idrett og friluftsliv, med handlingsplaner for temaområda

3. Temaplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Kulturminneplan	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Kartlegging kulturmiljø blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for KPA.
Kulturplan	Overordna mål og strategiar for kultur er ein del av arbeidet med samfunnsdelen.			Går ut som eigen plan i planstrategi	Kulturplan vert ein del av KDP- kultur, idrett og friluftsliv. Tilrår å ta strategiar for idrett- og friluftsliv saman med kultur i ein felles kommunedelplan. For heilskap i eit område som har mykje felles.
Plan for beredskap og samfunnstryggleik	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for beredskap og samfunnstryggleik er ein del av arbeidet med samfunnsdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen plan for beredskap og samfunnstryggleik. Tema er ein del av all samfunnsplanlegging. Tema vil ha ein sentral rolle i kunnskapsgrunnlag til arealdel og vil vere viktig i arealplanlegging i kommunen.
Temaplan for vatn og avlaup	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Temaplan kommunale vegar	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Tilrår at temaplan for trafikktryggleik vert ein fellesplan med temaplan for kommunale vegar.
Temaplan vedlikehald for kommunal bygningsmasse	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag er utarbeida	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Akvakulturplan	Ikkje starta			Går ut som eigen	Tilrår ikkje eigen plan

				plan i planstrategi	på dette tema. Akvakultur er ein del av vurderingane i det pågåande arbeidet med interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland.
Klima- og miljøplan	Overordna mål og strategiar for klima og miljø er ein del av arbeidet med samfunnsdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen temaplan. Klima og miljø er sektorovergrepande og styrer planarbeidet til Alver mellom anna gjennom bruk av berekraftsmål i samfunnsdel og temaplaner. Tema er ein sentral del av kunnskapsgrunlaget til KPA, Kartlegging av naturmangfold, Strategi for grøn mobiltet, Temaplan for friluftslivets ferdselsårer, Strategisk næringsplan.
Strategisk næringsplan	Ikkje starta. Overordna mål og strategiar for næringsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
Alkoholpolitisk plan for Alver	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
Ruspolitisk plan	Ikkje starta			Går ut av planstrategi	Ruspolitikk blir ein del av KDP Helse og omsorg og oppvekst. Tema vil bli grundig omtala i KDP helse og omsorg med strategiar knytt til tema.
Smittevernplan	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
Trafikk tryggleiksplan	Ikkje starta	V-2022		Gjennomførast, med endra form	Rådmann tilrår å slå saman trafikk tryggleiksplan med temaplan for kommunale vegar. Tema er vevd i kvarandre og det vil gje eit betre styringsverktøy

Bustadsosial handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for bustadsosial handlingsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	H-2022	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Mål og strategiar knytt til bustadpolitikk vil vere ein del av KDP Helse og omsorg. Eigen plan vert starta etter KDP er vedteke.
Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune	Ikkje starta	H-2021	2021	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
Veteranplan (Forsvaret)	Ikkje starta	V-2023	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
Temaplan friluftlivets ferdseårsar	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Det er eit nasjonalt mål at kommunen har slik plan og det arbeidet er finansiert av tilskotsmidlar. Denne planen blir eit viktig kunnskapsgrunnlag til KPA og KDP kultur, idrett og friluftliv. Vil og ta opp i seg tema som er relatert til miljø.

4.Strategi og mulighetstudie

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Digitaliseringsstrategi				Går ut av planstrategi	Dette tema vil vere ein sentral del av det interkommunale arbeidet mht digitalisering som pågår.
Overordna strategi for tema i Miljøløftet	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir ein del av revidert planstrategi	utarbeide ein strategidokument som beskriv mål, strategiar og prinsipp for korleis kommunen skal prioritere midlane i Miljøløftet Kommunen kan nytte lokale belønningsmidlar til å utarbeide planen.
Strategi for eigerskap i Alver	Ferdig			Gjennomført med vedteke planstrategi	
Strategi – ta heile kommunen i	Ikkje starta. Tema er nå ein del av arbeidet			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med samfunnsdelen og

bruk	med samfunndel og areal strategiar				ein del av arealstrategiane. Mulighetstudie for lokal og nærsenter tek og i seg desse problemstillingane. Tema vil og bli ein sentral del av arbeidet med arealdelen.
Strategi – ta heile kommunen i bruk næring	Ikkje starta. Tema er nåein del av arbeidet med samfunnsdel og arealstrategiar			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategiane og arealdelen. Tema er og ein sentral del av strategisk næringsplan.
Strategi for grønn mobilitet. Gå og sykkle i Alver	I prosess. Sykkelstrategi ferdig april. Gå-strategi i 2022.	2020	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Kunnskapsgrunnlag for mellomanna prosjekt i Miljøløftet og KPA. Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan, KDP kultur, idrett og friluftsliv
Mulighetstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik	Ikkje starta Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	H-2021	V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie for lokal og nærsenter	I prosess Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetsstudie Meland ungdomskule	Ikkje starta	V-2021	H-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Mulighetstudie Alversund skule	I prosess	2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	

5.Reguleringsplanar knytt til overordna infrastruktur

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Regulering Ny Alversund bru	Regulering av Alversund bru	V-2021	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
Regulering av gang og sykkelveg. Hagelsund bru	Forprosjekt avslutta			Gjennomføring krev samarbeid/prosesstyring med SVV	Forprosjektet viser at det er mogleg å etablere påhengt gang-sykkelveg på brua. Må regulerast. Samarbeid med SVV som må planlegge prosjektet.
Kommunedelplan Sambandet vest	Planprogram har vore på høyring			Går ut av planstrategi	Det er fremja politisk sak om at planarbeidet i tråd

					med merknader til planprogrammet vert avslutta
Kommunedelplan E39	Planprogram vedteke, planarbeid i prosess		V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	

6. Områdereguleringsplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
Områderegulering Midtmarka og Rotemyra	Planarbeidet er avslutta			Går ut av planstrategi	Arealvurderinger knytt til vidare utvikling av Flatøy vil vere ein del av arbeidet med KPA Alver
Områderegulering Langelandskogen/Frekhaug nord	I prosess	2018	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
Områderegulering Ostereidet	I siste fase før endelig vedtak		2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
Områderegulering Knarvik	ikkje starta	H-2021	2023		Det er behov for nye vurderingar knytt til tema i områdeplan for Knarvik. Kjem tilbake til ein detaljert omtale av plantema ved oppstart
Områderegulering Mjåtveitstø og Dalstø	I prosess		2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.

Vedlegg i saken:

25.02.2021	Planstrategi rådmann sin versjon etter framlegg til rullering 10.03.21	1518209
25.02.2021	Utfordringsnotat Planstrategi for Alver	1518210

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Høyring - Demografiutvalet. Det handler om Norge

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune er ikkje rekna som distriktskommune etter definisjonen til distriktsdemografiutvalet. Like fult er det område av Alver kommune som deler kjennemerke og utfordringsbilete med distriktskommunane utvalet har analysert. Alver kommune, med tettstaden Knarvik, har òg status som regionsenter for fleire distriktskommunar.

Utvalet slår fast at spreidd busetjing, særleg blant eldre og pleietrengande innbyggjarar, er og vil bli kostnadskrevjande for distriktskommunar. Tiltaka og analysane til utvalet dreiar seg hovudsakleg om korleis dette kan handterast frå kommunane si side. Men det bør og nemnast at desse strukturane let seg påverke gjennom arealplanlegginga i kommunane.

I forbindelse med kommunesamanslåing blei det i Alver kommune vedteken ein intern senterstruktur, beståande av seks lokalsenter i tillegg til kommune- og regionsenteret Knarvik. Denne senterstrukturen ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanens arealdel i den nye kommunen, og målsetjinga er nettopp at busetjing og tenestetilbod skal planleggjast i samanheng.

Som regionsenterkommune vil Alver kommune peike på potensialet regionsentera utgjer med omsyn til å ivareta busetjing utanfor dei store byane i Norge. Regionsentera trekker til seg eksterne tilflyttarar og investeringar, og verkar i tillegg som ein "buffer" mot fråflytting ved at unge som ønsker å bu meir sentralt finn eit slikt tilbod i eigen region. Det er god grunn til å tru at den demografiske situasjonen i distrikta hadde vore endå verre utan regionsentera som trekker til seg tilflyttarar og investeringar utanfrå.

Som utvalet peiker på er det vanskar med å rekruttere arbeidskraft, og særleg høgkvalifisert arbeidskraft, til distrikta. Attraktive regionsenter i distrikta, med mangfaldige arbeidsmarknadar og tenestetilbod, vil gjere rekrutteringa lettare. Dette gjer òg regionsentera godt egna som lokalisering ved plassering av statlege arbeidsplassar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Innhald i rapporten

Utvalets mandat

Hausten 2020 publiserte det regjeringsoppnemnde «Demografiutvalet» sin rapport «Det handler om Norge». Mandatet til utvalet var tredelt:

1. «Få meir kunnskap om hvordan utviklingen mot økt andel eldre og færre i yrkesaktiv alder vil påvirke de mindre sentrale områdene av landet,
2. «få identifisert konsekvenser og utfordringer, særlig med hensyn til å opprettholde bærekraften i samfunnene

3. «gi forslag til hvordan utfordringene kan bli møtt av myndigheter og private»

Utvalet har definert «*distrikt*» som kommunar i sentralitetsnivå 5 og 6 i SSB si klassifisering. Alver kommune, som ligg i sentralitetsnivå 4, er altså ikkje med i analysegrunnlaget som rapporten byggjer på. Og dei føreslåtte tiltaka er ikkje tenkt å virke i Alver kommune, dersom dei vert vedtekne.

Analysane kan likevel vere av relevans for Alver kommune, sidan delar av kommunen har fellestrekk med distriktskommunane med omsyn til busetjingsmønster og demografi.

Demografiske utviklingstrekk i distrikta, og mulege konsekvensar for Alver

Dei demografiske analysane i rapporten syner at distrikta lenge har hatt sterk nettofråflytting. Sidan dei fleste som flyttar er i aldersspennet 19-35 år inneber fråflyttinga at distriktsbefolkningas gjennomsnittsalder aukar raskare enn i landet generelt.

Sidan det er dei yngre som er mest tilbøyelege til å flytte ventar utvalet at den aldrande befolkninga i distrikta vil bremse fråflyttinga i åra som kjem. Spissformulert kan ein seie at distrikta vil bli ferdig fråflytta.

Desse samanhengane kan påverke Alver på to måtar. For det fyrste kan me vente tilsvarende effektar på flyttestraumane internt i Alver. Desse har til no vore sterkt sentraliserande, nettopp som følgje av at unge flyttar mot sentrale delar av kommunen. Etter kvart som det blir færre unge i dei meir perifere delane av kommunen er det grunn til å vente mindre slik intern flytting.

For det andre kan flyttestraumane til Alver frå andre kommunar (eksternflytting) bli svekka. Aldringa av distriktsbefolkninga er ein årsakene til at ein ventar mindre befolkningspress i Bergensregionen i åra som kjem.

Demografiutvalets analysar av utvalde samfunnsforhold

Demografiutvalet har valt å sjå nærare på utfordringsbilete i distrikta innanfor følgjande hovudområde

1. **Tenesteorganisering i distrikta**
2. **Kommunanes inntektssystem**
3. **Aldring og auka behov for helse og omsorgstenester**
4. **Bustadmarknaden**
5. **Utdanningssystemet og rekruttering av arbeidskraft**
6. **Infrastruktur**

Under følgjer ei punktvis oppsummering av utvalets analysar som kan vere relevante for Alver kommune. Kapittelet om kommunanes inntektssystem er ikkje med i oppsummeringa under, då det spesifikt er relevant for kommunane i sentralitetsklasse 5 og 6 som Alver kommune ikkje er del av.

1. Tenesteorganisering i distrikta

Å betre tenesteorganiseringa i distrikta handlar om å handtere to tilhøve: *Terskelkrav og rekkevidde*. Fyrstnemnde handlar om talet kundar/brukarar ei teneste (anten den er kommersiell eller offentleg) må ha for å kunne vere i drift. Rekkevidde viser til avstanden folk er villige til å reise for å nå tenesta. Årsaka til svakt tenestetilbod i distrikta er såleis at tenestenes rekkevidde ikkje omfattar nok innbyggjarar til å nå terskelkravet. Følgeleg kan problemstillinga møtast anten med *terskelsenkande* eller *rekkeviddeaukande* tiltak.

Terskelsenkande tiltak kan vere ambulerande eller tidsbegrensa tenester som virkar ved å «samle opp» og konsentrere etterspørselen i tid. Døme er bokbussar, eller utvalde kontordagar for jordmor, lege, eller andre tenesteytarar. Rekkeviddeaukande tiltak handlar hovudsakleg om infrastruktur, som bidreg til at innbyggjarane når tenestene lettare, anten fysisk eller virtuelt. Ulempa med rekkeviddeaukande tiltak er likevel at innbyggjaranes evne til å gjere seg nytte av dei svekkast med alderen.

2. Aldring og auka behov for helse- og omsorgstenester

Aldringa av den norske befolkninga vil føre til auka behov for helsetenester i åra som kjem. Utvalet peikar på nokre tilhøve som kan bidra til å gjere denne utfordringa særleg sterk i distrikta.

For det fyrste nyttar eldre i distrikta offentlege helsetenester i større grad enn eldre i sentrale strom. Ei muleg forklaring kan vere at eldre i sentrale strom, i større grad enn eldre i distrikta, har born buande i nærleiken som kan hjelpe dei i kvardagen. For det andre fører det auka behovet for helsetenester til skjerpa konkurranse om arbeidskrafta i helsesektoren. Denne konkurransen ser det ut til at distrikta tapar allereie i dag.

Utvalet peiker på potensialet som ligg i å auke fulltids-andelen blant helsearbeidarar i distrikta, der denne er lågare enn i landet generelt. Frivillig arbeid frå «*yngr eldre*», som kan utføre ein del oppgåver for dei eldste utgjer òg eit betydeleg potensial for å oppretthalde velferdsnivået. Andelen som engasjerer seg i slikt arbeid er større i distrikta enn i sentrale strom.

3. Bustadmarknaden i distrikta

Utvalet peikar på to problemstillingar knytt til bustadmengda og bustadmarknaden i distrikta. Den eine handlar om at bustadmengda i distrikta, som er dominert av store eldre einestadar, er dårleg eigna for den aldrande- og i aukande grad aleinebuande, befolkninga distrikta vil få i åra som kjem.

Den andre handlar om samanhengen mellom bustadmarknaden og tilflytting. Utvalet peikar på den "låste" situasjonen der bustadar ikkje vert bygd fordi marknadsprisen (som følgje av svak tilflytting) er lågare enn byggekostnaden, samtidig som tilflyttinga er låg som følgje av mangel på bustadar. Særleg er mangel på leigebustadar trekt fram som eit problem.

Som svar på begge utfordringane viser utvalet til samspel mellom kommunale initiativ og Husbankens verkemiddel.

4. Utdanningssystemet og distriktas tilgang til kompetanse

Mange distriktskommunar erfarer vanskar med å rekruttere arbeidskraft, og særleg arbeidstakarar med høgare utdanning.

Dei fleste institusjonar for høgare utdanning ligg i sentrale strom, og søknadstala er høgast til studieplassane i dei store byane. Plasseringa av utdanningsinstitusjonane kan virke sentraliserande, sidan mange blir verande i regionen dei utdanna seg også som ferdig utdanna. I tillegg er det ein tendens til at nyutdanna søker mot sentrale strom etter enda utdanning, uavhengig av kor dei har utdanna seg. Utvalet meiner distriktas utfordringar med rekruttering av høgt utdanna arbeidstakarar møtes best ved å tilby meir desentraliserte og fleksible utdanningstilbod i distrikta.

Elles viser erfaringar at legestudentar som har hatt praksisopphald i distriktskommunar er meir tilbøyelege til å søke seg arbeid i distrikta også som ferdigutdanna. Det kan vere ein indikasjon på at det å tilby praksisplassar kan vere ein strategi kommunane kan dra nytte av for å betre rekruttering. Ein annan strategi kan vere å tilby traineeplassar. Evalueringar av dei regionale trainee-ordningane i landet tyder positiv effekt med omsyn til rekruttering.

Infrastruktur i distrikta

Den viktigaste forklaringa på at ulik folketalsutvikling i norske regionar, er at arbeidsmarknadanes storleik er forskjellig. Mange arbeidsplassar tilgjengeleg innanfor rimeleg pendleavstand fremjar folketalsvekst, medan folketalsveksten i distrikta svekkast som følgje av færre tilgjengelege arbeidsplassar. Kvaliteten på infrastrukturen, anten det er vegar, kollektivtilbod eller breiband påverkar tida brukt til transport- og kommunikasjon, og dermed tilgangen til arbeidsmarknadar.

Utbygginga av infrastruktur i distrikta hemmast av at talet potensielle brukarar er lågt. Særleg trekk utvalet fram at den marknadsbaserte utbygginga av breiband slår uheldig ut for distrikta. Dette kan gi særleg uheldige konsekvensar sidan fleire av tiltaka som er tenkt å lette distriktas utfordringar, som nettbasert utdanning eller velferdsteknologi, er avhengig av godt og stabilt breibandstilbod.

Oppsummering

Demografiutvalets analysar viser at det demografiske norgeskartet er i ferd med å endrast radikalt. Befolkninga i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6, som omfattar størsteparten av arealet i landet, vil bli dominert av eldre. På noko lenger sikt inneber det at landets befolkning blir konsentrert i og rundt nokre få store bysentrum.

Demografiutfordringane kan møtast frå to innfallsvinklar. Den eine handlar om å auke tilflyttinga til distrikta, og slik gjere befolkningsamansetjinga i distrikta mindre topptung. Bustadbygging og redusert pris på SFO og barnhage er eksempel på tiltak for dette.

Den andre innfallsvinkelen handlar om å handtere aldringa som vil komme. Velferdsteknologi og nye måtar å organisere tenesteproduksjon på er eksempel på slike tiltak.

Vedlegg i saken:

21.12.2020

Høring - NOU 202015 Det handler om
Norge(1313975)(1319498)

1491155

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.03.2021
041/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Høyringsuttale regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtar høyringsuttale for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 033/21 innstilling:

Kommunestyret i Alver vedtar høyringsuttale for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 10. mars

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 25. mars

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland har som mål å sette retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling som byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024.

Hovudmålet for planen er: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøen næringsutvikling og innovasjon. Det peikast på at Vestland har mange og store fordelar for ei god omstilling. Men for å lukkast må vi bygge vidare på verdiane i fylket: «kompetent, open og modig» og ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder – og gripe nye moglegheiter.

Planen har tre satsingar:

- Grøen næringsutvikling: Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tar vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Areal til næringsutvikling: omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling.

Eit viktig moment i oppfølginga av planen er å leggja til rette for å identifisere næringer og verdikjeder som kan fylle framtidig gap innan eksport- og verdiskaping. Dette har Alver kommune og Nordhordland tatt fatt på ved å tinga Scenarioanalysen for Nordhordland, som gir oss eit solid, lokalt grunnlag for konkrete forslag til satsingar, moglegheiter og barrierar. Det vert lagt vekt på ein regional næringspolitikk der bedrifter som skal kunne lukkast med grøn omstilling kjenneteiknast av ein open bedriftskultur, risikovilje og evne til å hente inspirasjon og kunnskap internasjonalt og frå andre bransjar.

Det blir oppfordra til at politikarane legg til rette for at teknologi, innsikt og rammar frå olje- og gassnæringa kan brukast i nye bransjar. Smart spesialisering er eit sentralt reiskap, og dette er EU, OECD og den norske regjeringa sin tilrådde metodikk for regional vekst og utvikling. Utgangspunktet er at alle regionar har særleine moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Smart spesialisering handlar om å utnytte desse skilnadene og skreddarsy ein næringspolitikk tilpassa kvar enkelt region. Dette gjeld også for bruken av verkemiddel. Mange av verkemidla vi har i dag, er innretta mot éin og éin bransje. Det vil vere behov for verkemiddel som legg betre til rette for innovasjon på tvers av bransjar.

Framover må det byggjast vidare på eksisterande næringer som olje- og gass, sjømat, maritim industri og prosessindustri, der regionen allereie er verdsleiande. Her har Vestland både naturgitte og kompetansemessige fortrinn i form av råvaretilgang, kunnskaps- og forskingsmiljø, industriell kompetanse og infrastruktur. Spesielt teknologi og kompetanse frå olje- og gassnæringa blir viktig for å skape vekst i nye verdikjeder og for å auke eksportinntektene i fylket.

Vurdering (Høyringsuttale)

Alver kommune seier seg einig i planforslaget sin presentasjon av viktige satsingsområde. Særleg fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor og prosessindustri er særst viktige næringer i Alver og Nordhordland, og som vi i fleire tilfelle er leiande på i Vestland og på nasjonalt nivå.

Vidare er kommunen samd i dei prioriteringar planen legg vekt på. I planforslaget er det framheva at Vestland bør gå for ein leiande posisjon ved å bygge vidare på eksisterande naturgitte og kompetansemessige føresetnader, blant anna innan havvind, hydrogen, karbonfangst- og lagring.

I Alver og Nordhordland er det særst gode føresetnader for å lukkast med å ta ein leiande posisjon i eit berekraftig grønt skifte, med store og aktive industriområde som Mongstad og ved Fensfjordbassenget, med veksande næringsparker og mykje tilgjengeleg næringsareal. Allereie planlagde prosjekt viser at Nordhordland kan bli ein av Noregs mest attraktive industriregionar innanfor «hav møter land»-segmentet. Samstundes vil ein forventet fallande etterspurnad etter olje- og gass kunne gjere kommunen og regionen sårbar, og legge press på for å erstatte mange og viktige arbeidsplassar og næring i lang tid framover.

Det vert i planen vektlagt at det er viktig med godt samarbeid mellom ulike næringsutviklingsaktørar. I regionen vår har vi allereie mange aktørar som jobbar aktivt og godt saman om næringsutvikling, som nærings- og industriaktørar, Industriutvikling Vest, Nordhordland Næringslag, Regionrådet, Klar Bedrift, Invest in Bergen og Alver kommune. Dette samarbeidet bør vidareutviklast ved tydeleg rolleavklaring og ved bruk av Smart spesialisering, felles søknader til verkemiddelapparatet og større satsingar. Greenspot Mongstad er eit solid døme på aktiv handling og samarbeid for det grønne skiftet. Det same er samarbeidet om søknaden på batterifabrikken. Vi er små nok til å utvikle samhandling på tvers av regionen, næringsliv og verkemiddelapparatet, men har også musklar nok til å kunne auke samarbeid med andre regionar i Vestland.

Ein bør sjå næringspolitikk, arealbruk og infrastruktur i samanheng og vurdere kva for investeringar i infrastruktur som vil gje gode konkurransevilkår for næringsutvikling. Særleg bør det leggjast vekt på å sikre tilstrekkeleg nettkapasitet for forventet kraftkrevjande industri.

Kompetanse er eit gjennomgåande stikkord i planforslaget. Dette er særleg viktig i olje- og gassindustrien på Mongstad som hyrer eit par tusen tilsette. For å imøtekome det grønne skiftet på Mongstad vil kartlegginga av omstillingsmotivasjon gjennom RIGHT Skills for the Right Future-prosjektet vårt, gje industrien, kommunen og fylket eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling.

Vi ser oss einige i fylkets aukande fokus på kompetanseutvikling og forsterka samarbeid med utdannings- og forskingsmiljø. Innovasjon og re-industrialisering vil krevje nye arbeidsmetodar og tettare samarbeid med forskingsmiljø enn det vi har i dag. Regionen vår opplev mangel på kvalifisert arbeidskraft, og dette vil truleg auke i takt med behov for ny, digital kompetanse. Det bør jobbast aktivt med å auke vår region som ein attraktiv

bo- og arbeidsmarknadsregion for å sikre kvalifiserte arbeidstakarar framov

Vedlegg i saken:

03.03.2021 høyringsversjon-berekraftig-verdiskaping

1520248

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/21	Utval for næringutvikling og drift	10.03.2021
026/21	Alver formannskap	11.03.2021
042/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Medlemskap Klimapartner Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartner Vestland.

Finansiering av partnerskapsavgift på kr 50.000 blir dekket av næringsfondet i 2021. Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:

Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,- frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.

Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:

“Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartner Vestland.

Finansiering av partnerskapsavgift på kr 50.000 blir dekket av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021. Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.”

Det vart røysta alternativt.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Framlegget frå utvalsleiaren fekk 5 røyster og vart vedteke mot 2 røyster.

Følgjande røysta for: Stian Lavik-KRF, Tormod Skurtveit-AP, Maya Greve-MDG, Øyvind Bratshaug-H, Liv Hopland van der Kooij-SP.

Følgjande røysta mot: Mabel Johansen-H, Ynge Walaker-UAVH.

ND- 031/21 uttale:

I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,-

frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.

Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:

“Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartner Vestland.

Finansiering av partnerskapsavgift på kr 50.000 blir dekket av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021. Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.”

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Framlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,- frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.

Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:

“Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartner Vestland.

Finansiering av partnerskapsavgift på kr 50.000 blir dekket av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021.

Rådmannen sitt framlegg med endring frå A.Hetlebakke vart vedteke med 8 røyster, mot 5 (T.Larsen-H, T.Sletten-Hansen-uavh., M.Klementsens-uavh., N.M.Aadland-H og M.Færø-uavh.)

FO- 026/21 innstilling:

Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartner Vestland.

Finansiering av partnerskapsavgift på kr 50.000 blir dekket av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021.

Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 10. mars

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 25. mars

Saksopplysningar

Bakgrunn – kva saka gjeld

Denne saka gjeld medlemskap i Klimapartner Vestland.

I kommunestyremøte 14.05.2020 hadde Alver kommunestyre ei sak om medlemskap i Klimapartner Vestland (Sak 039/20). Kommunestyret vedtok følgjande:

- Saka vert utsett til partnerskapsavtalen vert framlagt til politisk handsaming. Samt KO ber om sak til politisk drøfting om kven som deltek som samarbeidspartnarar i vidare arbeid.

Som ei oppfølging av sak 039/20 blei det lagt fram eit orienteringsnotat til kommunestyremøtet 18. februar 2021. Med bakgrunn i dette blir sak om medlemskap i Klimapartner Vestland lagt fram for ny politisk handsaming.

Om Klimapartner:

Klimapartnerne (www.klimapartnerne.no) er eit offentleg-privat samarbeid som formidlar klimakunnskap, utviklar og fremjar grønne forretningsidear, skaper møteplassar for klimadebatt, og samhandlar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Medlemmar i Klimapartner jobbar for å redusere eigne klimagassutslepp og for å fremje grøn samfunns- og næringsutvikling. Klimapartner samlar private bedrifter, academia, organisasjonar og sentrale offentlege aktørar i eit fellesskap for å nå definerte klimamål.

Innhald i partnerskapsavtale med Klimapartner Vestland

Klimapartner Vestland har ein standard partnerskapsavtale som gjeld for alle medlemmar. Avtalen er bygd opp på følgjande måte:

Mål:

Redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling i Vestland

Klimapartner er eit offentleg-privat samarbeid som:

- Formidlar klimakunnskap
- Utviklar og fremjar grønne forretningsidear
- Skapa møteplassar for klimadebatt
- Samhandlar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Klimapartner Vestland vil arbeide aktivt for å støtte partnerar og overordna målsetting, ved å

- Skape ein arena for offentleg-privat nettverksbygging og vere ei plattform for utøving av samfunnsansvar.
- Bidra til grøn forretningsutvikling.
- Hjelpa til med produksjon og formidling av kunnskap om tema som er interessante for partnerane.
- Produsere årleg samla klimaregnskap i samarbeid med partnerane.
- Gje råd om miljøsertifisering og utarbeiding av klimafotavtrykk.

Som Klimapartner vil verksemda arbeide for å støtte Klimapartnerane sine overordna målsettingar, mellom anna gjennom følgjande aktivitetar:

- Utarbeide ein årleg oversikt over eigne utslepp av klimagassar, samt lage planar og gjere tiltak for å redusere desse.
- Jobbe med miljøstyring og/eller miljøsertifisering av eige verksemd.
- Delta på partnerarrangement med representant(ar) frå leiinga der dette er relevant.
- Ha fokus på tiltak i eige verksemd, samt utvikle varer og tenester som bidreg til reduksjon av klimagassutslepp.
- Betale årleg partnerskapsavgift på kr. 50 000.

Klimarekneskap

Medlemmar i Klimapartner Vestland må ha eit eige system for miljøstyring og utarbeide klimarekneskap. Målet med klimarekneskap er å gje kommunen eit klart bilde på eigne klimagassutslepp, og ut frå dette lettare kunne definera tiltak for å redusere kommunen sine CO₂-utslepp. Ved hjelp av klimarekneskapsmodulen kan ein enklare identifisere, prioritere og spore energireducerande tiltak.

Tre anbefalte steg i eiga miljøstyring:

1. Måle eigne utslepp
2. Redusere klimautsleppa så mykje som mogleg ved eigne tiltak
3. Vurdere å nøytralisere gjenverande utslepp ved å kjøpe klimakvoter.

GHG-protokollen er det mest brukte verktøyet innan utrekning av klimagassutslepp, og utgjorde grunnlaget for ISO 14064-I-standarden (2006). Protokollen er eit resultat av eit samarbeid mellom næringsliv, styresmakter og miljøørsla. Rapportering er i tråd med protokollen medfører at klimarekneskapet delast inn i tre nivå (scopes), som består av direkte og indirekte utsleppskjelder:

Scope 1:

Obligatorisk rapportering om inkluderer alle utslippsskjelder knytt til driftsmidler der kommunen har operasjonell kontroll. Dette inkluderer alle bruk av fossilt brensel for stasjonær bruk eller transportbehov.

Scope 2:

Obligatorisk rapportering av indirekte utslipp knytt til innkjøpt energi, elektrisitet og fjernvarme og kjøling. Her blir det totale energibehovet i arealet kommunen brukar inkludert.

Scope 3:

Frivillig rapportering av indirekte utslipp knytt til innkjøpte varer og tenester. Dette er utslipp som indirekte kan knytast til kommunens aktiviteter, men som skjer utanfor eigen kontroll (flyreiser, avfall, logistikk/transport av varer, forbruk av ulike råstoff osv).

Kostnader og krav til medlemskap

Det er ein årleg partnerskapsavgift for Klimapartner på kr. 50 000. Medlemskap i Klimapartner krev også miljøsertifisering av kommunen på sikt, for eksempel gjennom Miljøfyrtårnet eller ISO 14001. Det er ingen krav til tidspunkt for miljøsertifisering, men det er ei forventning at medlemmane gjennomfører dette. Alver kommune er allereie partnarkommune for Miljøfyrtårn. Det vil seie at kommunen kan skrive ut diplom til bedrifter som blir miljøsertifisert som Miljøfyrtårnbedrift, men Alver er ikkje sertifisert som eigen Miljøfyrtårnkommune der ein fører klimarekneskap for eigne, kommunale verksemder.

Kostnader for å bli sertifisert som Miljøfyrtårn for eigne verksemder i kommunen er definert gjennom tal årsverk. For ei verksemd på Alver kommune sin storleik vil kostnad med sertifisering vere kr 129.500. i tillegg kjem årleg servicekostand på kr 86.400. Det er også knytt kostnader til intern opplæring.

Vurdering

Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og andre relevante planar skal Alver kommune legge ambisjonsnivået for klima- og miljøarbeidet. Som eit utgangspunkt for det overordna plan- og strategiarbeidet har kommunen lagt til grunn FN sine berekraftsmål. I tillegg er region Nordhordland definert som eit UNESCO biosfæreområde. Deltaking og medlemskap i Klimapartner Vestland vil bygge opp under dei prinsippa som ligg i FN sine berekraftsmål for ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Klimapartner har ein aktiv avdeling i Vestland og tilbyr aktuelle arrangement, møter og forum. Dei jobbar aktivt med nettverksbygging og engasjerer seg i møter mellom kommune og næringsliv.

Medlemskap i Klimapartner kan vere eit positivt verkemiddel for å fremja kommunen som sitt arbeid med ein aktiv klimapolitikk. Vidare kan medlemskap auka samarbeid mellom andre kommunar og verksemder med felles mål om betre og meir bevisst miljøpolitikk. Medlemskap kan også tenkast å vere eit positivt verkemiddel i konkurranse om å søke på klimamidlar. Andre kommunar i Vestland som har medlemskap hos Klimapartner er mellom anna Bergen, Bjørnafjorden, Samnanger, Stord og Vestland fylkeskommune.

Rådmannen rår til at Alver kommune blir medlem i Klimapartner Vestland. Kostnader til partnerskapsavgift på kr 50.000 blir i 2021 henta frå næringsfondet, det er ikkje sett av midlar i driftsbudsjettet til medlemskapet. Finansiering av medlemskap i 2022 og åra framover blir vurdert i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025. Kostnader til miljøsertifisering må vurderast i samband med økonomiplanprosess 2022 – 2025.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/21	Utval for næringutvikling og drift	10.03.2021
027/21	Alver formannskap	11.03.2021
043/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Samarbeidsavtale Invest in Bergen og Etablerersenteret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 032/21 Vedtak:

Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 027/21 Vedtak:

Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 10. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 11. mars

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 25. mars

Saksopplysningar:

Bakgrunn – kva saka gjeld

Kommunane Lindås, Radøy og Meland har vore med i ein samarbeidsavtale mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune om eit samarbeid om Invest in Bergen (www.investinbergen.no) og Etablerersenteret (www.etablerersenteret.no). Dette var eit fireårig program frå 2017 til 2020, og det har vore eit speiselag mellom fylkeskommunen og kommunane. Vestland fylkeskommune ynskjer å inngå ein ny samarbeidsavtale

med kommunane i fylket for perioden 2021-2024. Vestland fylkeskommune ynskjer i utgangspunktet at ein ny avtaleperiode 2021-2024 skal gjelde både for Etablerersenteret og Invest in Bergen, men det er mogeleg å berre tiltre samarbeidet om eitt av tilboda viss kommunen ynskjer det.

Samarbeidsavtalen skal sikre:

- at dei som ønskjer å etablere ny verksemd eller vidareutvikle ei eksisterande verksemd i dei aktuelle kommunane får tilgang til etablerarkurs og rådgjeving gjennom Etablerersenteret.
- at kommunane og regionane blir involverte i Invest in Bergen sitt arbeid med å få fleire nasjonale og internasjonale verksemdar til å etablere seg i dette området.

Om Etablerersenteret og Invest in Bergen:

- **Etablerersenteret** tilbyr etablerarkurs og rådgjeving til oppstartsbedrifter og entreprenørar i alle kommunane som er med i samarbeidsavtalen. Etablerersenteret arbeider utadretta og samarbeider tett med eksisterande næringsaktørar i kommunane/regionane. Vestland fylkeskommune arbeider no med å utvikle eit heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem for Vestland fylke, som skal sikre lik tilgang til støtte og rettleiing uansett kor i fylket ein bur. Eksisterande aktørar på dette feltet skal etter planen integrerast i ei slik teneste. Etablerersenteret vil då bli integrert i dette nye systemet. Målet er at kvaliteten på tenestene vil bli høgare ved at ein kan trekkje vekslar på ekspertkompetanse på tvers av kommunane og regionane tilpassa behova til den einskilde entreprenøren. I forkant av eit slikt nytt heildekkjande system vil samarbeidsavtalen som kommunane har om Etablerersenteret sine tenester, bli revidert. Ved etablering av eit heilskapleg entreprenørskapsstøttesystem i Vestland fylke, skal Etablerersenteret integrerast i denne ordninga. Etablerersenteret vil likevel halde fram med å ha eige kostnad- og finansieringsbudsjett. Entreprenørskapssystemet skal bla. bestå av eit digitalt system som skal vere «ei dør inn». Målet er å auka kvaliteten på tenestene totalt sett. Alle entreprenørar kan få hjelp uansett kor dei er lokalisert i Vestland fylke.
- **Invest in Bergen** er eit program som har som målsetting å få fleire nasjonale og internasjonale verksemdar til å etablere seg i regionen, samt å koordinere mottak av delegasjonar som kjem til regionen. Programmet har eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen har ei viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar. Invest in Bergen jobbar tett saman med Invest in Norway, ein del av Innovasjon Norge sentralt. Invest in Bergen er ein fasilitator for bedrifter som ikkje kjenner regionen og som treng hjelp til:
 - sjølve etableringa
 - areal – kor er det meste eigna for etablering
 - nettverk
 - investormiljø, lån, finansiering
 - samarbeidspartnarar
 - arbeidskraft og kompetanse
 - fasilitetar i regionen
 - generell kunnskap om Noreg og regionen.

Finansieringsmodell:

- **Invest in Bergen:** Kommunane bidrar med 4 kroner pr innbyggjar i kommunen, rekna pr 01.01. kvart år. Vestland fylkeskommune betaler 4 kroner for tilsvarande folketal som i medlemskommunane. Med 29.224 innbyggjarar betyr dette kr 116.896 for Alver kommune.
- **Etablerersenteret:** Kommunane bidrar med 3 kroner pr innbyggjar i kommunen, rekna pr 01.01. kvart år. Vestland fylkeskommune betaler 3 kroner for tilsvarande folketal som i medlemskommunane. Med 29.224 innbyggjarar betyr dette kr 87.672 for Alver kommune.

Vurdering

Invest in Bergen og Etablerersenteret er sentrale aktørar og verktøy som bidrar i kommunane sitt næringsutviklingsarbeid, der dei rettar seg inn mot ulike målgruppe og behov. Etablerersenteret tilbyr etablerarkurs, kompetanse og rådgjeving til grundarar og dei som ønskjer å etablere og vidareutvikle eiga

verksemd. Rådmannen har inntrykk av at Etablerersenteret har fungert godt etter intensjonen, men ser at det er fornuftig å sjå heilskapleg på entreprenørskapsstøttesystemet, slik at ein kan utnytte ressursane på best mogleg måte og sikre lik tilgang til støtte og rettleiing uansett kor i fylket ein bur. Samarbeidsavtalen om Etablerersenteret vil bli revidert når det nye entreprenørskapsstøttesystemet er klart.

Invest in Bergen skal bidra til at fleire nasjonale og internasjonale verksemder etablerer seg i regionen. For Alver kommune har Invest in Bergen bidratt aktivt med å marknadsføre Mongstad gjennom prosjektet Mongstad industrial Park (MIP), med særleg vekt på å synleggjere tilgang på næringsareal. Invest in Bergen har også vore sentral i arbeidet med å utarbeide prospekt for batterifabrikk. Rådmannen vurderer at Invest in Bergen er ein sentral aktør og viktig samarbeidspart i forhold til å jobbe med innflagging og etablering av verksemder i kommunen, i tillegg til å marknadsføre kommunen og regionen nasjonalt og internasjonalt.

Rådmannen rår til å inngå ny samarbeidsavtale om Etablerersenteret og Invest in Bergen i perioden 2021 – 2024. Totalkostnad for Alver kommune blir kr 204.568 per år. Finansiering av medlemskapet ligg inne i driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

Vedlegg i saken:

03.03.2021	Samarbeidsavtalen_Vestland fylkeskommune_hovuddokument	1520161
03.03.2021	entreprenørskap_støttesystem	1520166
03.03.2021	Invest in Bergen_presentasjon ND nov 2020	1520167
03.03.2021	Samarbeidsavtale 2021 - 2024 - Invest in Bergen og Etablerersenteret	1520173
03.03.2021	årsmelding 2019	1520174
03.03.2021	status	1520175

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/21	Alver formannskap	11.03.2021
044/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

DigiVestland – samarbeid om digitalisering i Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det er lagt fram i saka.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 032/21 innstilling:

Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysninger:

Bakgrunn – kva gjeld saka?

Saka gjeld samarbeid om digitalisering i Vestland, DigiVestland. Framlegg til avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid er sendt til handsaming i alle kommunar i Vestland. Den er vedlagt. Denne saka omtalar bakgrunn for, innhald i og avtala om digitaliseringssamarbeid.

Digitaliseringsarbeidet i kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder skal i tida framover legge grunnlaget for utvikling av samanhengande tenester til innbyggjarar, frivillige organisasjonar og næringsliv. Dette krev samordning og samarbeid på nye og forpliktande måtar. Den nasjonale digitaliseringsstrategien «En digital offentleg sektor» adresserer behovet for forsterka innsats på digitaliseringsområdet.

På KS sitt Landsting i februar 2021 gav kommunane og fylka KS eit sterkare mandat til å samordne og sikre auka gjennomføringskraft på digitaliseringsområdet i kommunal sektor. Eit av dei sentrale tiltaka som er peika på som viktig for å oppnå dette, er styrking og etablering av regionale digitaliseringsnettverk.

Opphavet til initiativet om digitaliseringssamarbeid i Vestland, DigiVestland, er «samordnet regional digitalisering Hordaland», seinare DigiHordaland. Samarbeidet vart etablert mars 2018 mellom nokre kommunar i Hordaland. Seinare blei det utvida til å omfatte alle kommunane i Hordaland. I 2020 blei namnet endra til DigiVestland. Samtidig blei det søkt om eit samarbeid mellom alle dei 43 kommunane i fylket. Fylkesmannen har støtta dette initiativet med skjønnsmidlar i 2018, 2019 og 2020.

Bergen kommune var initiativtakar til og ansvarleg for tilrettelegging av felles sekretariat/prosjektkontor for DigiHordaland. Denne rolla er tenkt vidareført i DigiVestland. Bergen kommune har dei seinare åra investert mykje i digitaliseringsarbeid og er sett på som langt framme på området. Bergen er også sterkt representert og lytta til på nasjonale arenaer i KS sin samstyringsstruktur, gjennom deltaking i KommIT-rådet, Digitaliseringsutvalet, ulike fagråd og prosjekt. Samarbeid om digitalisering med andre kommunar er med på å gi Bergen legitimitet i denne rolla, samt at deltakande kommunar får auka sine moglegheiter til å påverke nasjonale prosessar.

Digitaliseringssamarbeidet blir leia av ei styringsgruppe samansett av kommunedirektørar frå deltakarkommunane. Digitaliseringsdirektør i Bergen er leiar av styringsgruppa. I samband med utviding av samarbeidet til heile Vestland, har styringsgruppa vore supplert med to kommunedirektørar frå tidlegare Sogn og Fjordane. Desse har delteke som observatørar og gitt innspel i arbeidet med å utvide samarbeidet til heile Vestland.

Styringsgruppa har over tid jobba for å arbeide fram eit grunnlag for regionalt samarbeid om digitalisering i heile Vestland. Våren 2020 har ein utarbeida ein samarbeidsavtale og modell for finansiering av samarbeidet i Vestland, vedlagt. Styringsgruppa sender no avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, til handsaming i kommunane i Vestland. Kommunane er bedne om å ta stilling til avtala hausten/vinteren 2020. Det vil bli gjennomført ein signeringskonferanse og avspark for samarbeidet tidleg i 2021.

Saka har vore handsama i KS Vestland sitt Kommunedirektørutval og Fylkesstyre, som gjorde følgjande vedtak i sitt møte 14.09.2020:

«Fylkesstyret/Kommunedirektørutvalet oppmodar kommunane i Vestland om å slutte seg til samarbeidet om digitalisering i DigiVestland.»

Innhald i digitaliseringssamarbeidet

DigiVestland skal setje kommunane i stand til å handtere og dra nytte av den digitale utviklinga. Gjennom felles koordinering og innføring av nasjonale løysingar, skal løysingane raskt og effektivt kunne takast i bruk og gje gevinstar. Samarbeidet vil være bindeledd mellom den enkelte kommune og den nasjonale styringsstrukturen på digitaliseringsområdet.

Samarbeidet skal bidra til å forenkle informasjonsflyt mellom kommunanes eigne løysingar og fellesløysingar som følg av nasjonale statlege og kommunale tiltak. Kollektiv læring, erfaringsutveksling og felles infrastruktur er med på å forsterke og forenkle innsatsen på digitaliseringsområdet. Det er i tillegg viktige faktorar for å hindre digitalt klasseskilje mellom kommunar.

DigiVestland samarbeidet skal sikre kommunane:

- Deltaking på felles faglege arenaer
- Tilgang til felles ressursar
- Oppdatert innsikt og kunnskap frå nasjonale arenaer
- Auka moglegheit til å påverke nasjonale prosessar og i nasjonale arenaer
- Innføring av standardiserte løysingar og tenesteprosessar på sentrale områder
- Koordinert mottak av statlege og felleskommunale prosjekter
- Koordinerte regionale anskaffingar
- Eit felles kompetansmiljø på digitaliseringsområdet som vil auke moglegheita for å gjennomføre felles tiltak og være en arena å møte nasjonale initiativ

Sjå vedlagte presentasjon av DigiVestland for utfyllande informasjon om innsatsområde og organisering.

Økonomiske konsekvensar

Fram til no har DigiVestland vore finansiert delvis gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland og delvis med bidrag frå nokre få enkeltkommunar. Styringsgruppa legg til grunn at eit fylkesdekkande samarbeid må være like forpliktande for alle partar. Frå 2021 er det ikkje forventa tilsvarande skjønnsmidlar frå Fylkesmannen, då samarbeidet må reknast som etablert. Desse føresetnadane dannar grunnlag for finansieringsmodellen som er lagt ved saka.

Finansieringsmodellen forutsett at grunnfinansieringa som skal dekke drift av samarbeidet sitt sekretariat og

leiing av regionale prosjekt, vert dekkja av bidrag frå deltakarkommunane basert på eit fast grunnbeløp og innbyggartal. Innanfor ei maksimumsgrense på 500 000kr. Det totale finansieringsbehovet for samarbeidet er 19,47 millionar kroner. Bergen kommune dekker 9,1 millionar av dette behovet, mellom anna gjennom ressursbruk til deltaking i nasjonal styringsstruktur og kontinuerleg pågåande prosjekt.

For Alver kommune vil finansieringsmodellen innebere eit økonomisk bidrag på 500.000 kroner.

Vurdering

Trygge, gode, og effektive digitale løysingar skal gje innbyggjarar og næringsliv heilskaplege tenester. KS er gitt eit mandat om å samle kommunesektoren i digitaliseringsarbeidet og fremje våre interesser i dette arbeidet. KS Landsting peikar på regionale nettverk av kommunar innan digitaliseringsområdet som eit viktig reiskap for å oppnå dette.

Gjennom den nasjonale samstyringsstrukturen definerer ein kommunesektorens behov. Mange av desse behova resultera i nasjonale prosjekt og digitale fellesløysingar som kjem attende til kommunane. Å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å ta i mot desse løysingane er vanskeleg for den enkelte kommune aleine. Samarbeid er nøkkelen til å oppnå tilstrekkeleg gjennomføringskraft regionalt og lokalt i digitaliseringsarbeidet. Samarbeid er også viktig for å oppnå ei tydeleg stemme i den nasjonale samstyringsstrukturen, og på den måte være med å definere behov og påverke utforming av fellesløysingar.

Rådmannen si tilråding

Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det blir lagt fram i saka.

Vedlegg i saken:

04.03.2021	PresentasjonDigiVestland mAvtale	1520022
03.03.2021	Kopi av DigiVestland Beregningsmodell Grunnfinansiering2021	1520021
04.03.2021	Samarbeidsavtale-DigiVestland	1520023

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Alver formannskap	11.03.2021
045/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Stillingsstopp

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret i sak 127/20 og avsluttar med dette stillingsstoppen.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å følge opp ledige stillingar som omtala i saksutgreiinga.

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Stillingsstopp videreføres til en ser effekten i regnskapet første tertial.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster.

FO- 033/21 innstilling:

1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret i sak 127/20 og avsluttar med dette stillingsstoppen.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å følge opp ledige stillingar som omtala i saksutgreiinga.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Formannskapet gjorde i møte 24.09.20 i sak 88/20 følgjande vedtak:

«Som eitt av tiltaka vil formannskapet be kommunestyret innføre stillingsstopp i administrative stillingar med umiddelbar verknad. Stillingsstoppen skal ikkje råke stillingar som er direkte knytt til tenestemottakar. Vi ber rådmannen i samarbeid med administrasjonsutvalet konkretisere korleis dette skal gjennomførast.»

Dette ble følgt opp av følgjande vedtak i kommunestyremøte 29.10.21 i sak 127/20:

1. «Kommunestyret viser til vedtak i Formannskapet i sak 88/20, og innfører stillingsstopp i administrative stillingar med umiddelbar verknad, fram til og med kommunestyremøtet i februar 2021. Rådmannen vil då legge fram ei ny vurdering basert på erfaringane så langt og innhaldet i kommunestyret sitt endelege vedtak av årsbudsjett og økonomiplan i møte 17. desember 2020.
2. Rådmannen handterer stillingsstoppen i tett dialog med politisk leiing mellom møta i formannskapet og med rapportering til formannskapet i kvart møte.
3. Stillingsstoppen gjeld stillingar som på kort sikt ikkje har konsekvensar for tenesteytinga mot

innbyggerane.»

Saksutgreiing

Handtering av ein stillingsstopp

Ein kan sjå nytten av ein stillingsstopp i samband med økonomiplanarbeidet for 2021 – 2024. Kommunestyret kunne risikert at det vart tilsett i faste stillingar som et var budsjettdekning for hausten 2020, men ikkje etter ny økonomiplan. I økonomiplan for 2021 – 2024 er krava til nedbemanning i heile perioden tydeleg kommunisert frå kommunestyret.

Det er likevel prinsipielt krevjande om det er kommunestyret eller eit politisk utval som direkte skal styre kva stillingar det skal tilsetjast i og ikkje. Rådmannen er til ein kvar tid ansvarleg for å sikre at kommunen leverer tenester innanfor gjeldande lover å forskrifter. Dette ansvaret heng saman med mynde til å justere organisasjonen til dei behov og rettar som brukarane til ein kvar tid har.

Proessen knytt til tilsettingar vil kunne bli utsett og ein vil måtte innføre ein tidkrevjande sakshandsaming.

Erfaringar

Det har vært ein god dialog med formannskap og politisk leiing undervegs frå stillingsstoppen vart innført. Stillingsstoppen har ført til at ein no har noko færre tilsette enn før stillingsstoppen. Administrativt var det fleire stillingar der utlysingar var stoppa før stillingsstoppen vart vedteken.

Stillingsstoppen har skapt uvisse i organisasjonen rundt tilsettingar. Det har vert vanskeleg å gi nøyaktig definisjon på kva stillingar som skal tilsetjast i og kva stillingar som kan utsettast/ikkje tilsetjast i. Dette har ført til at stillingar som burde vert lyst ut med ein gong har stått på vent i påvente av avklaringar. Dette har ført til manglande kapasitet i periodar på fleire område.

Økonomiplan

Tal stillingar til leiing og administrasjon er vesentleg redusert frå situasjonen i dei tre gamle kommunane. Dette vil bli ytterlegare redusert gjennom vedteken økonomiplan. Rammene for organisasjonen som er gitt gjennom økonomiplanen er tydeleg. Oppfølginga av økonomiplanen vil bli unødig komplisert av ein stillingsstopp.

Vidare oppfølging av økonomiplan og ledige stillingar

Rådmannen vil følge tett opp tiltaka i økonomiplanen og rapportere til formannskapet i alle møter om status. Dette inkluderer tiltak og status knytt til bemanning.

Sjølv om stillingsstoppen vert oppheva vil det bli gjort en evaluering av ledige stillingar. Då vert mellom anna innhald i stillinga og kompetansekrav vurdert. Ein ser om oppgåvene kan løysast på andre måtar eller om oppgåve kan fordelast på andre. Dette skjer uavhengig av budsjetttrammene for området stillinga tilhøyrer.

Om nokon sluttar i stillingar i avdelingar der det ligg nedtrekk i økonomiplanen på eit seinare tidspunkt, vil det bli sterkt vurdert å framskande nedtrekket.

Vurdering

Rådmannen meiner at stillingsstoppen har gitt kommunestyret det tryggleiken kommunestyret ønskte å ha i høve å unngå å tilsette fast i stillingar med budsjettdekning i 2020, men ikkje i 2021.

Ein stillingsstopp er krevjande å handtere. Rammene i økonomiplanen er tydelege. Intensjonen bak stillingsstoppen vil bli oppnådd gjennom tett administrativ oppfølging og tett dialog mellom rådmann og formannskap.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/21	Valstyret	18.03.2021
046/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Storings- og sametingsvalet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Storingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13.september 2021.

Vallokala held ope frå kl. 12:00 – 20:00

Valstyret 18.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VAL- 002/21 innstilling:

Storingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13.september 2021.

Vallokala held ope frå kl. 12:00 – 20:00

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valstyret

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Valdagen for storings- og sametingstingsvalet 2021 er fastsett til 13.september.

Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val og sundag før den offisielle valdagen.

Saksopplysningar:

Det er ikkje avvikla val over to-dager i Alver eller tidlegare Radøy, Meland og Lindås kommune.

KMD har kome med framlegg om nokre endringar i vallova og kommunelova som følgje av covid-19. Storingsvalet skal gjennomførast på fastsett dag og under eventuelt lokalt smitteutbrot.

Ei av endingane i framlegget er at kommunen kan velja røystelokale som er meir eigna, storleik mm, sjølv om dei ikkje ligg i krinsen.

Kommunen kan rå til/informera om førehandsrøysting, då kan veljarane røysta når dei ynskjer og treng ikkje vera redd for evt.smitteutbrot eller at veljaren er i karantene eller isolasjon på valdagen.

Førehandsrøystinga har auka dei siste vala og ved god tilrettelegging og informasjon om dette kan det ta noko av «trykket» på valdagen.

Vedlegg i saken:

11.02.2021 Stortingsvalget og sametingsvalget 2021 - fastsetting av 1510717
valgdag

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Valstyret	18.03.2021
047/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Delegering av mynde i samband med stortings- og sametingsvalet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegering av mynde frå kommunestyret til valstyret vert vedteke som det ligg føre i saka.

Valstyret 18.03.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VAL- 003/21 innstilling:

Delegering av mynde frå kommunestyret til valstyret vert vedteke som det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valstyret

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Politisk styringsstruktur og reglement er vedteke i kommunestyret. Formannskapet er valstyre etter vallova § 4-1.

Saksopplysninger:

Valstyret har det overordna ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av stortings- og sametingsvalet.

Valstyret oppgaver og ansvar:

- Legg ut manntal til offentleg ettersyn
- Føringar og rettingar i manntal
- Vedtek røystekrinsane i kommunen
- Oppnemner røystestyra i krinsane
- Vedtek tid og stad for førehandsrøysting og valting
- Oppnemner røystemottakarar til førehandsrøystinga
- Prøving og godkjenning av røyser
- Handsama klager på valgjenomføringa

Valstyret gjer innstilling til kommunestyret i følgjande saker:

- Fastsetjing av valdag/er

Valstyret kan, i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, delegere mynde til rådmann.

Rådmann får mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Melding/orientering til kommunestyret 25.03.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Meldingar/orienteringar:

- Årsrapport frå Aufera (sjå vedlegg)
- Oversending av vedtak frå Austrheim kommune (sjå vedlegg)

Vedlegg i saken:

18.03.2020	Årsrapport 2020	1364686
16.03.2021	Oversending av vedtak - elevar frå Åsheim skulekrins som går på skule i Austrheim	1528345

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 17.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
049/21	Alver kommunestyre	25.03.2021

Spørsmål/interpellasjon til kommunestyret 25.03.2021

Vedlegg i saken:

17.02.2021	Interpellasjon til kommunestyret 25.03.2021	1513739
18.03.2021	Spørsmål om forsøpling av bustadområde N.M.Aadland-H	1530306
18.03.2021	Interpellasjon N.Øvreås	1530307
18.03.2021	Interpellasjon H.Breivik-uavh.	1530309
18.03.2021	Sletting av bompengegjeld Vossapakko vedlegg interpellasjon H.Breivik	1530310

Interpellasjon

Avgifter på privat renseanlegg

Når man bygger utenfor det offentlige avløpsnett, blir man pålagt å installere minirensanlegg. Det er bra i seg selv, men det koster. Vi vet at Alver kommune ikke har et fullbyrdet tilbud til alle våre innbyggere når det gjelder vann og kloakk.

Når en installerer minirensanlegg, må en inngå en årlig serviceavtale med leverandør til kostnad på kr 1850.

Kommunen pålegger at en selv må sørge for å bestille og betale for tømning av anlegget hvert år. Dette koster kr 4750. I gebyrregulativet til Alver som ble vedtatt 03.12.20, står det følgende at «Gebyr for minirensanlegg er 485kr per kubikk som har trong for tømning kvart år»

Svaret fra Alver kommune og NGIR er at privat minirensanlegg ikke er med i ordningen. Det mangler en forskrift, og hvilken forskrift er det ordfører?

Det virker helt urimelig at de som har investert i dyrt anlegg og forurensere mindre, må betale 6600 kr pr år for å holde Minirensanlegget. Dette er en merkostnad på kr 4620 pr år enn de som har en septiktank.

Ønsker svar på følgende spørsmål

1. Hvilken forskrift mangler vi slik at innbyggeren med minirensanlegg kan komme med i en kommunal ordning med tømning hvert år?
2. Hvorfor skal det koste mer for å tømme deres tank enn en septiktank?

Spørsmål om forsøpling av bustadområde

I kommunestyret 25.06.20 stilte underteikna spørsmål om korleis Alver kommune følgjer opp forsøpling av bustadområde. Dette gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilvrak ståande på si tomt overlang tid, opp til fleire år.

Til dette svara ordførar mellom anna at *«avdeling for Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydning, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydning ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den fristen som er satt i vedtaket».*

Svaret var etter mi meining positivt, men eg er kjent med at det i nokre tilfelle er gitt pålegg om opprydning, utan at dette har ført til at bilvrak er fjerna fleire månader etter fristen som er satt i vedtaket.

Spørsmålet mitt blir då; Korleis vil Alver kommune handtere denne type situasjonar?

Frekhaug 09.03.21

Nils Marton Aadland (H)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Nina Stabell Øvreås <nina.ovreas@alver.kommune.no>

Sendt: søndag 7. mars 2021 18:16

Til: Sara Sekkingstad <sara.sekkingstad@alver.kommune.no>

Emne: interpellasjon

Overskrift:

Har Alver kommune en god rutine for årlig tilstandsrapportering om barnevern?

Bakgrunn:

Det har kommet endringer i barnevernloven som nå innehar et krav om at kommunestyret årlig skal motta en tilstandsrapportering. Dette trådte i kraft 1. januar i år (2021).

En slik tilstandsrapportering kan styrke barnevernet og gjøre at både administrasjonen og politiske organ får mer bevissthet rundt barnevernet.

Det er veldig positivt at kommunene nå får et krav på seg til å levere en årlig tilstandsrapportering. Vi vet at oppfølging av barnevernet kan være vanskelig å prioritere. Men dette må tas alvorlig. Rapportering vil forhåpentligvis sørger for at et bedre barnevern, også i vår kommune.

Det er viktig at rapportene kommunestyret får fremlagt er nyttige. Det bør derfor stilles krav til rapportens krav og innhold, slik at ikke rapportene blir utformet på en måte som unnlater viktig informasjon om hvordan det ligger an med barnevernet i kommunen. Rådmann bør kontakte de kommuner som ansees å være gode på rapportering, slik at våre rapporter blir så gode som mulig. Vi bør ha som ambisjon å være blant de aller flinkeste i landet på barnevern, og god rapportering er et godt verktøy for å oppnå dette.

Det siste året har, på mange måter, vært et annerledes år. Mange har hjemmekontor, andre blir permittert eller mister jobber, og en del elever opplever mye hjemmeskole. I slike tider er det ekstra risiko for utsatte og sårbare barn og unge. Derfor er det spesielt viktig at vi har et velfungerende barnevern.

1. Vil Ordfører legger frem sak, snarest mulig, med utgreiing om hvordan den årlige tilstandsrapporteringen kan gjøres best mulig?
2. Vil det legges plan på hvordan rapporteringen kan forbedres årlig ?

Ber om at ordfører gi en særskilt rapportering på hvordan det har vært jobbet med sårbare barn (herunder også barnevern) hittil i pandemien og veien videre frem mot gjenåpning av samfunnet.

med vennlig hilsen
Nina Stabell Øvreås
mobil 92257796

Interpellasjon

Ordføreren i Voss herad sendte i september 2020 et brev til samferdselsdepartementet som belyser negative konsekvenser av bompengepakken på Voss sett i sammenheng med kommunesammenslåingen med Granvin, se vedlagte brev. De ber om at regjeringen sletter gjenstående bompengegjeld på ca. 200 mill. kroner.

NRK forteller at Samferdselsminister Knut Arild Hareide (KrF) mener ordføreren i Voss herad har flere gode poenger. Hareide sier blant annet:

– Vi er positive til bompengeprojekt, men ikke den typen prosjekt som splitter en kommune på denne måten.

Hareide mener at det er et viktig prinsipp at man skal kunne reise innad i en kommune uten å betale bompenger.

– Vi har bomprosjekt som bryter med det, men her har det vært en spesiell situasjon etter sammenslåingen. Da er det er grunner til å se på det.

Alver er i en tilsvarende situasjon, der innbyggere fra alle de tre kommunene nå må betale bompenger for å kjøre innad i nye Alver kommune, bl.a. til –og fra kommunesenteret i Knarvik. Dette var aldri et tema i debatten da bompengepakken ble vedtatt, spesielt ikke i kommunestyrene til tidligere Meland- og tidligere Radøy kommune. Dette fordi kommunesammenslåingen på dette tidspunktet ikke var lansert. Nå har også vi i Alver gjort som staten har bedt om ved å slå sammen kommunene. Mange av servicetilbudene har med dette blitt flyttet til Knarvik. Nå er det på sin plass at staten også tar ansvar for konsekvensene av dette. Vi må heller ikke glemme at innbyggerne i vår region har bidratt med en betydelig bompengesum for staten sin kyststamvei og europavei over fjorden, -E39 Nordhordlandsbroen, og har med dette betalt bompenger siden 1950-tallet for å avløse den mest trafikkerte fergestrekningen i et av verdens rikeste land.

Uavhengig gruppe/Folkepartiet Alver mener det vil være dumt av Alver å ikke kaste seg på ballen og kreve samme løsning også for Alver.

Vi ønsker å sende et tydelig signal til samferdselsdepartementet på vegne av våre innbyggere. For å få tyngde bak dette, håper vi derfor at et samlet kommunestyre, ved ordfører, sender et tilsvarende brev som klart og tydelig gjengir ovennevnte argumentasjon, med et krav om å slette gjenstående gjeld –og dekke fremtidig bompengandelen som følge av ulempene kommunesammenslåingen har medført.

Harald Breivik

Uavhengig gruppe.



Samferdselsdepartementet

Dato: 15.09.2020
Vår ref.: 20/00454-42

Sletting av bompenggegjeld Vossapakko

Sletting av bompenggegjeld Vossapakko etter kommunesamanslåing

1.januar 2020 såg Voss herad dagens ljøs etter at Voss kommune og Granvin herad vart slått saman. Voss herad strekkjer seg no frå Bolstadfjorden i Vest til Hardangerfjorden i aust.

Eit viktig prinsipp i samband med etablering av Vossapakko, var at ein skulle kunne reisa utan å betala bompengar innan kommunegrensene. Dette vart oppnådd, og det vart sett opp bomstasjon ved grensa til Vaksdal kommune og grensa til Granvin herad.

Når no Granvin og Voss er blitt eitt, er situasjonen endra for alle innbyggjarane i Granvin. Dei må no til Voss for å koma til kommunesenteret, og dermed er det eit brot på prinsippet som vart etablert då Vossapakko i si tid vart vedteke av Stortinget.

Vidare er det slik at å flytta bomstasjonen til dei nye kommunegrensene både vil medføra nye kostnader for våre naboar som allereie har bompengar gjennom Kvammapakko og Hardangerbrua og flyttekostnader.

På grunnlag av dette, og sidan Regjeringa ved fleire høve har avslutta bompenggeinnskrevjing ved andre prosjekt, ber me om at det same vert gjort for Vossapakko. Voss og Granvin har gjort som Regjeringa ynskjer, nemleg gått saman og etablert ein større kommune. Regjeringa på si side kan ved å sletta resten av bompengane som skal krevjast inn i Vossapakko, gjera sitt til at Voss herad fungerer som ein kommune.

Prosjektet har i dag att ca 200 millionar i gjeld etter fråtrekk av kontantinnskot, og er forventa nedbetalt i 2022/23.

Med vennleg helsing
Hans-Erik Ringkjøb
Ordførar
Tlf: 97138720

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur